

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Bjørnafjorden Arbeiderparti	1	Vestland Ap slår ring om dagens sjukelønnsordning.		Arbeidsspolitikk	Vedtas, oversendes landsmøtet	
Kvam Arbeiderparti	2	Det bør innføres eit garantert minimumsgrunnlag for fødselspengar (foreldrepengar) på minst 3,5 G (f.t 434.000 kr).	Noreg har ein av verdas beste ordningar for ytingar ved fødsel. Desse ordningane føreset yrkesdeltaking, og foreldrepengane aukar di høgare inntekt foreldra har. Inntekt inntil 6 G går inn i utrekningssgrunnlaget. Me ser at gjennomsnittsalderen for fyrstegangsfødande kvinner no ligg over 30 år. Di høgare alder på fyrstegangsfødande, di færre born er det truleg vert fødd. Sidan dei beste økonomiske ytingane er knytte til yrkesaktivitet, motiverer det til å venta med å få born til ein er ferdig utdanna og i tillegg har vore i arbeid ei tid. Då stig alderen på dei fyrstegangsfødande, og det er truleg at familiane dermed får færre born totalt. Å fjerna kravet til yrkesaktivitet og garantera ein minstesats som er til å leva av, vil kunne ta vekk eit viktig hinder for å få born tidlegare, t.d. medan ein er under utdanning. Ei slik støtte vil erstatta dagens garanterte eingongsstønad ved fødsel, og kan i tillegg finansierast ved å fjerna kontantstøtteordninga heilt. Føresetnaden er at reglar om fedrekvote og andre reglar gjeld også ved dette garanterte minstegrunnlaget. Det kan også vurderast å setja ei øvre aldersgrense på rett til å koma inn under ordninga.	Arbeidsspolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Kvam Arbeiderparti	3	Opplæringsforskrifta og/eller rundskrivet til kunnskapsdepartementet må endrast slik at det går klart fram at arbeid i ungdomsråd ikkje skal førast som fråver – korkje i grunnskulen eller i vidaregåande skule.	Ungdomsråda er ein svært viktig politisk arena. I dag er det ulik praksis rundt om i landet kor vidt arbeid i ungdomsråd vert ført som fråver. Dette er ikkje akseptabelt. Vert slikt arbeid ført som fråver, vil det kunne gå ut over rekrutteringa til ungdomsråda. Dette svekkar lokaldemokratiet, og kan føra til lågare politisk engasjement i den aktuelle aldersgruppa.	Arbeidsspolitikk	Vedtas, oversendes politisk ledelse i dep.	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Kvinnherad Arbeiderparti	4	Sjukefråveret må ned! Forslag til vedtak: Kvinnherad arbeidsparti vil: -Åuka eigemeldingsdagane i løpet av eit år -Ha tettare oppfølging av sjukefråvær frå arbeidsgjevarsida.	Grunngjeving Sjukefråveret i Noreg er alt for høgt. For å få sjukefråveret ned må ein gjera fleire grep og ein må sjå kor skoen trykker. I 3. kvartal for 2024 var sjukefråveret på 7,19 %. Det eigenmeldte fråveret var på 1,16 %. Det legemeldte fråveret utgjer den desidert største delen med sine 7,02 %. I Mandal var det eit eigenmeldingsprosjekt i der dei tilsette hadde 365 dagar med eigenmelding, resultatet var at sjukefråveret gjekk ned 16 % og dei tilsette var veldig nøgd. Prosjektet varte i fleire år og gjaldt heile kommunen. Resultatet viste at sjukefråveret gjekk ned var tettare oppfølging, og at ein gjekk på jobb tidlegare enn det ein ville dersom ein fekk t.d. ein to-vekers sjukemelding. Ved å auka eigenmeldingsdagane vil ein redusera belastninga på primærhelsetenesta. Primærhelsetenesta må og oppmoda arbeidstakarar om å nytta seg av eigenmelding i staden for sjukemelding. For å auka eigenmeldingsdagane må arbeidstakar blir følgd opp av arbeidsgjevar. Arbeidsgjevar må bli betre på å tilretteleggja, då kjem ein raskare tilbake i arbeid. Mykje av sjukefråveret no skyldast at arbeidsgjevar ikkje kan eller nyttar tid på tilretteleggja for dei tilsette, ved å nytta meir tid på å tilretteleggja vil ein førebyggja helseplager, redusera fråvær og gjera seg til ein meir attraktiv arbeidsplass. Dette er eit tiltak me i Kvinnherad Arbeidsparti har stor tru på. Me vil ikkje endra sjukelønnsordninga. Arbeidarar skal ikkje vera i tvil om at arbeidspartiet er for arbeidarane og me ønsker at ein skal ha det best mogleg på jobb og vera flest mogleg på jobb. Det får me ikkje ved å tulla med sjukelønnsordninga.	Arbeidsspolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Kvinnherad Arbeiderparti	5	Rettar for pensjonert helsepersonell Det må snarast råd iverksettes sterkere tiltak for å bøte på den alvorlige mangelen på helsepersonell både i spesialisthelsetjenesten og i kommunehelsetjenesten.	Under pandemien gjorde staten unntak fra pensjonsbestemmelsene og lot da pensjonerte helsepersonell jobbe så mye de kunne/ønsket uten at det gikk utover pensjonen deres og med samme lønnsbetingelser som «vanlig» helsepersonell. Denne ordningen varte over ett år. Sett i lys av mangelen på kvalifisert helsepersonell i dag og den mangelen som kommer til å være i årene som kommer, vil Arbeiderpartiet at pensjonerte helsepersonell som kan bidra til å redusere belastningen på nåværende helsepersonell skal kunne jobbe i offentlig helsesektor uten at dette får konsekvenser for deres pensjon og til samme lønn som «vanlige» helsepersonell med samme kompetanse. Dette gjelder sykepleier/helsefagarbeidere med mer. Per i dag går helsepersonell av med pensjon og jobber i privat sektor, da dette ikke gir konsekvenser for deres pensjon. Eksempel er en helsefagarbeider som har nådd pensjonsalder og går av med pensjon. Vedkommende kunne tenke seg å jobbe ekstravakter i det offentlige helsevesenet, men får da dårligere betalt - pensjonist lønn, begrenset til 245kr timen + tillegg. Dersom han/hun jobber i privat virksomhet får vedkommende full lønn.	Arbeidsspolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Tysnes Arbeiderparti	6	Dersom ein skal lukkast med integrering og inkluderingstiltak, samt ta i bruk den restarbeidsevna som finst i samfunnet, må dei lokale NAV-kontor vere nettopp det; eit nav i dette arbeidet. Vestland arbeidarparti vil sikre statleg nærvær i alle landets kommunar.	Små kommunar står i fare for å miste statlege tilsette på dei lokale NAV-kontora. I 2016 falt minstekontorgarantien i NAV bort. Fram til då var det gitt ein garanti frå staten på at ingen kontor skulle ha færre enn tre statlege tilsette. No vil NAV i størst mogleg grad inngå vertskommunesamarbeid, der nedlegging av statlege arbeidsplassar på lokale kontor er ein av konsekvensane. Om vi skal få fleire i jobb, arbeide for å inkludere dei som fell utanfor og ha tettare oppfølging av personar for å få personar ut av utanforskap og inn i jobb, nyttar det ikkje å ha NAV-kontor som er langt borte. Kjennskap til både personar og bedrifter i nærmiljøet er i vesentleg faktor i det å lukkast i dette arbeidet. Dårleg utbygd transportsystem vil også vere ei stor hindring for mange, dersom dei må reise langt for å treffe NAV. Partnarskapet mellom stat og kommune kan ikkje baserast på at NAV ønskjer ei sentralisering av sine tilsette, men på dei reelle behova i kommunane.	Arbeidsspolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Ullensvang Arbeiderparti	7	En forsterket arbeidslinje — flere i jobb og færre på trygd •Det må etableres 1000 nye tilrettelagte jobber hvert år •Arbeidsforberedende trening (AFT) må ikke settes ut på anbud	Skal Norge få 150 000 flere i arbeid, må vi mobilisere alle gode krefter og bruke inkluderingskompetansen som finnes i hele Norge. Arbeidsforberedende trening (AFT) hjelper mange i arbeid. Tiltaket har en særstilling i arbeidsmarkedspolitikken, av gode grunner, gjennom forhåndstildeling til virksomheter med særlig kompetanse på arbeidstakere som trenger mye støtte for å få jobb. Offentlige anskaffelser skal fremme effektiv ressursbruk. Det er ikke effektiv bruk av knappe, forhåndsgodkjente inkluderingsressurser å sette AFT ut på anbud slik som det åpnes opp for i Stortingsmelding 33 (2023-24)	Arbeidsspolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Ullensvang Arbeiderparti	8	Det bør innføres eit garantert minimumsgrunnlag for fødselspengar (foreldrepenget) på minst 3,5 G (f.t 434.000 kr).	Noreg har ein av verdas beste ordningar for ytingar ved fødsel. Desse ordningane føreset yrkesdeltaking, og foreldrepengane aukar di høgare inntekt foreldra har. Inntekt inntil 6 G går inn i utrekningssgrunnlaget. Me ser at gjennomsnittsalderen for fyrstegangsfødande kvinner no ligg over 30 år. Di høgare alder på fyrstegangsfødande, di færre born er det truleg vert fødd. Sidan dei beste økonomiske ytingane er knytte til yrkesaktivitet, motiverer det til å venta med å få born til ein er ferdig utdanna og i tillegg har vore i arbeid ei tid. Då stig alderen på dei fyrstegangsfødande, og det er truleg at familiane dermed får færre born totalt. Å fjerna kravet til yrkesaktivitet og garantera ein minstesats som er til å leva av, vil kunne ta vekk eit viktig hinder for å få born tidlegare, t.d. medan ein er under utdanning. Ei slik støtte vil erstatta dagens garanterte eingongsstønad ved fødsel, og kan i tillegg finansierast ved å fjerna kontantstøtteordninga heilt. Føresetnaden er at reglar om fedrekvote og andre reglar gjeld også ved dette garanterte minstegrunnlaget. Det kan også vurderast å setja ei øvre aldersgrense på rett til å koma inn under ordninga.	Arbeidsspolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Vestland AUF	9	Riktige arbeidsklede på jobb For å kunne arbeide effektivt og i gode omstender treng ein klede som er tilpassa jobben ein skal gjere. Dette innebærer at det er varme klede til vinteren og luftige klede til varme sommardagar. Desse arbeidsklede skal også være tilpassa dei tilsette. Dette innebærer størrelsar, kjønn og kroppsfasong. Slike arbeidsklede skal også være gratis. Dei tilsette er ansatt for å gjere ein jobb. Då må arbeidsgjevar leggje til rette for gode arbeidsvilkår, og eit trygt og godt arbeidsmiljø. Vestland Arbeiderparti vil: • innføre krav om gratis arbeidsklede på alle arbeidsplassar som ein del av arbeidsmiljøloven • at arbeidsklede som blir tilbydd av arbeidsgivar er berekna på det arbeidet som skal gjerast, og alle andre faktorar som innspeler • at arbeidsklede tilbydd av arbeidsgivar skal være tilpassa kjønn,		Arbeidsspolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Vestland AUF	10	Ein likestilt arbeidsplass Mange opplever i dag at arbeidsplassen deira ikkje er tilpassa dei. Dette skjer i både manns- og kvinnedominerte yrker. På nokre arbeidsplassar der eit kjønn er i minoritet, får arbeidstakarar mindre prioritet i forhold til f. eks garderobar og liknande fasilitetar. I Noreg er ein likeverdige. Det gjeld også på arbeidsplassen. Arbeidarpartiet meiner det er urettferdig at på nokre industriarbeidsplass, at menn får store garderobefasilitetar medan dei kvinnene som jobbar der, må nøye seg med avsidesliggjande rom som ikkje er berekna til garderobar. Me meiner at ein ikkje skal stå igjen med ulemper og utanforskap grunna kva kjønn ein har og kva ein vel å jobbe med. Difor er det svært viktig at dei som arbeider i eit yrke med motsett kjønn som dominerar, skal ha tilgang på eit nettverk. Då må det også opprettast nettverk for dei i kvinne- og mannsdominerte yrker, for å skape eit felleskap og for å styrke sjølvttilliten og motivasjonen i yrket ein har. Desse nettverka er også svært viktige for å dele erfaringar for å takle ulike utfordringar på arbeidsplassen som er vanskeleg å løyse opp i når ein står åleine. Ap skal stå fremst i kampen for felleskapet, og me skal aldri la nokon stå åleine i kampen.	Vestland Arbeiderparti vil: at det lages nettverk for kjønnsminoriteter på arbeidsplasser og bedre krav for fasiliteter til kjønnsminoriteter i arbeidslivet at det skal bli oppretta nettverk for kjønnsminoriteter i yrker som er dominert av eitt kjønn Innføre krav om tilfredstillende fasiliteter for alle kjønn på arbeidsplassen	Arbeidsspolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Arbeiderpartiet i Bergen	11	Sykelønn Arbeiderpartiet i Bergen står støtt ved prinsippet om et samfunn der folk kan bidra når de er friske, og få støtte når de er syke. Sykelønnsordningen er en grunnmur i vår velferdsmodell, og den handler om mer enn penger – den handler om tillit, verdighet og solidaritet. Arbeiderpartiet i Bergen heier på IA-avtalen, og har tillit til at partene vil få reforhandlet en avtale som jobber for å få ned sykefraværet. Debatten som har oppstått etter forhandlingene strandet tar vi avstand fra. Vi kommer aldri til å akseptere et samfunn hvor det blir større forskjeller mellom folk. Vi vet hvordan høyresiden nå jobber for at det er vanlige folk som skal bære byrden med å få kutt i sykelønn når man er syk. Dette mener vi er feil medisin og har ingen tro på Høyre sine ord om at de skal verne den. Vi vet hvem de skal samarbeide med. Arbeiderpartiet skal være garantisten for at sykelønnsordningen blir fredet i perioden og at en heller jobber for løsninger som holder folk friske og får folk tilbake i arbeid. Kuttet i sykelønn vil kun ramme skjevt. Mange arbeidstakere har retten til sykelønn i sin tariffavtale eller i gunstige ordninger på arbeidsplassen. Det er i all hovedsak ansatte i privat sektor og "på gulvet" som vil få kuttet. Dette vil vi aldri akseptere. Vi vil alltid jobbe for et samfunn med mindre forskjeller, som tar vare på syke mennesker.		Arbeidsspolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Arbeiderpartiet i Bergen	12	Arbeid Forslag: - Arbeiderpartiet i Bergen vil arbeide for at det blir mer forutsigbarhet for arbeid, spesielt der behovet er størst som for eksempel vikarer eller midlertidige ansatte. - Arbeiderpartiet i Bergen mener arbeidsmiljølovens strenge krav til arbeidsavtaler må følges, men at det er et behov i dagens samfunn for at det utarbeides digitale løsninger med rette formkrav. - Sikre at ny teknologi og ansettelsesformer ikke blir et hinder for et trygt og inkluderende arbeidsliv. - Arbeiderpartiet i Bergen vil styrke Arbeidstilsynet for økt tilsyn og arbeide for mer digitalisering av tilsynet.	Skal vi sikre fremtidens velferd må vi ha et arbeidsliv som inkluderer flere og som sikrer folk trygge, forutsigbare arbeidsplasser. Arbeiderpartiet vil aldri godta uthuling av arbeidsfolk sine rettigheter. Vi mener at en tydelig arbeidsmiljølov, høy organisasjonsgrad og et konstruktivt partssamarbeid er de viktigste suksesskriteriene for fremtidens arbeidsliv. Nye måter å organisere virksomheter på, for eksempel plattformsselskaper som Wolt og Foodora, digitalisering av arbeidshverdagen, løsninger for hjemmekontor, teknologiske trender og demografisk utvikling er alle eksempler på utviklingstrekk som vil prege hverdagen til norske arbeidstakere i årene fremover. De nevnte utviklingstrekene gir enorme muligheter, men det krever også at vi er årvåke for nye utfordringer og aktører som utfordrer den norske modellen.	Arbeidsspolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Arbeiderpartiet i Bergen	13	NAV Forslag: - Styrke NAV med flere saksbehandlere i førstelinjen og klageinstansen. - Gjennomgå porteføljen til NAV, for å vurdere om det er tilstrekkelig faglig og juridisk kompetanse i alle ledd.	Vi ønsker å styrke NAV med flere saksbehandlere for å få ned saksbehandlingstiden og sikre solide fagmiljø. Vi må ha tilstrekkelig med ressurser og riktig kompetanse i alle ledd av organisasjonen. Vi vil samtidig sikre ytterligere digitalisering av NAV for å møte de ansattes og brukernes forventninger.	Arbeidsspolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Årdal Arbeiderparti	14	Ny ordning i arbeidslivet for å ta i mot lærlingar med spesielle utfordringer. Det må opprettast ein statleg ordning slik at og dei små bedriftene kan delta i arbeidet om å løfta ungdom med ulike utfordringar inn i arbeidslivet. Ordninga bør ta sikte på at ein fadder for lærlingen får delta på kurs med kunnskap om/rundt tilstanden som lærlingen skulle måtte ha.	Dette skal vere med på å få ned utanforskap og minke talet på folk som måtte hamne utanfor arbeidslivet tidleg i livet. Enkelte diagnosar er det svært lite kunnskap om og korleis ein blir møtt på ein arbeidsplass vi ha mykje å seie for om ein gjennomfører eit lærlingløp eller ikkje.	Arbeidsspolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Askøy Arbeiderparti	15	Vestland Arbeiderparti vil: • Innføre varig tilrettelagt arbeid som en rettighet • Utarbeide statlige støtteordning for funksjonsfriske som faller utenfor arbeidslivet som følge av helseutfordringer	Økt deltakelse i arbeidslivet Det å være i aktivitet og i arbeid har en egenverdi for den enkelte. I tillegg blir det stadig færre i yrkesaktiv alder og det er behov for et raust arbeidsliv hvor alle kan delta etter evne.	Arbeidsspolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Austrheim Arbeiderparti	16	Det er stor mangel på fagarbeidarar innan automasjonsfaget. Dette er særleg merkbart i Nordhordland. Fylkeskommunen må snarast etablera eit vidaregåande opplæringstilbod i dette faget i Nordhordland.		Arbeidsspolitikk	Oversendes fylkestinsgruppen	
Kvinnherad Arbeiderparti	17	Prioritera bustad til førstegangsetablerar Laga innretningar slik at førstegongs etablererar kjem lett inn på boligmarkedet. Moms / tilskudd / billig renta osv. Gode kompensasjonsordningar.	Eit av hovudmåla til Ap sin politikk har alltid vore å ivareteke at førstegangsetablerarar skal kunna skaffa seg sin eigen bustad. Mange familiar ønskjer å etablera seg med eigen bustad tidleg i etableringsfasen. Byggja landet og distrikta. Ikkje avhengig av rik onkel eller rike foreldre Boligbransjen treng oppdrag. Etablererar investera i eigen bustad ,og slepp å bli tvinga inn på eit dyrt leigemarked. Stor mangel på boligar i distrikta	Boligpolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Stryn Arbeiderparti	18	Arbeiderpartiet skal medverke til å styrke Husbanken si rolle som bustadsosial aktør for ungdom i etableringsfasen, pensjonistar og andre med bustadsosiale behov. Mange unge slit i dag med å etablere eigen bustad. Den eldre delen av befolkninga vil i tida som kjem auke betydeleg og dette kjem til å stille store krav til kommunane. Det vert forventa at det vert lagt til rette for at eldre skal kunne bu lengst muleg i eigen heim. I tillegg har kommunane teke i mot aukande tal flyktningar, som i seinare tid også har blitt eldre. Dei utfordringane som følgjer med dette, gjer at vi må forvente eit sterkare nasjonalt engasjement for å følgje opp med finansieringsordningar. Dette gjeld finansiering av eldebustadar, omsorgsbustader og flyktningbustadar.	Målet for norsk bustadpolitikk, og ein av bærebjelkane i velferdspolitikken, er at alle skal bu godt og trygt. Husbanken sitt samfunnsoppdrag er å førebyggje at folk blir vanskelegstilte på bustadmarknaden. Bustadpolitikken er i ferd med å skape nye klasseskilje mellom ungdom som får hjelp av foreldre og dei som ikkje får slik hjelp. Derfor er det naudsynt at Arbeiderpartiet styrkar Husbanken si rolle som støttespelar over for kommunar som vil legge til rette for rimelege bustadar for ungdom. Stortingsmelding 15 (2017-2018), kalla «Leve hele livet»- er ei kvalitetsreform for eldre. Reforma skal bidra til å finne og dele nye og innovative løysingar på dei kvalitative utfordringane knytt til aktivitet og fellesskap, mat og måltid, helsehjelp, samt samanheng og overgang i tenestene. Målet er at eldre skal få bruke ressursane sine og dekke behova sine i dei ulike fasane av alderdomen. Reforma skal bidra til at eldre kan meistre livet lenger, kjenne seg trygge på at dei får god hjelp når dei har behov for det, at pårørande kan bidra ut frå sin kapasitet, og at tilsette kan bruke sin kompetanse i tenestene. Ved å stimulere kommunane til bygging av rimelege husbankfinansierte bustadar kan kapasiteten aukast i samsvar med behovet.	Boligpolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Sunnfjord Arbeiderparti	19	Bygg små leilegheiter i distrikta. Regjeringa må sette i gang tiltak for bygging av små universelt utforma leilegheiter i nærsenter og i bygdesenter i distrikta.	Det er mangel på bustader og for låg bustadbygging i forhold til behovet. Sjøføkonom Nerja Macic i Prognosesenteret uttaler at vi er langt unna det vi har rekna for å vere det demografiske bustadbehovet i landet (Firda 02.01.25) I distrikta er småbruk nedlagde, der sit gjerne eldre personar att på bruket, ofte er det enkjer, åleine i hus med krevjande vedlikehald og tilkomst. Å kunne flytte til næraste senter kunne vere ei god løysing for dei, å flytte inn i ein mindre og meir lettstelt bustad. Dei kan framleis bu i eigen heim der, og ha kontakt med deira eige sosiale nettverk. Dei kan vere aktive i nærmiljøet, handle på nærbutikken og klare seg lettare utan hjelp, eller med lite hjelp. Samtidig veit vi at det er etterspurnad etter småbruk. I pressemelding frå Finn Eigedom 01.07.24, kjem det fram at småbruk er mest brukte søkeord, og at det har vore 40 % auke i mai -24 frå mai -23. Med fleire småbruk/ hus kan fleire få høve til å busette seg i distrikta. Leilegheiter i sentra vil i tillegg vere eit tilbod til unge som etablerer seg med eigen heim for første gong, og ynskjer å «prøvebu» i distriktet. Alt dette vil og kunne styrke kommunal infrastruktur og tenestetilbod.	Boligpolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Sunnfjord Arbeiderparti	20	Gjer det enklare å skilje ut kårhus Sunnfjord Arbeidarparti meiner at det må vere enklare å skilje kårhus ut frå garden. Dette vil bidra til å tilgjengeleggjere fleire bustader og stimulere til levande bygder. Partiet oppmodar til å forenkle regelverk og prosedyrar for separasjon av kårhus og gard.	Behovet for kårhus på gardar er mykje mindre no enn for nokre tiår sidan. Dette fører til at mange kårhus står tomme og til forfall, og dei som vert utleid får ofte minimalt med vedlikehald fordi verken utleiar eller leigetakar er interesserte i å ta nødvendige investeringar. Sunnfjord Arbeidarparti trur at færre kårhus vil stå til forfall dersom ein enklare kan skilje dei frå gardane, både i aktive og nedlagde gardar. Når kårhuset vert ein sjølvstendig bustad, er eigarane meir villige til å vedlikehalde og investere i eigedomen. Ved å gjere det enklare å skilje ut kårhus frå garden, kan fleire boligar vert tilgjengelege for både lokale innbyggjarar og tilflytjarar. Dette vil ikkje berre auke bustadtilbodet, men også bidra til å skapa meir levande og attraktive bygder.	Boligpolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Arbeiderpartiet i Bergen	21	Bolig Innstilling: Vedtas, oversendes bystyregruppen, VAP og Stortingsgruppen. Forslag: - Sikre at kommersielle aktører ikke driver Airbnb-utleie i boligområder - Regjeringen fortsetter å øke bevilgningene til Husbanken ytterligere, hvor styrkingen primært skal prioritere unge for startlån og bostøtte. - Husbanken og Enova skal stimulere og tilrettelegge for bygging av minihus, i første omgang i form av støtte til pilotprosjekter. - Øke tilskudd til Enova for å gi støtte til privatpersoner som ønsker å gjennomføre gode energi- og klimatiltak. - Sikre en bostøtte på et nivå som gjør at folk får hverdagen til å gå opp. - Det bør legges bedre til rette i arealplanlegging i kommuner og fylkeskommuner for bygging av og plassering av minihus. - Bergen skal bygge flere studentboliger, særlig ved å tilby billige tomter og bygg til SAMMEN. - Bergen kommune bygger og kjøper flere kommunale boliger, særlig i områder med få kommunale boliger. - Bergen kommune i større grad vurderer å benytte forkjøpsretten ved salg av leiegårder.	Vi vil at flere skal komme seg inn på boligmarkedet. Det er en utfordring at boligprisene er høye i norske byer, og det bidrar til å sementere forskjellene i samfunnet vårt. Prisene ekskluderer særlig unge mennesker, enslige og vanskeligstilte fra boligmarkedet. For Arbeiderpartiet i Bergen er det et mål at folk flest skal få muligheten til å eie sin egen bolig, og vi vil ta i bruk flere virkemidler for å oppnå dette målet. Eksempler er å beslutte eie-til-leie-prosjekter gjennom reguleringsplaner, startlån fra Husbanken og boligprosjekter med flere innslag av dele-løsninger. I tillegg må vi sikre at det bygges flere familieboliger i de store byene for å imøtekomme etterspørselen etter større boliger. Et godt kommunalt boligtilbud Kommunale boliger er et tilbud til mennesker som av ulike grunner har vanskeligheter med å komme inn på det ordinære boligmarkedet. Det er viktig at Bergen kommune har tilstrekkelig antall kommunale boliger, hvilket ikke er tilfellet i dag. I tillegg bør leieprisnivået ikke settes på et uforholdsmessig høyt nivå og bostøtten må være på et nivå som gir folk anledning til å leve gode liv. Gode nabolag, også i sentrum Arbeiderpartiet i Bergen er overbevist om at gode nabolag skapes gjennom en høy andel fastboende. I Bergen er det i flere sentrale deler av byen en stor utfordring med storstilt utleievirksomhet midt i etablerte nabolag. Problemet er ikke at enkelte leier ut huset eller leiligheten sin et par uker om sommeren, men når hele oppganger og bygårder får karakter av å være mini-hotell. Skatteetaten regner	Boligpolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Sunnfjord Arbeiderparti	22	Styrk digital samhandling (DSOP) Sunnfjord Arbeidarparti meiner at det må satsast meir på Digital Samhandling Offentlig Privat (DSOP) for å realisere fleire forenklingar, spare ressursar for samfunnet og nå målet i digitaliseringsstrategien om å gjere Noreg til ein digital leiarnasjon. Vi oppmodar om at DSOP-programmet vert tilført auka ressursar for å styrkje sitt arbeid med digitalisering av viktige samfunnsprosessar.	Sunnfjord Arbeidarparti meiner at det må satsast meir på Digital Samhandling Offentlig Privat (DSOP) for å realisere fleire forenklingar, spare ressursar for samfunnet og nå målet i digitaliseringsstrategien om å gjere Noreg til ein digital leiarnasjon. Vi oppmodar om at DSOP-programmet vert tilført auka ressursar for å styrkje sitt arbeid med digitalisering av viktige samfunnsprosessar.	Digitaliseringspolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Arbeiderpartiet i Bergen	23	Svindel – Phishing og scam Forslag: - Øke det digitale kompetansenivået i samfunnet – slik at flere klarer å identifisere svindelforsøk. - Støtte utvikling av verktøy som gjør det enklere å oppdage svindel og stoppe misbruk av data.	Det er sannsynlig at svindelforsøk med bruk av KI vil øke i årene fremover, samtidig som det blir vanskeligere å identifisere at man er under et svindelangrep	Digitaliseringspolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Arbeiderpartiet i Bergen	24	KI Forslag: AiB anerkjenner de enorme verdiene og potensialet til å løse samfunnsutfordringer som er i Norges store dataressurser. KI og andre moderne analysemetoder åpner både kjente og ukjente potensial, men tilgjengelig og sikker bruk (personvern og nasjonale interesser) krever en offensiv datapolitikk, underlagt nasjonal kontroll der merverdien kommer fellesskapet til gode.	Bedre data, bedre tilgang til data og bedre datadeling er den enkeltfaktoren som kan ha størst betydning for at forskning skal kunne bidra til å løse samfunnets og næringslivets utfordringer. Riksrevisjonen viser til mangelfull infrastruktur og bedre tilgang på data av god kvalitet er viktige forutsetninger for å ta i bruk kunstig intelligens i større skala. Norges totalberedskap og samlede sivile og militære motstandskraft vil være avhengig av samarbeid og datadeling mellom offentlige myndigheter, militære og sivile aktører, næringsliv og lokalsamfunn. Målet må være at data blir et fellesgode som er underlagt demokratisk nasjonal kontroll og gir like vilkår for konkurranse – og samtidig større muligheter for forskning, innovasjon og verdiskaping. En god forvaltning og deling av data bør ha som mål at økonomiske gevinster tilbakeføres til fellesskapet der data produseres. Det å tilgjengeliggjøre og sikre data er en kostnad, men kostnaden ved ikke å gjøre det er større. Insentiver som motiverer bedrifter, det offentlige og andre dataforvaltere til deling må vurderes. Datadeling og sikring må lønne seg.	Digitaliseringspolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Arbeiderpartiet i Bergen	25	Den digitale infrastrukturen må bli underlagt demokratisk kontroll. Forslag: I dag er alle nettskyløsninger av en viss størrelse og kapasitet eid og drevet av kommersielle utenlandske aktører, med sterkt varierende forhold til personvern, arbeiderrettigheter, forbrukerrettigheter med mer. I tråd med Nasjonal Sikkerhetsmyndighet ønsker vi at Norge bør imøtegå denne problemstillingen på en proaktiv måte hvor den essensielle digitale infrastrukturen blir underlagt demokratisk kontroll.		Digitaliseringspolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Bjørnafjorden Arbeidarparti	26	Vestland Ap ønsker at ein større del av staten sitt økonomiske overskot på straum vert tilbakeført på ein rettferdig og framtidsretta måte. Vestland Ap ønsker ein ny og tydelegare omfordeling, som kjem forbrukarane til gode.		Energipolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Bremanger Arbeidarparti	27	Felles fråsegn frå Bremanger, Stryn og Fjaler Arbeidarparti VARIGE TILTAK FOR Å SIKRE RIMELEGE STRAUMPRISAR Bremanger Arbeidarparti meiner at det må iverksetjast varige og verkfulle tiltak som sikrar rimelege straumprisar for vanlege forbrukarar, samstundes som konkurransekrafta til den kraftforedlende industrien og øvrig næringsliv blir oppretthalden.	Straumprisane dei siste åra har vore historisk høge i store delar av landet. Dette har påført private forbrukarar og næringsliv utan langsiktige fastpriskontraktar store økonomiske utfordringar. Dersom prisane held seg på same nivå, vil desse utfordringane berre eskalere. Utan permanente og verkfulle tiltak vil også den kraftforedlende industrien møte store problem på lengre sikt. Norsk vasskraft har i over hundre år vore grunnlaget for å etablere industri langs heile kysten, frå Kristiansand i sør til Tana i nord. Denne industrien har skapt arbeidsplassar, aktivitet og livsgrunnlag i mange lokalsamfunn. Vasskrafta er den største konkurransefordelen for desse bedriftene og ein avgjerande faktor for verdiskapinga. Difor må det etablerast tiltak som sikrar rimeleg straum for forbrukarar og som bevarer konkurransekrafta til industrien. Vidare er det viktig at tildeling av uttak med stor effekt og forbruk (som batteriproduksjon og elektrifisering av anlegg i Nordsjøen) skjer i takt med at ny fornybar kraftproduksjon kjem på plass. Dette for å unngå prispress og sikre at eksisterande kraftintensiv industri ikkje vert utkonkurrert.	Energipolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Bremanger Arbeidarparti	28	Felles fråsegn frå Bremanger og Stryn Arbeidarparti RETTFERDIG NETTLEIGE Bremanger Arbeidarparti meiner det må etablerast nasjonale utjamningsordningar som sikrar lik nettleige for industri og vanlege forbrukarar	Dei siste åra har det vore ei omfattande utbygging av straumnettet i vårt område. Dette har ført til ein kraftig auke i nettleiga. Utbygging av straumnettet er nødvendig for å nå klimamåla i det grønne skiftet. Dette er ei nasjonal oppgåve der byrdene må fordelast på alle. Vi krev at det vert etablert nasjonale utjamningsordningar som sikrar lik nettleige for industri og vanlege forbrukarar i heile landet.	Energipolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Kvinnherad Arbeiderparti	29	Reglar for bygging av transmisjonsnett Reglane for bruk av sjøkabel/jordkabel i transmisjonsnettet skal reviderast. Nye retningslinjer skal gje auka moglegheiter for bruk av sjøkabel/jordkabel, på grunnlag av verdifulle kulturlandskap, og/eller estetiske verdiar i by/bygdesamfunn.	I Stortingsmelding 14 (2011-2012) «Vi bygger Norge – om utbygging av strømmettet», vert retningslinjer for bruk av sjøkablar og jordkablar beskrive for mellom anna transmisjonsnettet (300kv-420kv linjer). Stortingsmeldinga opnar for skjønn, men er særleg restriktiv for bruk av sjøkablar/jordkablar innom transmisjonsnettet. Dei siste åra har samstundes Statnett begynt oppgradering av 420kV linjer gjennom store delar av landet. Dette for å fjerne flaskehalsar i transmisjonsnettet, og auka fri flyt frå kraftprodusentane til forbrukarar i inn og utland. Dei nye kraftlinjene rammar store delar av distrikts-Noreg og skapar store konflikter både med tanke på naturverdiar, bevaring av kulturlandskap og estetikk i bygder og byar langs fjordane, dalane og kysten vår. Dagens retningslinjer for bruk av sjøkabel/jordkabel er ikkje i tråd med heilskapleg arealplanlegging, og det er eit stort paradoks at der byggereglane i strandsone, bygdeområder og i urørt natur er strengare enn nokon sinne, skal Statnett med velsigning frå NVE kunne køyra på med store linjekonstruksjonar utan å måtte ta omsyn til kringliggjande lokalsamfunn.	Energipolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Kvinnherad Arbeiderparti	30	Regelverk for kjernekraft Det skal utgreiast eit regelverk/rammeverk som legg til rette for at trygg og stabil kjernekraft kan etablerast i Noreg .	Noreg går mot kraftunderskot og dyrare kraftprisar i løpet av ein 10-års periode. For å dekke behovet for føreseieleg kraft, må Noreg gjere omfattande grep. Kraftutbygging må vera rein (utan bruk av fossilt brensel), føreseieleg (ikkje vêravhengig), ressurseffektiv (lavt behov for metallar) og ein må begrensa nedbygging og rasering av store naturområde. Ankepunkta mot kjernekraft er faren for ei ulukke ved eit kjernekraftverk og lagring av restavfall etter den kjernefysiske prosessen. Noreg må etablera og utvikla eit rammeverk som sett strenge retningslinjer og tydelege krav og ansvarsfordeling ved eventuell etablering av kjernekraft i Noreg. På denne måten kan ein sikra at evt. etablering av kjernekraft i Noreg i framtida, er bygd på eit trygt fundament som gjev vilkår for auka kraftproduksjon.	Energipolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Masfjorden Arbeiderparti	31	Vestland Ap meiner at staten ikkje skal bruke statleg plan for å overprøve eit kommunalt lokaldemokratisk nei-vedtak til vindkraftutbygging i eigen kommunen. Ap meiner vidare at planlagde vindkraftanlegg i nærliggande kommunar som kan og vil påverke forhold i nabokommunen, så må nabokommunen få kome tidleg inn i prosessen, og deira synspunkt vektleggast og takast omsyn til på lik linje med regionale og nasjonale mynde og forvaltning. Motsegnretten til nabokommunar må styrkast vedkommande vindkraftplanar.	Statleg plan og vindkraftutbygging på land. Frå 1. juli 2023 fekk kommunane ei større rolle i planlegginga av vindkraftanlegg på land. Etter endring i Energilova heiter det at ein ikkje kan gje konsesjon til vindkraftanlegg på land før tiltaket er planavklart etter plan- og bygningslova. Plan- og bygningsloven er endra slik at det vert kravd områderegulering for konsesjonspliktige vindkraftanlegg på land. Kommunen er planmynde i arealsaker etter PBL (P, men i «Rettleiar om planlegging og konsesjonsbehandling av vindkraftanlegg på land», blir følgjande uttalt mellom anna om statleg plan: «Som det framgår av lovteksten, skal statlig planbehov i første omgang søkes ivarettatt gjennom henstillinger til kommunale planmyndigheter. Men av andre ledd framgår at departementet selv kan utarbeide og vedta en slik plan. Det er kommunal- og distriktsdepartementet som øverste planmyndighet, som beslutter om statlig plan skal benyttes. Beslutningen bør tas i samråd med berørte kommuner, men det er ingen forutsetning for bruk av statleg plan at det er enighet med kommunen. Beslutningen om statlig plan kan tas når som helst i planprosessen. Beslutningen kan ikke påklages.» Intensjonen bak lovendringa 1. juli 2023 var at kommunane skulle ha vetorett i vindkraftsspørsmål. Sjølv om statlege myndigheiter ikkje har som intensjon å overprøve eit kommunalt vedtak, så bør det lokaldemokratiske prinsipp likevel spissast i kommande meldingar. Sjølvrådetretten bør stå høgt, og storsamfunnet kan finne andre løysingar enn å presse igjennom ei vindkraftutbygging på land. For ein kommune som ynskjer vindkraftutbygging er dette ein grei prosess. For	Energipolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Stad Arbeiderparti	32	Tilgang på kraft til innbyggjarar og næringsliv Arbeiderpartiet må sørge for at kommunar får kompensert for nytte natur for å sikre fellesskapet ved å gi areal til produksjon av fornybar energi. Dette vere seg sol, vind, vatn eller atomkraft-produksjon. Vidare må ein sikre at transmisjonsnettet vert bygd ut mot regionar som tidlegare ikkje var tenkt trengde kraft til kraftkrevjande industri. Ein må også få fortgang i å auke effektuttaket på eksisterande nett.	På bakgrunn av at NO3 no er eit underskottsområde på kraft er det viktig at det vert sett inn berekraftige tiltak som syter for at alle regionar i Noreg får tilgang på den krafta ein treng for å sikre innbyggjarane, men og for å sikre tilgang på kraft på eksisterande og nyttilkomne bedrifter. Då trasevalet til Statnett vart lagt var det ut frå kva områder ein trudde kunne få kraftkrevjande industri, eller evt allereie hadde slik industri allereie. Den teknologiske utviklinga og elektrifiseringa av såvel produksjon som infrastruktur har vist at dei tankane ein hadde, ikkje nødvendigvis er riktige lenger. Datalagringssenter er eit eksempel på industri som er tilkomen og som krev god og stabil tilgang på energi for å kunne utvikle seg i konkurranse med store internasjonale sentra. Produksjon av Hydrogen og amoniakk er eit anna eksempel. Stabil og trygg krafttilgang er også eit beredskapstiltak i ei uroleg verd der vi ser at infrastruktur som kraftlinjer/kablar er utsett for sabotasjar.	Energipolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Stryn Arbeiderparti	33	Vestland Ap meiner at tilskotsordningar til energiøkonomisering hos bedrifter og private må gjerast meir attraktive og langsiktige. Det må i enno større grad brukast offentlege midlar for å sikre effektiv energiøkonomisering, både i industrien, offentlege og private bygg. Satsing på ENØK, solenergi, jordvarme, fjordvarme, biovarme og vasskraft må prioriterast sterkare med økonomiske verkemiddel gjennom ENOVA og skattesystemet.	Det vil være svært positivt dersom regjeringa, gjennom økonomiske støtteordningar kan forsere energiøkonomisering i industrien og hushaldningane. Statsbudsjettet yter store midlar til dette satsingsområdet, men Regjeringa kan med stor fordel bidra til større satsing på støtteordningar til sparing og produksjon av rein fornybar energi. Eksempel på dette kan vere vesentleg auka støtte til etterisolering, skifting av vindauge, varmepumper, jordvarme, solcelleanlegg, som vil bidra til det grønne skiftet.	Energipolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Sunnfjord Arbeiderparti	34	Norge skal ha nasjonal kontroll over krafta.	1. Norge må etablere et prisregime for straum produsert i Norge. 2. Norske straumprisar vert frikopla frå det europeiske børsmarkedet. 3. Norge skal ha full kontroll over kraftflyten i utenlandsforbindelsane. Avtalene med Tyskland og England skal reforhandlast. Arbeiderpartiet må vise veljarane at vi vil regulere straummarkedet. Straumprisen i Noreg skal baserast på produksjonskostnadane i norske vasskraftverk, med tillegg for transport, kapitalkostnader, nyinvesteringar og oppgraderingar. For å ta tilbake den historiske konkurransefordelen for næringsliv og industri, må Noreg kunne styre straumprisen innanlands. Lokalsamfunn som Høyanger og aluminiumsverket er bygde på lågare straumprisar. Ein kostnadsbasert pris sikrar stabilitet for produsentar, netteigarar og forbrukarar. Dette var ein føresetnad for Energilova: straum skal vere samfunnskritisk infrastruktur utan urimeleg forteneeste. Trass kraftoverskot på 17TWh i 2021, 13TWh i 2022, 18TWh i 2023 og 16,4TWh i 2024, har ikkje prisane normalisert seg. NO2-regionen, med høgast straumprisar, har samtidig størst produksjon og overskot. Dette understrekar behovet for regulering for å unngå urettferdige priskeffektar i Noreg.	Energipolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Sunnfjord Arbeiderparti	35	Utred små modulære reaktorar (SMR) Regjeringa må sette i verk utredning, for å bygge og ta i bruk SMR-kraftverk	Norge har saman med resten av Europa, starta den grønne omstillinga, som går på utfasing av fossilt brensel til bruk av grøn energi. Til dette treng vi stabil og sikker kraftproduksjon. Den sikraste måten å få dette til på, er å bygge SMR-kraftverk der kraftbehovet der det er stort kraftbehov. På denne måten vil ein sleppe å bygge ned norsk natur med bygging av fleire vindturbinparkar. Vi slepp då også bygging av fleire kraftlinjer i vår flotte norske natur, som igjen vil spare næringsliv og innbyggjarar med dyrare nettleige. Vi må også huske på at Norge har forplikta seg gjennom internasjonale avtaler, til å verne 35 % av vår dyrbare natur. Vi har også fått ansvar i Europa, til spesielt å ta vare på enkelte raudlista fugleartar. Sjølv om vi i mange tiår har forska på kjernekraft bl.a. i Halden og på Kjeller, treng vi meir utdanning som gjeld denne type teknologi. Regjeringa må derfor satse på forskning som omhandlar kjernekraft. Sidan vi her i landet har svært store førekomstar av Thorium som kan brukast til energiproduksjon, bør derfor dette bli eit satsingsområde for framtida.	Energipolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Ullensvang Arbeiderparti	36	Ta bort MVA på strøm og nettleige i Sør-Norge også.	Norge har noen nasjonale utfordringer der strømstøtte og distriktspolitikk kommer på kollisjonskurs. Norge har i dag momsfritak på strøm i nord, der prisene er lavest. Mens det betales moms i sør, der prisene er høyest. – Det er ikke politikken i nord det er noe galt med, men i sør. Dette skaper en stor ubalanse for næringslivet i sør da dette er med på å påvirke konkurranseforholdene.	Energipolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Vik Arbeiderparti	37	Vestland Arbeiderparti ber regjeringa om å utgreie og iverksette utjamning for nettleige.	Nettleiga varierer sterkt, avhengig av kor i landet ein er. Mange abonnentar med forbruk +/- 20000 kwh, betaler meir for avgifter inkl.nettleiga enn den faktiske straumen dei kjøper. Sjølv med ein straumpris på 60 øre/kwh. Nettleige utgjør ein vesentleg del av desse «avgiftene». Det er eit paradoks at det er ute i distrikta, der straumen vert produsert, at prisen er høgast. Det er på høg tid at utjamning av nettleige vert iverksett.	Energipolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Voss Arbeiderparti	38	Folkevald styring av energipolitikken Arbeidarpartiet skal vera ein garantist for folkevald styring av produksjon, distribusjon og omsetjing av norsk fornybar straum. I utkastet til nytt partiprogram står det at vi skal «forvalte kraftressursene til fellesskapets beste. Det er avgjørende å sikre fortsatt full nasjonal råderett over kraftressursene og at disse kommer hele landet til gode.» Spørsmålet er korleis vi gjer dette. Fjerning av meirverdiavgift på nettleige er fornuftig, og lettår den økonomiske situasjonen for hushaldningane. Framhald og forbedring av straumstøtteordninga er tvingande naudsynt, men det løyser ikkje sjølv problemet, nemleg at prissetjinga av norsk vasskraft er utanfor politisk kontroll. Dei viktigaste tiltaka for å oppnå dette er å frikopla prissetjinga av norsk vasskraft brukt i Norge frå den algoritimestyrte prisfastsetjinga i den felleseuropeiske energimarknaden, kjøpa tilbake kraftbørsane, reforhandla dei to siste kabelavtalane og ta sterkare folkevald styring med drifta av dei offentleg eigde kraftverk.		Energipolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Alver Arbeiderparti	39	Forslag: Alver Arbeiderparti meiner ein må starta arbeidet med å sjå overordna styringsdokument opp mot seinare lover og forpliktingar Noreg har slutta seg til, til dømes Naturmangfaldlova, og gjera dei endringane som må til for å sikra eit betre samspel mellom ivaretaking av naturmangfald og samfunnet sine behov for utbygging av naudsynt infrastruktur i eit naturvernande perspektiv. Alver Arbeiderparti meiner ein må leggja større vekt på å nytta sjø- og jordkablar og krevja at desse vert utgreidde som alternativ til luftliner.	Uttale 2: Utbygging av kraftkablar Grunngjeving: Statkraft er fellesskapen sitt verktøy i arbeidet med å sikra nok fornybar energi og infrastruktur til å omfordela energi. Det er ein avgjerande viktig aktør i energinasjonen Noreg. Nok energi til samfunnet sine behov i heilskap er kritisk for utvikling, tryggleik og beredskap. I det grønne skiftet og den geopolitiske situasjonen verda står i, er sterkt statleg eigarskap og eigarstyring naudsynt for å tryggja fellesskapen sine behov. I trongen for meir fornybar kraft møter ein ei anna stor utfordring: nedbygging av urørt eller sårbar natur og påverknad på det biologiske mangfaldet vi er avhengige av. Noreg har tilslutta seg Naturavtalen, det globale Kunming-Montreal-rammeverket for naturmangfald. Kraftnettet i Vestland treng utbygging og utbetring. Dette kan både utfordra og skapa konflikhtar, særleg når traseval set naturverdiar under press. Utfordringa og konflikten er særleg stor når det vert peika på liner i luftspenn. Statkraft sitt mandat er henta frå St.meld. 14 (2011-2012) – Vi bygger Norge – om utbygging av straumnettet. Denne kan forståast som ei føretrekking av luftliner.	Energipolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Alver Arbeiderparti	40	Lavere strømpriser med smart forbruk • Differensiere Norgesprisen mellom dag og natt, slik at det fortsatt lønner seg å bruke strøm når belastningen på strømmettet er lav. • Sikre at staten fortsatt støtter energieffektivisering og ikke fjerner insentiver for å fordele strømforbruket jevnere gjennom døgnet. • Øtredet øvre tak for strømforbruk med Norgespris-avtalen. Styrking av ENØK-ordninger • 100 % MVA-fritak på energieffektiviseringstiltak: varmepumper, solceller, husbatterier og isolasjon. • Økt støtte til enkle ENØK-tiltak som etterisolering og utskifting av vinduer. • Enklere søknadsprosess for ENOVA-støtte, særlig for husholdninger og småbedrifter. Næringslivet • Redusert arbeidsgiveravgift i områder med høye strømpriser, slik at bedrifter kan bruke besparelsene på energieffektivisering. • Støtteordning for små og mellomstore bedrifter som ønsker å installere solceller og energistyringssystemer. • Tilskudd til bedrifter som investerer i batterilagring og effektstyring for å unngå høye effekttopper. Sikring av solenergi som en del av løsningen • Langsiktige støtteordninger for solceller, slik at investeringer fortsatt lønner seg.	Uttalelse om Strømpolitikk: Lavere strømregninger og insentiver for energisparing Regjeringens nye strømpakke med en fastpris på 40 øre/kWh+mva (Norgespris) og redusert moms på nettleie er et viktig skritt mot utjevning mellom prisområdene. Det gir husholdningene mer forutsigbarhet og reduserer de høye kostnadene mange har opplevd de siste årene. Neste steg må nå være å innføre tiltak som motiverer folk til å bruke strøm smartere. Dersom strøm koster det samme hele døgnet, kan det føre til økt forbruk på tider der strømmettet er mest belastet. På sikt betyr det større behov for nettutbygging – noe som igjen vil øke kostnadene for forbrukerne. I tillegg må næringslivet inkluderes i strømpakken. Mange bedrifter sliter med høye strømkostnader, men har ikke økonomi til å investere i energieffektivisering. Støtteordninger for næringslivet må være en del av løsningen. For å sikre en bærekraftig strømpolitikk med både lave kostnader og ansvarlig forbruk foreslår vi følgende tiltak:	Energipolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Bjørnafjorden Arbeiderparti	41	: Bjørnafjorden Arbeiderparti meiner staten må investere meir i utbygging og fornying av straumnettet innanlands.	Straumnettet i Noreg treng stor utbygging og fornying for å sikre heile landet tilgang til nok og sikker straum. Å finansiere dette gjennom nettleige gir og vil gi brukarane høge nettleigeutgifter. Ved at staten tar større del av desse kostnadene, kan nettleiga haldast nede.	Energipolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Fjaler Arbeiderparti	42	Fjaler Arbeiderparti meiner at det må iverksetjast varige og verkfulle tiltak som sikrar rimelege straumprisar for vanlege forbrukarar, samstundes som konkurransekrafta til den kraftforedlande industrien og øvrig næringsliv blir oppretthalden.	Straumprisane dei siste åra har vore historisk høge i store delar av landet. Dette har påført private forbrukarar og næringsliv utan langsiktige fastpriskontraktar store økonomiske utfordringar. Dersom prisane held seg på same nivå, vil desse utfordringane berre eskalere. Utan permanente og verkfulle tiltak vil også den kraftforedlande industrien møte store problem på lengre sikt. Norsk vasskraft har i over hundre år vore grunnlaget for å etablere industri langs heile kysten, frå Kristiansand i sør til Tana i nord. Denne industrien har skapt arbeidsplassar, aktivitet og livsgrunnlag i mange lokalsamfunn. Vasskrafta er den største konkurransefordelen for desse bedriftene og ein avgjerande faktor for verdiskapinga. Difor må det etablerast tiltak som sikrar rimeleg straum for forbrukarar og som bevarer konkurransekrafta til industrien. Vidare er det viktig at tildeling av uttak med stor effekt og forbruk (som batteriproduksjon og elektrifisering av anlegg i Nordsjøen) skjer i takt med at ny fornybar kraftproduksjon kjem på plass. Dette for å unngå prispress og sikre at eksisterande kraftintensiv industri ikkje vert utkonkurrert.	Energipolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Arbeiderpartiet i Bergen	43	Energi Forslag: -Arbeiderpartiet i Bergen vil arbeide for å sikre nok strøm til en forutsigbar pris for husstander og næringsliv i årene som kommer. Ny kraftutbygging og utbygging av linjenettet må i størst mulig grad hensynta viktige naturverdier. -Arbeiderpartiet i Bergen mener vi først og fremst må intensivere arbeidet med å øke kraftforsyningen gjennom fornybare energikilder, men er ikke avvisende til at kjernekraft kan være en del av en fremtidig løsning. -Strømstøtten for husholdninger videreføres og vurderes styrket -Det arbeides videre med å innføre fastprisavtaler for husholdningene, momsen på nettleie fjernes og strømsalgsselskapene må reguleres strengere enn i dag.	Strøm til en forutsigbar pris som sikrer konkurransefortrinn, sammen med forsynings sikkerhet, ny industrireising og klimamål skal være førende for hvordan det norske kraftsystemet bør organiseres. Arbeiderpartiet i Bergen legger til grunn at det er mer behov for kraft, at Vestland har et kraftunderskudd, og mener derfor det er behov for en vesentlig økt kraftproduksjon i årene framover. Dette må skje samtidig med en forsterket satsing på utbygging av linjenettet, slik at kraften kommer fram der den trengs til en mest mulig lik pris. Våre vannkraftressurser og vannmagasiner gir et godt utgangspunkt for å møte de nye utfordringene. Disse mulighetene må utnyttes. Vår kraftproduksjon skal skape muligheter, ikke sette begrensninger. Vår næringsutvikling bygger på skuldrene til dagens bedrifter. Eksisterende arbeidsplasser og virksomheter må gis forrang ved nettutvikling og tildeling av kraft. Både i norsk og i europeisk sammenheng er kjernekraft omstridt. Investeringene er store, og tiden fra plan til produksjon av kraft er svært lang. Derimot er produksjonen tilnærmet CO2-fri, og den legger lite beslag på landarealer. Arbeiderpartiet i Bergen mener Norge må øke forskningsinnsatsen på utslippsfrie energiformer slik at vi følger med i den teknologiske utviklingen, og sikrer oss oppdatert kunnskap om alternative energiformer, som for eksempel kjernekraft, bølgekraft, tidevannskraft og andre mulige fremtidige energikilder.	Energipolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Arbeiderpartiet i Bergen	44	Fornybar energi Forslag: - Legge til rette for økt industriell symbiose ved bruk av overskuddsenergi og fjernvarme. - Stille strengere krav til utnyttelse av overskuddsenergi og fjernvarme i KPA. - Revidere energimerkeordningen slik at eksisterende fjernvarmenett har høyere vektingsfaktor enn grunnvarme. - Endre TEK-forskriften til at bygg over 1000 kvm skal ha høyere energifleksibilitet enn i dag	Vi har i dag et presset strømmnett i Vestland. For å møte fremtidens kraftbehov må vi legge bedre til rette for lokal produksjon av fornybar energi og utnytte eksisterende nett og fjernvarmenett bedre enn vi gjør i dag.	Energipolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Arbeiderpartiet i Bergen	45	Solcellepanel på alle offentlige bygg Forslag: 1. At alle nye offentlige byggeprosjekter skal designes med integrerte løsninger for solcellepaneler eller annen egnet strømproduserende teknologi fra starten av planleggingsfasen. 2. At det opprettes en offentlig finansieringsordning for å støtte implementeringen av disse teknologiene. 3. Alle installasjoner skal møte nasjonale og internasjonale standarder for sikkerhet og effektivitet. 4. At det skal investeres i utdanning og opplæring av arbeidskraften. 5. At det skal igangsettes informasjonskampanjer for å øke bevisstheten om fordelene med fornybar energi og involvere lokalsamfunnet i overgangen til en mer bærekraftig fremtid. 6. Unnlate enkelte bygg fra solcellepaneler, ettersom byggene kan være verneverdige eller bli ødelagt av solcellepaneler.	I lys av de økende utfordringene knyttet til klimaendringer og behovet for å fremme bærekraftig utvikling, er det av ytterste viktighet å ta i bruk ren og fornybar energi i alle sektorer av samfunnet. Offentlige bygg står som nøkkelaktører i denne transformasjonen. Ved å utruste disse byggene med solcellepaneler eller annen strømproduserende teknologi, kan man redusere karbonavtrykket, øke energisikkerheten, og fremme teknologisk innovasjon.	Energipolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Askøy Arbeiderparti	46	Vestland Arbeiderparti vil: - Prioritere utbedring av eksisterende vannkraftverk, foran utbygging av mer sol og vind.	Mer vannkraft raskere Norsk industri er bygget på ren fornybar energi. I over hundre år har vannkraften spilt en avgjørende rolle i utviklingen av fastlandsindustrien vår. Selv om Norge i de senere år har økt satsningen på solenergi og vindkraft, forblir vannkraften vår viktigste kraftkilde. Vestland Arbeiderparti ser med bekymring på hvordan utbygging av ny fornybar energi, fører med seg tap av natur. Selv om Norge vil være avhengig av å bygge ut både vind og sol, bør vi starte med å utbedre eksisterende vannkraftverk.	Energipolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Askøy Arbeiderparti	47	Vestland Arbeiderparti vil: • Stryke ENØK tilskuddene til private husholdninger • Legge til rette for tilskudd for mindre ENØK investeringer som for eksempel varmepumper	ENØK til folket Det minst omdiskuterte energitiltaket er å redusere strømbruken gjennom ENØK tiltak. For de aller fleste er energisparende tiltak i egen bolig en økonomisk investering. For at flest mulig private husholdninger skal investere i ENØK tiltak og må dette bli premiert i større grad. Når private husholdninger investerer for eksempel i varmepumpe eller solceller sparer den boligeiere for penger i det lange løp og Norge reduserer sitt totale energibehov.	Energipolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Sunnfjord Arbeiderparti	48	Auka stønad til busette flyktningar Introduksjonsstønad til busette flyktningar må auke og integreringstilskotet frå staten til kommunane auke tilsvarande. Det skal ikkje vere naudsynt for flyktningar i introduksjonsprogrammet å søke om økonomisk sosialhjelp for å klare utgifter til livsopphald. Kommunane skal ikkje måtte bruke store ressursar i handsaming av søknadar og ha store utgifter til sosialhjelp.	Introduksjonsprogrammet er eit lovpålagt tilbod for busette flyktningar mellom 18 og 55 år. Programmet gir rett til introduksjonsstønad, som utgjer 2G årleg (237 240 kroner før skatt). Deltakarar under 25 år mottok 2/3 av 2G. Stønaden er skattepliktig og skal dekke nøkterne utgifter til livsopphald, inkludert bustad, straum og barnetilsyn. Levekostnadene har auka dei siste åra, og fleire deltakarar må søke om økonomisk sosialhjelp. Dette belastar kommunane både økonomisk og ressursmessig. Integreringstilskotet skal dekke kommunane sine utgifter, men fleire kommunar får berre dekkja ca. 92 % av kostnadane. Ei auke i introduksjonsstønaden vil hjelpe flyktningar til å klare seg sjølve, redusere behovet for sosialhjelp og frigjere ressursar til betre oppfølging i kommunane.	Flyktning- og asylpolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Vestland AUF	49	Et rettferdig og sosialdemokratisk asylsystem De siste årene har flere land i verden, også på vårt eget kontinent, gjennomført en inhuman asyl-, innvandrings- og flyktningpolitikk. Dette inkluderer også Norge. Mennesker i stor nød har blitt møtt med murer, piggetråd, soldater og krigsskip. Land etter land har stengt grensene, redusert bosetting av asylsøkere og kvoteflyktninger og kjempet for internasjonale avtaler som har frarøvet flyktninger deres menneskerettigheter. Hvert eneste år dør det flere tusen mennesker i forsøk på å komme seg til frihet samtidig som flere land strammer inn asylsystemene sine for at færre skal få opphold i landet. Antallet mennesker på flukt blir aldri mindre av en strengere asylpolitikk, hverken i verden, Europa eller Norge. Foreldelsesfrister er vanlig i norsk rett. Det er eksempelvis foreldelsesfrister for straffansvar, også for alvorlige straffbare handlinger. Et bærende hensyn er innrettelseshensynet: At man ikke for alltid skal bli hjemløst av tidligere feilsteg. Det samme hensynet tilsier at det åpenbart må innføres en frist for når tilbakekallssaker kan opprettes. På et tidspunkt må det settes strek. Dette må også gjelde for tilbakekall av statsborgerskap. Det finnes ingen andre områder i lovgivningen der barn blir straffet for feil gjort av noen andre enn dem selv, bortsett fra i asylpolitikken. Arbeiderpartiet har gjentakende ganger vedtatt at		Flyktning- og asylpolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Vik Arbeiderparti	50	Vestland Arbeiderparti ber regjeringa ta ein gjennomgang av oppdraget til UDI. Målet til UDI skal ikkje vera å returnera flest moglege einslege mindreårige flyktningar. Mange har suksessfulle integreringshistorier, kvifor skal staten nytta masse ressursar på utkasting av godt integrerte, unge vaksne. Regjeringa bør vurdera å innføra ein frist for retur og vurdera kvifor kriminell lågaldar ikkje gjeld for einslege mindreårige flyktningar.	Noreg har og skal ha ein stram asylpolitikk. Det fører dessverre til verknader som ikkje er tiltenkte. Integrering av Unge Mindreårige Flyktningar, har vore ein stor suksess for mange. Det er derfor forkasteleg å sjå at unge vaksne vert kasta ut av landet pga. ein feil dei gjorde som 13-14 åringar. Retten skal vera lik for alle, det gjeld visst ikkje desse .Fleire av har integrert seg godt i det norske samfunnet, både sosialt, språkleg og kulturelt. Dei kjenner ikkje godt nok til landa dei vert sendt til, og vil ha store vanskar med å tilpasse seg, og vi har ikkje god nok kunnskap om korleis dei vert tekne imot. Samtidig skrik mange næringar etter arbeidskraft, som desse unge vaksne har utdanna seg til og teke fagbrev.	Flyktning- og asylpolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Voss Arbeiderparti	51	Retur av mindreårige flyktningar Vestland Arbeiderparti ber regjeringa ta ein kritisk gjennomgang av oppdraget UDI har i høve til statusen og framtida til mindreårige flyktningar. Målet til UDI skal ikkje vera å returnera flest moglege einslege mindreårige flyktningar. Mange av dei har suksessfulle integreringshistoriar, og det framstår som meiningslaust at staten brukar store ressursar på utkasting av godt integrerte, unge vaksne. Regjeringa bør vurdera å innføra ein frist for retur, og dessutan vurdera kvifor kriminell lågaldar ikkje gjeld for einslege, mindreårige flyktningar. Mange einslege mindreårige flyktningar vert straffa for handlingar dei gjorde når dei var under kriminell lågaldar. Regjeringa må laga eit regelverk der borna sin alder vert teken med i vurderinga, og eventuell straff må stå i stil til handlingane. Regjeringa må også vurdera å innføra foreldingsfrist for retur av einslege mindreårige flyktningar, slik at denne gruppa slepp å leva i frykt for å verta returnert.		Flyktning- og asylpolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Ulvik Arbeiderparti	52	Returnering av einslege mindreårige flyktningar	Vestland Arbeiderparti ber regjeringa ta ein kritisk gjennomgang av oppdraget UDI har i høve til statusen og framtida til mindreårige flyktningar. Målet til UDI skal ikkje vera å returnera flest moglege einslege mindreårige flyktningar. Mange av dei har suksessfulle integreringshistoriar, og det framstår som meiningslaust at staten brukar store ressursar på utkasting av godt integrerte, unge vaksne. Regjeringa bør vurdera å innføra ein frist for retur, og dessutan vurdera kvifor kriminell lågaldar ikkje gjeld for einslege, mindreårige flyktningar.	Flyktning- og asylpolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Årdal Arbeiderparti	53	Staten må fullfinansiere kommunane sine utgifter ved busetting av flyktningar.	Årdal Arbeidarparti vil at Årdal kommune skal ta i mot menneske på flukt frå krig og forfølgning etter oppmoding frå IMDI. Me er uroa for at positive haldningar og vilje til å busette flyktningar kan bli svekka i ei tid med svært krevjande kommuneøkonomi. Kommunen har erfart at i 2024 måtte utgifter på omlag kr 5 mill. til bl. anna sosialhjelp og språkopplæring verte overført frå Flyktningfondet. Me frykter at fondet vert tømt i 2025 nytta til same føremål. Fleire kommunar opplev at utgiftene ikkje samsvarer med overføringane frå staten, jf. artikkel på NRK 2.1.25. «Beregningsutvalgets» rapport for 2023 syner at kommunane i gjennomsnitt fekk dekkja 91, 8 prosent av meirutgiftene til busetting og integrering frå staten. Det er en nedgang frå 97,3 prosent året før. Rapporten syner at årsaka er ein auke i utgifter til sosialhjelp og busetting. Vår erfaring er at tilskotet til flyktningar i språkpraksis og arbeidstrening er halvert og fører til sterk vekst i kommunal økonomisk sosialhjelp. Årdal Arbeidarparti ber Regjering og storting om å fullfinansiere busetting og integrering av flyktningar. Kommunane aleine klarar ikkje dette med dagens økonomiske situasjon.	Flyktning- og asylpolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Arbeiderpartiet i Bergen	54	Forsvar Forslag: - Sikre investeringer i langtrekkende luftvern for å beskytte bergensområdet spesielt og andre befolkningstette og forsvarskritiske områder generelt mot ballistiske missiler. - Organisere Forsvaret slik at avdelinger med operativt ansvar får større rådighet over egne anskaffelser og ansettelse, og slik at alle forsvarsgrener er godt representert i avgjørelsesfora. - Legge forholdene til rette for at de militære skolene vesentlig øker og helst doubler inntaket så raskt som mulig, og videreføre styrkingen av Heimevernet gjennom økte ressurser til trening og moderne materiell. Bruken av deltidsansatte reservister bør utredes. - Styrke forsvaret av Norges kyst- og havområder, herunder gjennom å styrke Kystvakten og grenens evne til samarbeid med politiet, og gjennom å videreføre Forsvarets satsing på styrker spesifikt innrettet mot kontroll og overvåkning langs kysten.	Det er bred enighet om at Forsvaret må styrkes for å sikre rikets sikkerhet og selvstendighet. Den nylig vedtatte langtidsplanen for Forsvaret bør derfor følges opp så hurtig og dekkende som mulig. En mangelfull side ved langtidsplanen er imidlertid at området rundt Bergen per nå blir stående uten adekvat langtrekkende luftvern, til tross for at området inneholder vesentlige befolknings-sentre og kritisk infrastruktur av nasjonal og europeisk betydning. Det bør derfor så snart som mulig investeres i egnet luftvern for å beskytte bergensområdet, og eventuelt også andre befolkningstette og forsvarskritiske områder, fremfor at bare det sentrale Østlandet skal dekkes. Et sterkt forsvar er videre avhengig av en effektiv organisering hvor anskaffelser og ansettelse kan behandles hurtig og kostnadseffektivt. Forsvaret bør derfor organiseres slik at avdelinger får mer direkte kontroll og rådighet over materiell og personell. Det er videre viktig at alle forsvarsgrener er representert der hvor viktige avgjørelser fattes, slik at viktige prioriteringer og investeringer skjer i lys av helheten av Forsvarets arbeid. Forsvarets evne til å beskytte landet er avhengig av kvalifisert og godt trent personell. Inntaket til militære skoler bør derfor økes, og Heimevernet bør styrkes gjennom økte ressurser til trening og moderne materiell. Satsingen på reservister bør videreføres da disse ifølge eksperter utgjør en kostnadseffektiv måte å øke landets militære utholdenhet. Det bør utredes en mulighet for lønnet aktiv tjeneste på deltid like etter førstegangstjenesten for å bevare kritisk kompetanse	Forsvarspolitik	Oversendes redaksjonskomiteen	
Arbeiderpartiet i Bergen	55	Sikre totalberedskapen Forslag: - Det må utarbeides en totalberedskapskampanje som opplyser befolkningen - Investere i og ruste opp tilfluktsrom. Utrede alternativer til tradisjonelle tilfluktsrom - Opprette flere beredskapslagre og generatorer for alternativ produksjon av energi - Vi må sette av midler til trening, og kapasitet i den sivile spesialisthelsetjenesten til å kunne ta imot militære traumepasienter. - Totalberedskapskommisjonens rapport må leses i sammenheng med langtidsplanen for forsvaret. Bør følges opp med en egen langtidsplan for totalberedskap. - Utvikle konkrete tiltak for å hindre og reagere på bruken av hybride verkmiddel mot Norge inkludert sabotasje og cybersabotasje.	Arbeiderpartiet i Bergen ønsker å gjøre mer for å beskytte sivilbefolkningen i Norge. Sivilbefolkningen må ha tilgang til tilfluktsrom og få en innføring i sivil beredskap. Som en del av totalberedskapen må vi investere i og ruste opp tilfluktsrom, og kommunene må få klare pålegg fra staten om hvilke krav som stilles. Det bør også utredes hvilke alternativer til tradisjonelle tilfluktsrom som finnes i dag, herunder mulig sambruk med andre funksjoner som parkeringsanlegg, fjellhaller, tunneler etc. Informasjon om disse må være lett tilgjengelig for landets innbyggere, uavhengig av hvilken kommune man bor i. Ved krise og krig må den samfunnskritiske delen av sivilsamfunnet og Forsvaret samvirke. Vi må styrke integriteten og forsvarsevnen til norske bedrifter, helsevesenet og sivilsamfunnet for øvrig.	Forsvarspolitik	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Bjørnafjorden Arbeiderparti	56	Det må utredas alternative løysingar for digital tilgang til HelseNorge for fosterforeldre.	Fosterforeldre har den daglege omsorga for barn i fosterheim på vegne av barnevernstenesta. Det inkluderer å sørge for at barnet får nødvendig helsehjelp, men per i dag har ikkje fosterforeldre tilgang til opplysningar om barnet på HelseNorge. Det gir store utfordringar blant anna i å ha ei tilfredsstillande oversikt over timeinnkallingar, reseptar, vaksiner og pasientjournal etc. i tillegg til enkel kommunikasjon med helsetenesta. Tilgangsstyring til Helsenorge baserast på kven som er registrert med foreldreansvar i folkeregisteret. I tillegg kreves at ein av foreldra må ha same bustadsadresse som barnet for at foreldra skal ha tilgang. Er barnet flytta får ikkje foreldra tilgang, ei heller ikkje fosterforeldra. Dei må be om innsyn i helseopplysningar manuelt med fullmakt frå det lokale barnevern.	Helsepolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Fedje Arbeiderparti	57	* Bedre tilgjengelighet til helsetjenester - Tilgang til fastlege, gynekolog og mammografi. Telemedisin og digitale konsultasjoner bør utvides. * Styrking av lokal helsetjeneste - Kommunal bistand ved spørsmål rundt abort og bedre oppfølgingen rundt frivillig/ufrivillig abort i alle kommuner. Inkludert tilgjengelige støttegrupper og veiledning.	Kvinnehelse i distrikts-Norge står ovenfor flere utfordringer. Dette gjelder både tilgang på spesialister og lange avstander til helseinstitusjoner. Alle har rett på likeverdig helsehjelp uansett hvor i landet de bor.	Helsepolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Stad Arbeiderparti	58	Utanforskap for unge Arbeiderpartiet må sikre at; -Kommunane må få øymerka midlar til "friplassar" for born og unge med utfordringar -Helsestasjonar og barnehagar har kompetanse på kva som påverkar barn si utvikling, i seg sjølv og i eit fellesskap -Barselgrupper vert sett i system med tanke på å gi mor tilhøyrrighet og barnet eit sosialt utgangspunkt -Kommunane er rusta med tverrfaglege team for tidleg innsats	Utanforskap kan råke alle og i alle fasar av livet, men nokon er meir utsett enn andre og utfordringane meir forutsigbare. Barn av foreldre i utanforskap, barn av foreldre med store helseutfordringar og sosiale vanskar, integreringsproblematikk m.v, vert ofte fødd inn i utanforskap. Desse barna har vanskelegare for å tilpasse seg evt eigne fysiske og psykiske utfordringar og byrjar dermed livet i ein vanskeleg utgangsposisjon. Dersom ikkje tiltak vert sett inn så tidleg som råd, vil eit barn som lukkast gjere det til tross for og ikkje på grunn av rammene rundt seg. Og rammer, tilhøyrrighet, tilpassa utfordring og det å bli sett – og kjenne kjærleik er ein grunnleggande del av å utvikle eit sunt og godt sjølvbilet i møte med samfunnet rundt seg.	Helsepolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Sunnfjord Arbeiderparti	59	Tryggleik ved gynekologiske undersøkingar. Det må vere kvinneleg helsepersonel til stades ved gynekologiske undersøkingar.	Med bakgrunn i den saken som går i retten om overgrep fra en kommunalege i Trøndelag så håper eg at Helsedirektoratet nå tar opp denne saken og utarbeider en forskrift som sier at ved gynekologiske undersøkelser på legekantor i dette landet SKAL det i tillegg til lege være en kvinnelig sjukepleier til stede sammen med legen. Våre kvinner / jenter skal være trygge i slike situasjoner.	Helsepolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Ulvik Arbeiderparti	60	Mammografibussen tilbake til Ulvik, Voss og Aurland	Mammografiprogrammet inviterer kvinner 50 - 69 år til mammografi kvart annet år. Frå 1996 til 2024 reiste mammografibussen til Ulvik, Voss og Aurland for å tilby brystkreftundersøking. I den siste perioden var bussen kun tilgjengeleg på Voss. I september 2024 vart det vedteke å endra tilbodet og mammografibussen vart erstatta med mammografiscreening på Danmarks plass i Bergen. Kvinner i Ulvik, Voss og Aurland må no altså reisa til Bergen for mammografiundersøking. Frå Ulvik (og Aurland) tek det rundt 5 timar tur/retur å reisa. Mange kvinner droppar no å møte til desse timane, på grunn av lang reiseveg, og at ein må ha fri frå jobb ein heil dag. Det har og vist seg å vera svært vanskeleg å bytta time. Ulvik Arbeidarparti krev mammografibussen tilbake til Ulvik, Voss og Aurland.	Helsepolitikk	Oversendes styret	
Øygarden Arbeiderparti	61	Betre førebyggjande helsehjelp til utviklingshemma Personar med nedsett funksjonsevne som også har kognitive utfordringar vil ofte vere heilt avhengige av eit godt hjelpeapparat og/eller ressurssterke familiemedlemmar eller vener rundt seg for å få riktig og naudsynt helsehjelp til rett tid. Mange har i tillegg auka sjukdomsrisiko, mellom anna personar med utviklingshemming. Øygarden Arbeidarparti foreslår difor at den førebyggjande, jamnlege helsehjelpa til denne gruppa vert styrka.	Personar med nedsett funksjonsevne som også har mangelfullt språk/tale eller liknande utfordringar har særskilte utfordringar knytt til eiga helse. Manglande høve til å melde frå om smertekjensle, helsemessige endringar eller andre helsemessige forhold gjer at det lett kan oppstå behov for umiddelbar og kritisk helsehjelp. Dette er likevel ikkje noko det er nok merksemd om i primærhelsetenesta. At ein del grupper av personar med nedsett funksjonsevne slit med god nok tilgang til og oppfølging frå fastlegen er diverre ei kjent problemstilling – som det heldigvis vert jobba med frå ulike hald. Dette er det mogleg å gjere noko med. Ved større fokus på jamnleg, førebyggjande helsehjelp kan ein lettare fange opp sjukdom og endring av	Helsepolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Voss Arbeiderparti	62	Regulering av vikarbyrå Arbeidarpartiet skal arbeida for nasjonal regulering av vikarbyrå innan helse og omsorg. Dette kan til dømes skje gjennom sterkare kontroll med kvaliteten på dei tenestene vikarbyråa tilbyr, og gjennom arbeidstidsreguleringar i Arbeidsmiljølova.	Grunngjeving: Mangel på arbeidskraft innan helse og omsorg er ei stor utfordring for mange kommunar. Når det oppstår ekstraordinære omsorgsbehov og ved sjukdom hjå fast tilsette, hamnar kommunane ofte i ein vanskeleg situasjon. Dette er noko dei private vikarbyråa veit å utnytta, noko som fører til store meirutgifter for kommunane. Vikarbyråa er profesjonelt organiserte og opererer over heile landet. Dei tilbyr fleksible arbeidstidordningar og høgare løn (men dårlegare pensjonsvilkår), og framstår som attraktive for eit tilstrekkeleg antal profesjonsutøvarar til at ein får eit system der det offentlege systematisk vert tappa for arbeidskraft og økonomiske ressursar.	Helsepolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Luster Arbeiderparti	63	Luster Arbeiderparti ber Arbeiderpartiet i regjering og storting om å ta ansvar for tilbudet til personar med rus og psykisk sjukdom i større grad enn no. Tilbudet om døgnbehandling må styrkast, reduksjon av tal plassar stoppast. Auka kompetanse og meir ressursar må på plass ute i kommunane for å hindra ein varsla katastrofe. Denne pasientgruppa fortener til liks med personar med andre helserelaterte vanskar få eit godt og verdig tilbod.	Rus og psykiatri Luster Arbeiderparti meiner at tilbudet om døgnbehandling innanfor rus og psykiatri er betydeleg svekka dei seinaste åra. Det er blitt mange færre døgnplassar og opphalda er kraftig redusert i tal liggedøgn. I Hurdalsplattformen vart det lagt opp til at ein skal hjelpe folk der dei bur og støtte opp om frivilligheit, ideelle føretak, og organisasjonar. Det stikk motsette har skjedd, stoppa avtalar med ideelle organisasjonar, og nedlegging av offentlege institusjonsplassar. Dette har ført til stor nedgang i tal behandlingsplassar for denne gruppa og kvalifisert personale forsvinn til andre yrke. Det har ikkje vorte meir resursar og kompetanse ute i kommunane. Luster Arbeiderparti meiner at dette er eit alvorleg tilbakesteg for menneskjer med utfordringar i forhold til rus og psykiske lidningar. I media høyrer me stadig oftare om kriminalitet, vald, og drap utført av personar med slike utfordringar som ikkje har fått tidleg eller nok hjelp. Dette rammar ikkje berre dei som har denne diagnosen, men påverkar også familie, venner, og storsamfunnet. Luster arbeidarlag meiner at ei varsla krise innan denne sektoren står for døra dersom ikkje desse pasientgruppa får den hjelp dei treng.	Helsepolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Arbeiderpartiet i Bergen	64	Innføring av prisregulering for tannhelsetjenester Forslag: Kommande stortingsperiode skal Arbeiderpartiet sørge for å få tetta dette holet i velferdsstaten. For å sikre god kontroll og styring over dei offentlege utgiftene til tannhelse, skal det innførast prisregulering for tannhelsetenester og endå tydelegare verte definert kva som er nødvendig tannbehandling.	Holet i velferdsstaten skal tettast innan 2029 I Hurdalsplattforma heiter det at: "ein ønskjer ei gradvis utviding av den offentlege tannhelsetenesta med mål om å likestille ho med andre helsetenester." Dette er følgt opp med utvida generelle rettar for alle opp til og med 28 år. Det regjeringsoppnemnde tannhelseutvalet peikar i utgreiinga si på at ein høgare del av befolkninga i Noreg oppgir å ha eit udekt behov for tannhelsetenester enn det andre som er gjennomsnittet i EU, og vidare at: "bruken av tannhelsetenester heng saman med inntektsnivå." Og dei tilrår med bakgrunn i utgreiinga si, å likestille nødvendige tannhelsetenester med andre helsetjenester, og som ei følgje av dette at frikortordning blir utvida til å omfatte tannhelse.	Helsepolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Arbeiderpartiet i Bergen	65	Prioritere den offentlege tannhelsetjenesten Forslag: Det offentlege tannhelsetenesta må byggjast vidare ut. Fylkeskommunen skal ha ei sentral rolle i arbeidet med å utvikle og forvalte den universelle norske tannhelsetenesta i framtida.	Holet i velferdsstaten skal tettast innan 2029 I Hurdalsplattforma heiter det at: "ein ønskjer ei gradvis utviding av den offentlege tannhelsetenesta med mål om å likestille ho med andre helsetenester." Dette er følgt opp med utvida generelle rettar for alle opp til og med 28 år. Det regjeringsoppnemnde tannhelseutvalet peikar i utgreiinga si på at ein høgare del av befolkninga i Noreg oppgir å ha eit udekt behov for tannhelsetenester enn det andre som er gjennomsnittet i EU, og vidare at: "bruken av tannhelsetenester heng saman med inntektsnivå." Og dei tilrår med bakgrunn i utgreiinga si, å likestille nødvendige tannhelsetenester med andre helsetjenester, og som ei følgje av dette at frikortordning blir utvida til å omfatte tannhelse.	Helsepolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Arbeiderpartiet i Bergen	66	Innføring av et egenandelskort for nødvendig tannhelsetjenester Forslag: Arbeiderpartiet vil at alle skal ha rett til nødvendig tannhelsehjelp og at en innfører et egenandelskort for nødvendig tannhelsetjenester. Barn og unge skal få nødvendig kjeveortopedisk behandling gratis og at den off. tjenesten får ansvar for å gi tilbudet. Den off. tjenesten må bli en del av helsevesenet og kom. bør få ansvar for primære tjenester og de regionale helsefor. ansvar for spesialisttannhelsetjenester.	Arbeiderpartiets mål er en universell tannhelsetjeneste. Vi vil erstatte dagens lappeteppe av målrettede og behovsprøvede tiltak med en ordning hvor hele befolkningen sikres en rett til nødvendige tannhelsetjenester, slik man har for resten av helsetjenestene. I dag er den offentlige tannhelsetjenesten organisert på fylkeskommunalt nivå og adskilt fra resten av helsevesenet. Arbeiderpartiet vil gi kommunene ansvaret for primære tannhelsetjenester og staten, ved de regionale helseforetakene, ansvaret for spesialisttannhelsetjenester.	Helsepolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Arbeiderpartiet i Bergen	67	Utvide tilbud for forebygging av psykisk uhelse hos ungdom Forslag: Utvide tilbud for forebygging av psykisk uhelse hos ungdom	Helse Bergen sitt tilbud innen psykisk helse for barn og ungdom (BUP) har sprengt kapasitet, og må derfor prioritere hardt og brutalt hvem som kan tilbys behandling. Psykisk helse blant barn og ungdom må prioriteres høyere for å hindre /forebygge psykisk uhelse, spiseforstyrrelser, ufrivillig skolefravær, utenforskap og rekruttering til rusmidler for ungdom. Arbeiderpartiet i Bergen vil jobbe for å øke bevilgninger slik at en kan oppjustere kapasitet ved at flere kan få livsviktig behandling innen <u>barne- og ungdomspsykiatri (BLUP) i Bergen.</u>	Helsepolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Arbeiderpartiet i Bergen	68	Bekjempe vold mot kvinner Forslag: For å bekjempe vold mot kvinner vil Arbeiderpartiet arbeide for en helhetlig og styrket innsats gjennom blant annet følgende tiltak: - Arbeiderpartiet vil jobbe for obligatorisk opplæring i vold og overgrep for ansatte i helsevesenet, politiet og sosialtjenestene. Vi vil opprette stillinger som egne voldscoordinatorer i kommunene for å sikre bedre samhandling mellom ulike etater og tjenester. - Arbeiderpartiet vil øke tilgjengelighet av omvendte voldsalarm, slik at flere voldsutøvere kan overvåkes, og vi vil prioritere dette spesielt i byer som Bergen hvor dagens tilbud er mangelfullt. - Arbeiderpartiet vil styrke akutthjelpen til voldsofre, og vi vil utvikle bedre ettervernstilbud for å gi støtte også etter at den akutte situasjonen er over. - Arbeiderpartiet vil sikre at kvinner i aktiv rus får tilgang til krisesentertilbud og annen beskyttelse. Vi vil opprette spesialiserte tiltak som kombinerer rusomsorg og støtte til kvinner utsatt for vold. - Arbeiderpartiet vil jobbe for at legevakter skal ha økt kompetanse og klare retningslinjer for å håndtere voldsofre, med særlig fokus på de som er i en sårbar situasjon, som for eksempel kvinner i aktiv rus. - vil sikre at ingen kvinner avvises fra krisesentre på grunn av	Årets 16 dagers kampanje og FNs menneskerettighets dag 'Liv uten vold er en menneskerett' hadde disse tema på dagsorden. Det kom mange konkrete tiltak fra flere organisasjoner. Det er ikke sikkert alt er gjennomførbart men det er likevel viktig å sette fokus på det på vårt årsmøte og være konkrete. Med disse tiltakene ønsker Arbeiderpartiet å bygge et trygt samfunn der voldsofre får rask og helhetlig hjelp, der lovverket fungerer til deres beste, og hvor forebygging av vold og ettervern står sentralt. Dette står i kommune partiprogrammet vårt i dag: Vi vil i tillegg arbeide aktivt mot vold i nære relasjoner, og sikre et nytt krisesentertilbud som favner alle grupper. Bedre soningsforhold i fengslene bidrar beviselig til rehabilitering. Soningsforholdene, særlig for kvinner, har et stort forbedringspotensial.	Helsepolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Sveio Arbeiderparti	69	Fra kvinnenettverket: Arbeiderpartiets uttalelse vold mot kvinner: Vold i nære relasjoner er en alvorlig utfordring som rammer altfor mange kvinner i Norge. Det er vår plikt som samfunn å sikre trygghet og verdighet for alle, uansett livssituasjon. Arbeiderpartiet mener at ingen skal stå alene når volden rammer, og vi vil derfor jobbe målrettet for å styrke hjelpetilbudene, forbedre lovverket og øke kompetansen i alle ledd. Systemene i dag snakker ikke helt klart sammen og det erfares ulike kompetansenivå fra ulike offentlige instanser voldsofre møter. Organisasjonene som aktivt jobber med dette og møter mange voldsofre forteller at det oftest er mangel på kunnskap som gjør at ofrene kan fort bli kasteball. Vi vet også at kvinner i aktiv rus er en spesielt utsatt gruppe, både fordi de ofte står utenfor ordinære hjelpesystemer og fordi de risikerer å bli utestengt fra eksisterende tiltak. Mange opplever å bli avvist fra krisesentre eller ikke få nødvendig støtte på legevakter. Denne sårbare gruppen må møtes med tiltak som kombinerer rusomsorg med støtte for å beskytte dem mot vold. Arbeiderpartiet vil derfor sikre at ingen avvises fra hjelp basert på rusproblemer, og vi vil utvikle spesialiserte tilbud som ivaretar kvinner i rusmiljøer, med fokus på trygghet og verdighet.	Begrunnelse: Årets 16 dagers kampanje og FNs menneskerettighets dag 'Liv uten vold er et menneskerett' hadde disse tema på dagsordenen. Det kom mange konkrete tiltak fra flere organisasjoner. Det er ikke sikkert alt er gjennomførbart, men det er likevel viktig å sette fokus på det på vårt årsmøte og være konkret. Med disse tiltakene ønsker Arbeiderpartiet å bygge et trygt samfunn der voldsofre får rask og helhetlig hjelp, der lovverket fungerer til deres beste, og hvor forebygging av vold og ettervern står sentralt.	Helsepolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Årdal Arbeiderparti	70	Fri parkering ved offentlige sjukehus.	Når ein pasient eller pårørende skal parkera ved eit sjukehus, skal dei ikkje bli påført ekstra kostnader i ein elles vanskeleg livssituasjon. Mange sjukehus dekker eit stort geografisk omland og i mange tilhøve er ikkje offentlig transport tilgjengeleg eller høveleg. Dei tilsette ved sjukehuset treng heller ikkje belastninga med parkeringsavgifter, då dei jobbar på alle døgnets tider og ofte treng bil for å komma på jobb.	Helsepolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Årdal Arbeiderparti	71	Arbeidarpartiet skal lage ein plan for å inkludere tannhelse i allmenne helsetenester. I arbeidet med å trappe opp dekninga for tannhelse må dei med dårlegast råd prioriterast først uavhengig av aldersgruppe.	Tennene høyrer til kroppen. Dårleg tannhelse er eit stort problem både medisinsk og sosialt. Me er glade for at ungdom opp til 28 år har fått reduserte kostnader, men i den vidare opptrappinga må dei med dårlegast råd prioriterast.	Helsepolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Askøy Arbeiderparti	72	Vestland Arbeiderparti vil: - Utrede aktiv dødshjelp i Norge. Utredningen skal basere seg på medisinske vurderinger fra fagpersoner. En potensiell innføring av aktiv dødshjelp i Norge, forutsetter at man finner et system som hensyntar pasienter, pårørende og helsepersonell på en god måte.	Utredning av aktiv dødshjelp Mange mennesker lever med alvorlig sykdom som forårsaker store smerter som fratar dem all verdighet og selvstendighet i siste fase i livet. For flere av de som lever med slike sykdommer, føltes det som at livet allerede har endt, og de venter bare på den dagen hvor smertene tar slutt. De siste årene har vi lest mange historier om nordmenn som reiser til Sveits for å få hjelp til å dø. De ønsker å avslutte livet på egne premisser. Aktiv dødshjelp, eller eutanasi, er forbudt i Norge. Det finnes flere grunner til dette. Noen av grunnene handler om hensynet til helsepersonellet som skal avslutte en pasients liv. Andre grunner handler om hvorvidt en person med så store smerter egentlig er i stand til å fatte en slik beslutning på et rasjonelt grunnlag. Debatten om aktiv dødshjelp er preget av sterke følelser på begge sider. En eventuell innføring av aktiv dødshjelp vil kreve grundige og omfattende utredninger. Arbeiderpartiet er kritisk til aktiv dødshjelp, samtidig anerkjenner vi menneskers ønske om å kunne dø på egne premisser.	Helsepolitikk	Oversendes styret	
Askøy Arbeiderparti	73	Vestland Arbeiderparti vil: • at det legges frem en strategi for å sikre rammebetingelser og vekst av ideelle aktører som tilbyr et supplement til offentlige tjenester.	Ideelle aktører i helse Ideelle aktører er et viktig supplement til det offentlige tjenestetilbudet og sikrer mangfold i velferdssektoren. Ideelle aktører skiller seg fra kommersielle ved at overskudd i driften blir reinvestert i tjenestene. Det er viktig å sikre at ideelle aktører ikke blir utkonkurrert av store kommersielle selskaper.	Helsepolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Kvam Arbeiderparti	74	Det må byggjast mykje meir studentbustader.	Arbeidarpartiet skal vera stolte av å vera arkitekten bak lik rett til utdanning. Ved etableringa av Statens Lånekasse fekk «alle» moglegheit til å utdanna seg til det dei vil. Slik det er no, der studentbustader er eit knappheitsgode der utdanningsinstitusjonane ligg, vert dei fleste studentar nøydde til å skaffa bustad på den private marknaden. Dette kan vera dyrt, det legg beslag på store delar av studiestøtta, og er difor med på å uthola den like retten til utdanning. Samstundes har me ein situasjon der byggentreprenørane våre slit. Marknaden for nybygg har stagnert og falle tilbake. I denne situasjonen bør staten vera aktiv og stimulera byggjebransjen med eit tiltak som har stor også samfunnsnytte, nemleg bygging av fleire studentbustader.	Høyere utdannings- og forskningspolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Bjørnafjorden Arbeiderparti	114	Det bør utgreiast/vurderast oppretting av ein statleg "enøk/enova-bank" der ein kan søkje om lån på gunstige vilkår som bidrag til dekning av den eigenkapital som krevs ved enøk-tiltak, solcelleanlegg, m.m., der det er statlege tilskot til tiltaka	Tilskot til enøk-tiltak, solcelleanlegg, m.m., er avgrensa i forhold til totalkostnadene ved tiltaka, noko som fører til at store grupper ikkje kan dra nytte av desse ordningane. Tilskota idag synes i hovudsak å gå til grupper med relativt god økonomi, og det er ønskeleg at breiare grupper kan setjast i stand til å gjennomføre tiltak. Kanskje kan <u>oppgåva leggjast til Husbanken.</u>	Miljø- og klimapolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Fedje Arbeiderparti	115	Gi kommunene midler til å investere i mer effektiv infrastruktur og teknologi som for eksempel moderne og energieffektiviserende rensaneanlegg.	Vann -og avløp er helt nødvendige og essensielle tjenester kommunene gir til alle innbyggerne sine. I de fleste kommunen er det et stort vedlikeholdsetterslep på vann -og avløp, noe som gjør at de kommunale gebyrene på disse tjenestene stiger år etter år. Her må staten ta et større ansvar.	Miljø- og klimapolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Kvam Arbeiderparti	116	Det må koma ein opptrappingsplan for flaumsikring med prioritering av prosjekt. Det må setjast av tilstrekkelege midlar i komande statsbudsjett til dette alt for 2026.	Det er positivt at regjeringa i Stortingsmeldinga «Tryggare framtid – førebudd på flaum og skred» reduserer den kommunale eigendelen i flaumsikringsprosjekt. Klimaendringane gjer at det hastar med å få på plass ein opptrappingsplan for tiltak for å sikra samfunnet mot slike hendingar. Klimaendringane bringer med seg mildare vintrar og auka nedbør – ikkje minst på vestlandet. Dette aukar risikoen for svært alvorlege hendingar, og det er viktig at styresmaktene set i verk kraftige tiltak så raskt som råd.	Miljø- og klimapolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Kvinnherad Arbeiderparti	117	Sikring mot ras og flaum Dette må prioriterast opp og fram. Ikkje berre vegar med trygghet , men også distrikt eller område som blir innesperra og isolert.	Vegfarande kan ikkje leva med utrygghet for ras og flaum. Eksempel: Ullensvang innesperra på grunn av ras og flaum. Ikkje holdbart. Dette er utfordringar som må ha første prioritet, framfor andre vegløyvingar , dersom ein må prioritera økonomisk.	Miljø- og klimapolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Masfjorden Arbeiderparti	118	Arbeidarpartiet må i regjering og på Stortinget vise veg med omsyn til grøn omstilling. •Styrke Enova som verktøy i omstillingsarbeidet •Styrke gunstige skattefordelar for næringsliv i omstilling. •Utvikle system og krav til forenkla klimarekneskap for bedrifter innan 2030. •Styrke fylkeskommunane som utviklingsaktør og driftsoperatør innan offentlig transport. •Vite intensiv for at transportnæringa skal utvikle seg i retning nullutslepp. •Bygge ut fleire hurtigladestasjonar både i by og distrikt. •Styrke forskning i olje- og energibransjen med omsyn til omstillingsarbeidet. •Vareta naturmangfald i omstillingsarbeidet.	Vestlandet har tatt posisjon for å gå føre i omstillinga til eit nullutsleppssamfunn, men det hastar med tiltak for å nå klimamåla i Parisavtalen innan 2030. For at omstillinga skal akselere, føreslår Vestland Ap følgjande tiltak:	Miljø- og klimapolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Masfjorden Arbeiderparti	119	Vestland Ap vil prioriterer vern om landskap, naturmangfald og friluftsliv høgt, og seier nei til utbygging av vindkraftanlegg i heile Stølsheimen.	Vindkraftutbygging i Stølsheimen. I vestlege deler av Stølsheimen, nærare eit areal på 55km² i Modalen kommune, tett opp til både Alver, Masfjorden og Høyanger kommunar, er det under planlegging ei vindkraftutbygging i form av 100 vindmøller på inntil 230 meter høgde. Vindkraft på land er den mest arealkrevjande energiforma, og vil øydelegge eit av de største og viktigste friluftsområdene i regionen vår i følge Bergen og Hordaland turlag. «Det som i dag er et fredelig turområde, både sommer og vinter, vil bli sterkt påvirket av utbygging, støy og fare for iskast. Tre mål store oppstillingsplasser rundt hver turbin, og nesten 100 kilometer med anleggsveier, vil føre til irreversible ødeleggelser av omtrent 1,5 kvadratkilometer fjellnatur – sannsynligvis enda mer. Kraftverket vil forringe og fragmentere et svært snørikt høyfjellsområde, med en unik flora som finnes svært få andre steder i Norge, og ellers i verden. Høyfjellsfugler som fjellrype, snøspurv, fjæreplytt og sandlo hekker i det aktuelle området. Disse artene er allerede under press fra klimaendringene.» Vestland Ap er einige med turlaget, og meiner at vern om landskap og naturmangfald må prioriterast i Stølsheimen.	Miljø- og klimapolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	Styret viser til lovendringene som er gjort på området.
Stryn Arbeiderparti	120	Konsekvensane av klimaendringane med oftare skadeflaum, skred og skredfare er svært alvorlege for liv og helse, samfunnstryggleik, beredskap, næringsutvikling og busetnad i mange kommunar på Vestlandet. Regjeringa må ta større ansvar for førebygging mot flaum og skred gjennom auka ressursar til NVE. Kommunar som er hardt råka kan ikkje ta større økonomisk ansvar utan auka overføringar frå staten. Fylkeskommunen må få vesentleg auka løyvingar, som dekker den reelle trongen til rassikring på fylkesvegane. Staten må ta koordinerings- og finansieringsansvar der det er fleire ulike aktørar involvert. Reglane for verna vassdrag må tilpassast den nye situasjonen.	Stortingsmeldinga om tryggare framtid legg til grunn eit overordna prinsipp i flaum- og skredpolitikken at førebyggjande tiltak skal prioriterast ut frå samfunnsøkonomisk lønnsemd. Dette inneber at tiltak som blir sette i verk, skal ha større nytte enn kostnader, og at tiltaka med størst nytte i forhold til kostnadene skal setjast i verk først. Førebyggingsarbeidet skal prioriterast mellom flaum og skred, mellom ulike typar skred og mellom ulike tiltak. Konsekvensane av ei slik tilnærming kan lett bli at tryggleiken til mindre bygdesamfunn blir sett til side på grunn av vanskeleg økonomi i kommunar og fylkeskommunen. Enten vil tiltak kunne bli nedprioriterte på grunn av mindre samfunnsøkonomisk lønnsemd, eller svak økonomi i kommunar og fylkeskommunen. Alle liv er like mykje verd. Midlar til førebygging av flaumskadar gjennom NVE, og midlar til skredsikring på både riks- og fylkesvegane (fylkeskommunalt ansvar) er i dag altfor små, og må aukast opp til faktisk reell trong. Særleg er det viktig å sikre tryggleiken for eksisterande busetnad og infrastruktur, som ikkje kan løysast med førebyggjande arealplanlegging. Kommunane kan ikkje ta ansvar for konsekvensane av klimaendringane for eksisterande infrastruktur.	Miljø- og klimapolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Ullensvang Arbeiderparti	121	Det må kome ein opptrappingsplan for flaumsikring med prioritering av prosjekt.	Det må setjast av tilstrekkelege midlar i komande statsbudsjett til dette alt for 2026. Det er urimeleg at særskilt flaum- og ras utsette kommunar skal bera kostnadene med sikringstiltak aleine. Det bør derfor opprettast eit nasjonalt fond for klima-, ras- og flaumsikring som set kommunane økonomisk i stand til å sikra liv og helse for innbyggjarane sine. Det er positivt at regjeringa i Stortingsmeldinga «Tryggare framtid – førebudd på flaum og skred» reduserer den kommunale eigendelen i flaumsikringsprosjekt. Klimaendringane gjer at det hastar med å få på plass ein opptrappingsplan for tiltak for å sikra samfunnet mot slike hendingar. Klimaendringane bringer med seg mildare vintrar og auka nedbør – ikkje minst på Vestlandet. Dette aukar risikoen for svært alvorlege hendingar, og det er viktig at styresmaktene set i verk kraftige tiltak så raskt som råd.	Miljø- og klimapolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Vestland AUF	122	Hyttebygging i norsk natur Hytter har lenge vært en viktig del av norsk kultur, men stadig flere bygges i sårbare fjellområder, langs uberørte kystlinjer og i skogsområder som tidligere har vært leveområder for dyreliv. For å redusere miljøbelastningen og bevare naturen, kan vi tenke mer bærekraftig. Vi må bli bedre på å dele hyttene våre, for å spare både penger og ressurser. Samtidig må vi innføre et forbud mot videre hytteutbygging i urørt natur, særlig i områder som er sårbare for menneskelig påvirkning. Vestland Arbeiderparti vil: • At familier skal kunne dele på én hytte for å redusere behovet for nye hytter. • Forby utbygging av nye hyttefelt • Skape muligheter for utleie av hytter når de ikke er i bruk, for å fremme bærekraftige løsninger. • At alle arealplaner skal "planvaskes" med nye vurderinger rundt		Miljø- og klimapolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Vestland AUF	123	Kampen mot "kjøp og kast" Norge har i dag et enormt forbruk, noe som ikke vil være forenelig i overgangen til et mer fornybart samfunn som vi er på vei inn i. Målet må være å ombruke, gjenvinne og ta vare på ressursene i alt som produseres i en sirkulærøkonomi. Sirkulærøkonomien lar ressursene gå i sirkler, heller enn at de forbrukes. Den innebærer også å kontrollere bruken av ikke-fornybare ressurser som mineraler og metaller, samtidig som vi klarer å balansere bruken av fornybare ressurser. Den sirkulære økonomien innebærer at det lønner seg å reparere heller enn å kjøpe nytt, at det stilles krav til holdbarhet på det som produseres og at avfallet brukes som nye ressurser heller enn å bli sett på som en byrde. På lang sikt vil en sirkulær økonomi bidra til at det skapes minimalt med avfall, fordi alle ressursene går i sirkler der nye produkter oppstår når gamle blir ødelagt. Derfor er det viktig at det er lønnsomt for bedrifter og aktører å produsere produkter som er laget for å være		Miljø- og klimapolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Vestland AUF	124	En trygg omstilling til lavutslippssamfunnet Norge har forpliktet seg gjennom klimaloven til å bli et lavutslippssamfunn innen 2050, både for å ta ansvar for egne utslippskutt og for å tilpasse oss lavere etterspørsel etter fossil energi sammenlignet med utslippsfri energi. Dette innebærer en omstilling hvor klimagassutslipp i praksis må elimineres. For Arbeiderpartiet er det ufravikelig at vi klarer denne omstillingen. Klimakrisen truer både økosystemer og økonomisk stabilitet. Derfor trenger vi en omstillingsprosess som er både rettferdig og bærekraftig, og som samtidig skaper nye, grønne arbeidsplasser. EU skal fram mot 2040 redusere sitt forbruk av fossile energikilder med omtrent 80 prosent, sammenlignet med 2021. Det er en utvikling i verden Arbeiderpartiet skal følge opp. I fremtiden vil de tryggeste arbeidsplassene være i industri med lavt klimagassutslipp. Regjeringens kompetanseutvalg har pekt på at høy aktivitet i olje- og gassnæringen i dag fører til at kompetent arbeidskraft ikke frigis til å fylle behovet for arbeidskraft i disse fornybarnæringene. Norge har de beste forutsetningene for å bygge ny, klimavennlig industri, men det krever politisk styring for å sikre at kompetanse og arbeidskraft, som begrensede ressurser, blir brukt riktig for å få til dette. Skanckeutvalgets NOU, "Omstilling til lavutslipp - Veivalg for		Miljø- og klimapolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Øygarden Arbeiderparti	125	Plastrydding av vestlandskysten Det er enorme mengder plast i strandsona i Vestland. Plastrydding av strandsona er difor eit både naudsynt og viktig tiltak. Forsking har også vist at plastrydding bidreg til redusere omfanget av mikroplast. Øygarden Arbeiderparti foreslår difor at både Vestland fylkeskommune og alle kommunar i Vestland med kystlinje – fjordane inkludert - må opprette tilskotsordningar for rydding av natur og strandlinja for plast og søppel.	85 prosent av forsøplinga av havet er plast, i følge ein rapport frå FN sitt miljøprogram i 2021. Betydninga av plastrydding kan såleis ikkje overdrivast. Frivillige krefter som til dømes Stiftinga Framtidshavet ligg allereie ned eit omfattande og særskilt viktig arbeid kvart år for å rydde plast i strandsona, og har til dømes egne prosjekt for både Hardangerfjorden og Sognefjorden. Det betyr at det allereie er på plass tilbod for andre organisasjonar, lag, verksemdar, parti m.m. som ynskjer å bidra til plastrydding. Den viktigaste ressursen i plastrydding er alle dei friviljuge som stiller opp og bidreg. Med kommunale og fylkeskommunale tilskotsordningar kan likevel denne friviljuge verksemda støttast opp om, slik at den veks i omfang. Tilskotsordningar kan innrettast slik at dei gjer støtte til så enkle ting som innkjøp av drivstoff, mat og redningsvestar, men også annonsering, administrasjonsutgifter og kommunikasjonstiltak. Med støtteordningar på plass vil plastrydding også lettare kunne verte eit	Miljø- og klimapolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Voss Arbeiderparti	126	Opptappingsplan for flaum- og rassikring Det er positivt at regjeringa i Stortingsmeldinga «Tryggare framtid – førebudd på flaum og skred» reduserer den kommunale eigendelen i flaumsikringsprosjekt. Det er urimeleg at særskilt flaum- og rasutsette kommunar skal bera kostnadene med sikringstiltak aleine. Det bør derfor opprettast eit nasjonalt fond for klima-, ras- og flaumsikring som set kommunane økonomisk i stand til å sikra liv og helse for innbyggjarane sine. Klimaendringane gjer at det hastar med å få på plass ein opptappingsplan for tiltak, og det må setjast av tilstrekkelege midlar til dette alt i statsbudsjettet for 2026.		Miljø- og klimapolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Voss Arbeiderparti	127	Oppretting av miljøombod Vestland Arbeidarparti ber om at det vert arbeidd for at Stortinget oppnemner eit miljø-ombod som har til oppgåve å fremja langsiktige interesser knytt til biologisk, landskapsmessig og geologisk mangfald. Miljøombodet skal følgja med på utviklinga av statu-sen for miljøet med eit særleg fokus på ivaretaking av slikt mangfald. Miljøombodet skal sjå til at norsk retts- og forvaltningspraksis er i sam-svar med dei internasjonale rettslege pliktene Norge har påtatt seg, og dei internasjonale po-litiske dokumenta og traktatane Norge har slutta seg til. Miljøombodet skal bidra til at lovgjeving om vern om miljømessige verdiar og interesser vert følgt, og bidra til at det vert gjeve tilstrekkeleg informasjon til det offentlege og private om statusen for miljøet og relevante miljømessige truslar, med eit sær-leg fokus på biologisk mangfald. Miljøombodet skal også kunna fremja forslag til tiltak som kan løyse eller føre-byggja konflikter mellom nærings- og miljøinteresser, føra tilsyn med at produkt og tenester ikkje vert marknadsførte som miljøvennlige på mivisande sett, og elles delta aktivt i offentlege debattar om miljømessige tema.		Miljø- og klimapolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Voss Arbeiderparti	128	Oppfylld av naturavtalen Arbeidarpartiet skal leggja FNs naturavtale og vern av biologisk mangfold til grunn ved vurdering av ny kraftutbygging som inneber nedbygging av natur. Verna vassdrag skal ha varig vern mot vidare utbygging av vannkraft.		Miljø- og klimapolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Alver Arbeiderparti	129	Forslag: Alver Arbeiderparti forventar at regjeringa følgjer opp vedtaket om å hente opp kvikksølv fra U-864 utanfor Fedje og set av dei nødvendige midlane i revidert nasjonalbudsjett eller seinast i statsbudsjettet for 2026.	Uttale om U-864 og kvikksølv ved Fedje Grunngjeving: Vraket av U-864, med anslagsvis 67 tonn kvikksølv, vart funne ved Fedje i 2003. Den store mengda kvikksølv har uroa langt fleire enn berre dei som bur på Fedje. Sidan då har det vorte utarbeidd fleire rapportar og gjort vedtak, men lite har skjedd. Kravet har heile tida vore at det einaste rette er å få heva så mykje av kvikksølv som mogleg på ein sikker måte. Ekspertutvalet som leverte sin rapport 20. september 2022 konkluderte med at det er mogleg å fjerna kvikksølv med ein forsvarleg risiko. No må dette gjerast før korrosjon gjer at kvikksølvbeholdarane ikkje lenger kan hevast. I revidert nasjonalbudsjett for 2024 vart det vedteke at mest mogleg av kvikksølv skal hevast. Dette vart kunngjort av fiskeri- og havminister Marianne Sivertsen Næss og barne- og familieminister Kjersti Toppe på Knarvik kai 13. mai 2024.	Miljø- og klimapolitikk	Oversendes Stortingsgruppen	
Ulvik Arbeiderparti	130	Flaumsikring	Det er positivt at regjeringa i Stortingsmeldinga «Tryggare framtid – førebudd på flaum og skred» reduserer den kommunale eigendelen i flaumsikringsprosjekt. Det er urimeleg at særskilt flaum- og rasutsette kommunar skal bera kostnadene med sikringstiltak aleine. Det bør derfor opprettast eit nasjonalt fond for klima-, ras- og flaumsikring som set kommunane økonomisk i stand til å sikra liv og helse for innbyggjarane sine. Klimaendringane gjer at det hastar med å få på plass ein opptrappingsplan for tiltak, og det må setjast av tilstrekkelege midlar til dette alt i statsbudsjettet for 2026.	Miljø- og klimapolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Arbeiderpartiet i Bergen	131	Resirkulering, gjenbruk og reparasjon Forslag: -Redusere forbrenningsavgiften slik at ikke næringsavfall sendes til utlandet for brenning -Stille strengere krav til resirkulering av flere typer personlig avfall i landets kommuner -Stille strengere krav til resirkulering av flere typer industrielt avfall i landets kommuner -Innføre panteordning for elektronisk utstyr av en viss størrelse -Fjerne merverdiavgiften på brukthandel og reparasjon (som for eksempel skreddere, skomakere, bruktbutikker ol. som forlenger varens levetid)	Avfall fra mat som ikke spises opp, tekstiler som ikke resirkuleres eller redesignes, plast fra landbruket, elektronisk avfall og ulike former for næringsavfall er alle eksempler på potensielle ressurser, dersom det resirkuleres eller håndteres riktig. I følge OECD er Norge i verdenstoppen i høyt materielt fotavtrykk per innbygger. Skal vi klare det grønne skiftet, må vi både bruke og gjenbruke ressursene våre på bedre måter enn i dag. Arbeiderpartiet i Bergen er opptatt av at man må kombinere incentiver og avgifter på en måte som gjør det attraktivt å resirkulere og gjenbruke, men også dyrere å ikke ta bærekraftige valg. Et stadig voksende område er brukthandel for klær. Dagens system hvor selgere må betale merverdiavgift på brukte klær, dersom de kjøpes i en bruktbutikk, er et eksempel på en uheldig ordning. Tilsvarende merverdi legges ikke oppå kjøpssummen dersom man som privatperson kjøper noe fra Finn.no eller Tise, og det ikke regnes som en inntektsgivende aktivitet. Merverdiavgiften på brukte varer bør fjernes eller reduseres, uavhengig av om varen kjøpes på digitale plattformer eller i fysiske butikker.	Miljø- og klimapolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Arbeiderpartiet i Bergen	132	Forbud mot import av varer med PFAS Forslag: • Innføre et forbud mot import av varer av typen klesplagg og lignende som inneholder polyfluoroalkyle substanser (PFAS).	Regulering av varer som kommer inn til Norge er nødvendig. Kun dette kan få en slutt på overforbruket av klær som blir solgt hovedsakelig fra nettbutikker som Temu. Arbeiderne som produserer for Temu jobber under tvilsomme arbeidsforhold. Klærne de produserer også tvilsomme. Mange inneholder såkalte polyfluoroalkyle substanser (PFAS). Dette er substanser som virker hormonforstyrrende og kan skape Ett forbud mot PFAS vil i tillegg i realiteten kraftig redusere import av varer produsert under tvilsomme arbeidsforhold. AUF må gjøre det vanskeligere for nettbutikkene å skape monopol på markeder og å slippe å tenke på klimaet.	Miljø- og klimapolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Arbeiderpartiet i Bergen	133	Naturhandling nå Forslag: Arbeiderpartiet i Bergen vil: • Sette et nasjonalt mål om arealnøytralitet, og stille krav til alle kommuner. • Styrke klima- og naturpolitikken ved å gjennomgå arbeids- og ansvarsdelingen mellom departementene. Klima- og miljødepartementet skal ha en tydelig og overordnet rolle for planlegging, koordinering og gjennomføring av tiltak. • Følge opp Miljødirektoratets forslag til endringer i Forskrift om konsekvensutredninger. • Skjerpe bestemmelsene i Naturmangfoldsloven og begrense mulighetene til dispensasjon. • Styrke og samordne virkemidler for effektiv sikring av områder med verdi for natur og friluftsliv - vi krever en "markalov" for resten av landet.	Det er viktig å ta vare på naturen. Naturen er selve livsgrunnlaget vårt. Den gir oss rent vann, klar luft, mat, medisiner, materialer og fysisk og psykisk god helse. I tillegg beskytter intakt natur mot ras, flom og tørke. Naturen er også verdens beste klimatiltak fordi den fanger og lagrer over halvparten av all karbon vi mennesker slipper ut. Naturkrisen pågår nå - i høy hastighet, og som NRK har dokumentert mangler det systemer og strukturer som gjør det mulig å ta grep. Det haster med politisk handling, og Arbeiderpartiet må gå foran. Det vi gjør - eller lar være å gjøre - i denne regjeringsperioden, vil ha avgjørende betydning. Regjeringen har satt i gang svært mye arbeid for å følge opp Norges forpliktelser etter FNs naturavtale som Norge med Espen Barth Eide i spissen var sterkt delaktig i å få på plass. Stortingsmeldingen om natur som ble lagt frem før jul inneholder viktige steg for nettopp å etablere bedre systemer. Nå må regjeringen raskt følge opp med å sette konkrete mål og stille krav til kommunene og andre aktører.	Miljø- og klimapolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Høyanger Arbeiderparti	134	Industri er viktig for Høyanger og Vestland	Industrien skapar store verdier og mange arbeidsplassar i Høyanger og i Vestland fylke. Høyanger AP vil gi industrien ein større plass og merksemd i vårt arbeids- og næringsliv. Høyanger og Vestland har mange fortrinn som gjer dette mogeleg, med rik tilgang på naturressursar, høg kompetanse og dei konkurransefortrinna som ligg i den norske modellen. Det ligg eit stort potensiale til nyvinning og auka sysselsetting innan fleire industrielle sektorar, mellom anna kraftforedlende industri, design- og merkevaredrive industri, sirkulærøkonomi og det «grøne skiftet», samt innan råvareindustrien. Ein stor del av norsk industri står i dag i det teknologiske skiftet med store mogelegheiter for framtida. Bedriftene skal omstille seg til ein meir miljøvenleg produksjon. Høyanger AP vil at staten stiller opp med omstillingsmidlar gjennom ENOVA. Trepartsamarbeidet blir stadig viktigare for norsk industri. Dei bedriftene som lukkast med omstilling har høg medverknad og høg organisasjonsgrad. Høyanger AP vil ha fokus på det fagleg politiske samarbeidet. Ambisjonen om å ta ressursane våre i bruk, både på land og i havet, skal kjenneteikna vår industripolitikk. Framover må norsk industri få gode og langsiktige rammevilkår. Høyanger AP vil: •føre ein aktiv næringspolitikk, som legg til rette for eit nyskapande, kunnskapsbasert og klimavenleg næringsliv. •vidareføra CO2-kompensasjonsordninga vedteken i 2024 fram til 2030.	Næringsutvikling	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Høyanger Arbeiderparti	135	Uttale angående trafikklyssystemet og vedteke Raudt Lys i roduksjonsområde PO 4	Vi ønsker å rette merksemda mot utfordringane knytt til trafikklyssystemet som vart vedteke i 2015 for å styre veksten i norsk oppdrettsnæring for laks og aure. Norskekysten vart delt inn i 13 ulike produksjonsområde, og basert på modellar frå Havforskningsinstituttet (HI), Veterinærinstituttet (VI) og Sintef, blir det sett trafikklys med ulike fargar som indikerer vekst, stabilisering eller nedtrekk i produksjonen. I samsvar med pressemelding frå fiskeri- og havministeren den 6. mars 2024, har det blitt bestemt å setje Produksjonsområde 4 (frå Sotra i sør til Stadt i nord) til raudt lys for perioden 2022 og 2023. Dette inneber ein nedtrekking av produksjonen av laks og aure med 6%, noko som utgjer det tredje nedtrekket i PO 4, og ein total reduksjon på 18%. Ordninga generelt: Vi er sterkt bekymra for konsekvensane av det samla nedtrekket for investeringar, arbeidsplassar, utbetalingar frå Havbruksfondet og for innovasjon. Til trass for innsatsen for å oppretthalde låge luse-nivå, ser det ut til at dette ikkje har hatt ønska effekt på trafikklyset. NOU 2023:23 «Heilskapleg forvaltning av akvakultur for berekraftig verdiskaping» peikar også på at nedtrekk som verktøy ikkje er tilstrekkeleg for å betre forholda for villaksen og fører til redusert verdiskaping og tap av arbeidsplassar i distrikta. Vi meiner difor at tiltaket med nedtrekk på 6% i raude produksjonsområde setjast på pause. Regjeringa må utarbeide ei stortingsmelding som sikrar ei heilskapleg regulering av havbruksnæringa og legg til rette for berekraftig vekst på sjø og land,	Næringsutvikling	Oversendes redaksjonskomiteen	Styret viser til arbeidet med Havbruksmeldingen som kommer i vår.
Kvinnherad Arbeiderparti	136	Berekraftig havbruk Arbeidarpartiet skal arbeida for ei meir berekraftig havbruksnæring med fokus på reinare fjordar, betre fiskehelse og lågare lusestrykk. Målsettinga skal vera at det vert sett ein dato for når alle merdar har gått frå å vera opne merdar (1.1.2030), til å vera semi-lukka eller lukka merdar. I ein overgangsfase bør det leggjast opp til insentivordningar for selskapa til å leggja om til lukka merdar. Krav som vert sett for næringa må vera teknologinøytrale, men samstundes vera tydelege med tanke på grenseverdiar utslepp av avfall/salter, lakselus og fiskehelse. Arbeidet skal skje i samhandling med havbruksnæringa.	Havbruksnæringa har blitt ei av dei største næringane i mange av kystsamfunna våre. Dette skaper arbeidsplassar, er gunstig økonomisk for kystkommunar og gjev ein føreseieleg matproduksjon. Samstundes har den sterke aukinga i havbruksnæringa hatt betydelege negative konsekvensar for miljøet i fjordsystema, for villaksen og for fiskehelsa. Det er på tide at vi tek ansvar på vegne av kystsamfunna våre og framtidige generasjonar, og sikrar at havbruksnæringa i Noreg blir verdas reinaste fiskeproduksjon. Om dette vert gjort på riktig måte med både strenge krav og samtidig målretta insentivordningar, er det alle moglegheiter for å sikra at vi også i framtida kan ha ei sterk havbruksnæring, samstundes som ein sikrar reine fjordar og ei laksenæring vi kan vera stolte av.	Næringsutvikling	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Kvinnherad Arbeiderparti	137	Småkraft må prioriterast Det vert oppretta eit eige hurtigløp for handsaming av konsesjonar hos NVE for småskala vasskraft.	Etter 2020 har NVE gjeve tillating til 3 nye småkraftverk (vasskraft). Samstundes er det over 70 konsesjonssøknadar for småkraft til handsaming hos NVE. Grunna at NVE prioritera større prosjekt med auka effektutbygging, samt større kraftutbygging, vert konsesjonssøknadar for småkraftverk nedprioritert. Dette er svært uheldig då vi er i ei tid der vi treng å bygge ut rein kraft på kort tid. Småkraftverk er vil vera lønnsame utbyggingar, med kjent teknologi. Ved å opprette eit eige hurtigløp for handsaming av konsesjonar for småkraft hos NVE, kan ein sikre at konsesjonar vert handsama og ikkje berre vert skyve på.	Næringsutvikling	Oversendes redaksjonskomiteen	
Kvinnherad Arbeiderparti	138	Turistskatt Ved innføring av eit besøksbidrag/turistskatt, er det vesentleg at besøkande via cruise og camping bidreg på same vilkår som besøkande på hotell/hytter og liknande. Kommunane bør og få stor fridom til å bestemme utforminga av besøksbidraget / turistskatten sjølve.	Eit besøksbidrag/turistskatt er noko ein treng for å sikre at lokalsamfunna får noko igjen der det er eit hardt turisttrykk. Samstundes må bidraget/skatten vere utforma på ein måte som ikkje verkar uheldig inn på vilkåra for konkurranse mellom lokale aktørar og eksterne aktørar (som cruiseselskap). Ved stor kommunal fridom til utforming av ein slik skatt, vil kommunane sjølv vera med å finne kva modell som gjev ei effektiv skatteinndraging, med lågast mogleg negative konsekvensar for det lokale næringslivet	Næringsutvikling	Oversendes redaksjonskomiteen	
Sunnfjord Arbeiderparti	139	Forenkling av reglar for små føretak Sunnfjord Arbeidarparti meiner at det må setjast ned eit utval for å samanstillе prinsippa i rekneskaps-, bokførings-, skatte- og meirverdiavgiftslova, med særleg fokus på forenklingar for små føretak. Dette vil bidra til enklare rekneskap og auka forståing, særleg for små føretak som følgjer NRS 8 God rekneskapskikk for små føretak.	Dagens regelverk krev at regnskapspliktige føretak forheld seg til minst tre-fire ulike lover: rekneskapslova, bokføringslova, skattelova og meirverdiavgiftslova. Prinsippa i desse lovene harmoniserer ikkje alltid, noko som skapar utfordringar, spesielt for små føretak som ikkje har same administrative kapasitet og kompetanse som større verksemdar. Særleg utfordrande er forskjellane i prinsipp for tidspunkt for inntekts- og kostnadsføring. Ein gjennomgang av lovverket vil kunne redusere desse forskjellane, til dømes ved å innføre meir samordna prinsipp og terminologi. Dette vart understreka i professor Hans Robert Schwencke si rapport «Muligheter for forenklinger – en forstudie», som vart overlevert til Finansdepartementet 15. mai 2019. Rapporten viste store moglegheiter for forenklingar, særleg for små føretak, og føreslo fleire konkrete tiltak for å redusere «midlertidige forskjellar» i skattemeldinga som oppstår på grunn av ulike prinsipp i skattelova og rekneskapslova. Ei slik samordning vil ikkje berre gjere rekneskap enklare og meir forståeleg, men også spare næringslivet for betydelege ressursar. Sunnfjord Arbeidarparti meiner dette er eit viktig steg for å styrkje småbedrifter, redusere unødvendig byråkrati og bidra til eit meir effektivt og tilgjengeleg regelverk.	Næringsutvikling	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Sunnfjord Arbeiderparti	140	Forenkla rekneskapsstandard for mikroføretak Sunnfjord Arbeiderparti meiner at det må innførast ein eigen forenkla rekneskapsstandard (NRS) for mikroføretak, og at mikroføretak bør få moglegheit til å føre rekneskap etter prinsippa for «avgrensa rekneskapsplikt». Dette vil bidra til betydelege forenklingar og redusert byråkrati for små verksemdar, samstundes som det vil auke forståinga for rekneskap og skatt.	I 2024 blei rekneskapslova oppdatert med ein definisjon «mikroføretak» (§ 1-5 (1)) som i praksis inkluderer de fleste regnskapspliktige føretak med mindre enn 10 millionar kroner i salsinntekter. Sjølv om denne definisjonen kom på plass vert det ikkje innført forenklingstiltak for denne gruppa denne gruppa. Mikroføretak har behov for eit regelverk som speglar deira storleik og ressursar. Dagens NRS 8 for små føretak, som gjeld føretak med under 168 millionar kroner i salsinntekter, har vist seg effektivt for denne gruppa, og ein tilsvarende standard for mikroføretak vil kunne forenkle regelverket ytterlegare. Ved å tillate mikroføretak å føre rekneskap etter prinsippa for «avgrensa rekneskapsplikt», jf. rekneskapslova § 3-2b, kan dei minste føretaka nytte eit enklare og meir oversiktleg system som i større grad følgjer skattemessige reglar. Dette reduserer behovet for skjønn og eliminerer problematiske skilnader mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar. Sunnfjord Arbeiderparti oppmodar regjeringa til å prioritere forenklingar for mikroføretak som eit viktig tiltak for å styrkje norsk næringsliv.	Næringsutvikling	Oversendes redaksjonskomiteen	
Arbeiderpartiet i Bergen	141	Fremtidens havbruk Forslag: - At åpne konsesjoner skal kunne byttes mot to lukkede. - Gi insentiver for overgang til lukkede anlegg, for eksempel gjennom lettelser i skatter og avgifter for de som tar bærekraftige grep. - Gi tillatelser til fullskala testing av gryteklare, lukkede og bærekraftige anlegg. - Legge til rette for nye og bærekraftige produksjonsmetoder innen havbruk.	Arbeiderpartiet er tilhenger av at det skal produseres bærekraftig sjømat. Vi ønsker at det skal kunne komme vekst i havbruksnæringen, men ser at utfordringene næringens fotavtrykk har på miljøet er uheldig for fjordene og villfisken. Samtidig som disse utfordringene hindrer næringens ønske om vekst. Teknologiutviklingen trenger intensiver for å skyte fart, samtidig som vi må gi gode og forutsigbare muligheter for aktører som prøver ut ny teknologi. Den nye teknologien er fremtiden, da må vi gi gode forutsetninger for at den nye teknologien kan skapes og faktisk tas i bruk.	Næringsutvikling	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Arbeiderpartiet i Bergen	142	Havbunnsmineraler Forslag: - At Norge støtter opp om et globalt forbud mot gruvedrift på havbunnen frem til vi har et tilstrekkelig kunnskapsgrunnlag til å evaluere effektene av en slik industri på miljø og biomangfold i havene. - Gi midler til forskning på mineralutvinning på havbunnen til Havforskningsinstituttet. - Sikre at det legges til rette for kompetansemiljø og statlige arbeidsplasser i Bergen tilknyttet gruvedrift på havbunnen, dersom Norge åpner for virksomheten. - Forskningen skal skje hos uavhengige forskningsmiljø, fortrinnsvis på uavhengige forskningsinstitusjoner, og ikke hos private selskap med egeninteresser i gruvedrift på havbunnen. - Sikre at Havforskningsinstituttet og Fiskeridirektoratet fortsatt er samlet i Bergen, fortrinnsvis på Dokken.	Den geopolitiske utviklingen understreker viktigheten av å sikre forsyningen av mineraler og metaller fra flere kilder - fra land med demokratiske styresett. Et område i Norskehavet og Grønlandshavet vurderes åpnet for havbunnsmineralvirksomhet. I denne anledning ønsker Arbeiderpartiet i Bergen å understreke hvor viktig det er med føre-var prinsippet i utvinningen av mineraler på havbunnen.	Næringsutvikling	Oversendes redaksjonskomiteen	
Arbeiderpartiet i Bergen	143	Forskuddsgaranti til skipsverft Forslag: Det foreslås å undersøke mulighetene for en bedre ordning med forskuddsgaranti til skipsverftene som i mindre grad binder kapital og reduserer risiko.	Når et verft og et rederi inngår kontrakt om å bygge båt, betaler rederiet et forskudd først og resten av beløpet når båten står ferdig. Pengene som blir betalt i forskudd ønsker rederiet en forskuddsgaranti på, altså at de er garantert å få pengene tilbakebetalt dersom verftet av en eller annen grunn ikke klarer å levere båten slik man har avtalt. I realiteten betyr det at verftet må ha en del av forskuddet låst på en konto, fremfor i bruk til å faktisk bygge båten. Dagens forskuddsgaranti krever at rederier betaler 20 prosent av kostnaden på forskudd når de bestiller et nytt skip. En forskuddsgaranti fra staten til skipsverftene vil skaffe likviditet, og sikre igangsetting av byggekontrakter for skip. Norske skipsverft har teknologi og kompetanse til å bygge skip med høy kompleksitet. Små marginer ved oppdrag gir begrenset likviditet. Slik forskuddsgaranti vil ikke medføre kostnader for staten. For verft med flere bestillinger vil det binde opp store mengder kapital, som ellers skulle dekket lønn eller andre kostnader knyttet til byggeprosjektene. Dette kan føre til at verftene mister muligheten til å ta på seg nye oppdrag. Etter mange år ser markedsituasjonen for norske verft langt lysere ut. Det må innføres verktøy som gjør det lettere for verftene å faktisk kunne ta på seg oppdragene.	Næringsutvikling	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Arbeiderpartiet i Bergen	144	Mer offensiv og kunnskapsbasert satsing på fremtidens havnæringer Forslag: Støtteordningene har de siste årene vært innrettet hovedsakelig mot nullutslipp. Konsekvenser er at det ikke har vært gitt støtte til å utvikle tiltak som reduserer klimautslippet og den kompetansen har nå blitt bygget opp i leverandørindustrien i utlandet. • Enova, Innovasjon Norge og andre støtteordninger rettet inn mot maritim sektor må i større grad rettes inn mot å utvikle teknologi og andre løsninger som reduserer klimautslipp og ikke kun nullutslippsløsninger "		Næringsutvikling	Oversendes redaksjonskomiteen	
Arbeiderpartiet i Bergen	145	Havbruksnæringen Forslag: Fiskeri- og havministeren skal før påske legge frem havbruksmeldingen. Vi støtter: • Trafikklyssystemet må videreutvikles slik at det støtter opp om aktører som ivaretar bærekraft og fiskehelse på en god måte, og straffe/nedlegge de som driver dårlig. Dagens system gir kollektiv straff til alle i et område. • Det bør utvikles insentiver til utvikling av semi-lukkede/lukkede anlegg i områder som er utsatt for lakselus mm. Anlegg på land bør begrenses ut fra høy energibruk og ødeleggelse av landskap/natur, men kan være aktuelt for settefisk/smolt. • Tilsyn og oppfølging må økes og håndteres strengt. • Det har vært utfordrende å få havbruksnæringen til å investere i fôrindustri. Lokalt har vi forskningsprosjektet på Mongstad som tar i bruk CO2 fra raffineriet til produksjon av alger og BIR satser på larveproduksjon på Voss, men havbruksnæringen er fraværende. Det bør utvikles tiltak/krav som bidrar til å utvikle en norsk fôrindustri. • Foredlingsindustri. Ved å øke foredlingen i Norge vil vi øke inntjeningen, reduserer klimaavtrykket på transporten (volumet blir halvert med filet fremfor rundfisk) og kunne utnytte restavfallet i ny industri. I alle år har det vært mest prat. Det er mye import arbeidskraft i fiskeforedlingsindustri og de store aktørene i havbruk har inngått avtaler i andre land om lokal		Næringsutvikling		Skal ikke realitetsbehandles, den ble oversendt vap ved en feil

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Arbeiderpartiet i Bergen	146	Nye maritime næringer Forslag: • Tareproduksjon kan bli havets grønne gull og har potensial til å bli en ny viktig kystnæring. Berømme Fiskeri- og havministeren for å ta grep om restaurering (30%) og bevaring (30%), men det bør tas ytterligere grep for å bygge opp en ny næring basert på bærekraftig restaurering og høsting. I dag importerer vi planter fra Nederland, men vi kunne bygge opp en storskalanæring med lokal tilpassing langs kysten. Det franske firmaet Dupont høster i dag 150 tonn tare uten konkurranse. Norge har potensial til å doble høstingen og utvikle en langt mer bærekraftig høsting og bearbeiding. I dag er 97-99% som prosesseres ikke bærekraftig • Høsting ned i næringskjeden. Vi trenger kunnskap om høsting, arter, bearbeiding, næringskjeder osv. Det må utvikles forvaltningssystemer som sikrer bærekraft. • Stillehavøsters. Hvordan utvikle ny næring • Havvind. Trenger mer kunnskap om virkning på havet • Utvinning av havbunnsmineraler. Trenger mer kunnskap • 50% av reiselivet er knyttet til kysten. Hvordan sikre bærekraft og et godt samspill? • Hva med CO2 kvoter til havs?		Næringsutvikling		Skal ikke realitetsbehandles, den ble oversendt vap ved en feil
Arbeiderpartiet i Bergen	147	Mer kunnskap om havnæringene Forslag: • Vi forstår ikke hvorfor Havforskningsinstituttet må kutte 80 forskerstillinger over tre år uten at regjeringen har vurdert konsekvensene opp mot utvikling av havnæringene. Arbeiderpartiet må kunne prioritere og skjerme forskningsmiljø som har stor betydning for fremtidig verdiskaping. Digitalisering er et viktig satsingsområde for innsamling og analyser av data men kan ikke erstatte behovet for forskere. • Det nye HI/Fiskeridirektoratet må bygges for fremtidig vekst. Det var Erna- regjeringen som bestemte rammen, men Ap i regjering må sikre at bygget har plass til mer enn laboratorier. • Fisker- og havministeren må følge opp sektoransvaret overfor forskningsrådet. Det er minimalt med midler til nye havnæringene i forskningsrådet."		Næringsutvikling	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Årdal Arbeiderparti	148	Industri er viktig for Årdal og Vestland Årdal AP vil: •Føre ein aktiv næringspolitikk, som legg til rette for eit nyskapande, kunnskapsbasert og klimavenleg næringsliv. •Vidareføra CO2-kompensasjonsordninga vedteken i 2024 fram til 2030. Dette er viktig for å sikra norske arbeidsplassar, og sørge for at industri ikkje vert flytta til land med mindre stram klimapolitikk. •Setse på dei unge ved å betre lærlingordninga og fagutdanninga. Industriproduksjon vil i framtida vere kunnskapsbasert og vil stille krav til kontinuerleg etter- og vidareutdanning. •Ha konkurransedyktige rammevilkår som gjer det attraktivt å investere i norsk industri. •Ha fokus på forvaltning av energiressursane slik at det i framtida vil vere grunnlag for industriproduksjon i landet.	Industrien skapar store verdiar og mange arbeidsplassar i Årdal og i Vestland fylke. Årdal AP vil gi industrien ein større plass og merksemd i vårt arbeids- og næringsliv. Årdal og Vestland har mange fortrinn som gjer dette mogeleg, med rik tilgang på naturressursar, høg kompetanse og dei konkurransefortrinna som ligg i den norske modellen. Det ligg eit stort potensiale til nyvinning og auka sysselsetting innan fleire industrielle sektorar, mellom anna kraftforedlende industri, design- og merkevaredrive industri, sirkulærøkonomi og det «grøne skiftet», samt innan råvareindustrien. Ein stor del av norsk industri står i dag i det teknologiske skiftet med store mogelegheiter for framtida. Bedriftene skal omstille seg til ein meir miljøvenleg produksjon. Årdal AP vil at staten stiller opp med omstillingsmidlar gjennom ENOVA. Trepartsamarbeidet blir stadig viktigare for norsk industri. Dei bedriftene som lukkast med omstilling har høg medverknad og høg organisasjonsgrad. Årdal AP vil ha fokus på det fagleg politiske samarbeidet. Ambisjonen om å ta ressursane våre i bruk, både på land og i havet, skal kjenneteikna vår industripolitikk. Framover må norsk industri få gode	Næringsutvikling	Oversendes redaksjonskomiteen	
Austrheim Arbeiderparti	149	Staten må byggja eller gje tilskot til naudsynt infrastruktur og anlegg for at industrien skal kunna møte det grønne skiftet. Dette gjeld utstyr for CO2-fangst, -bruk, -transport og -lagring.		Næringsutvikling	Oversendes redaksjonskomiteen	
Stord Arbeiderparti	150	Arbeiderpartiet vil: Sikra tilgang til kvalitetslitteratur i barnehagar, for å fremja leseglede, tidleg språkstimulering og sosial utjamning.	Mange barn får sitt første møte med barnelitteratur gjennom barnehagen, men fleire barnehagar har avgrensa ressursar til å tilby eit rikt og variert utval av bøker. Tidleg tilgang til kvalitetslitteratur legg grunnlaget for språkutvikling, styrkar barns fantasi og evne til å forstå verda rundt seg. Den nyleg vedtekne Leselyststrategien har mange gode intensjonar, og desse treng å visa igjen i partiprogrammet for neste stortingsperiode i større grad enn det som no er tilfelle. Den eksisterande innkjøpsordninga for litteratur, administrert av Norsk Kulturråd, har vist seg svært vellykka i å fremja breidde, mangfald og kvalitet i norsk litteratur. Gjennom denne ordninga får mellom anna skulebiblioteka tilgang til utvalte kvalitetslitteratur. Ei tilsvarande ordning for barnehagar vil sikra at barn, uavhengig av bustad eller ressursar, får tilgang til god litteratur som ein del av den pedagogiske kvardagen. Ved å styrka tilgangen til kvalitetslitteratur i barnehagar legg me til rette for leseglede og utvikling av språklege og sosiale ferdigheiter hos barn, uavhengig av bakgrunn.	Oppvekstpolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Bremanger Arbeidarparti	151	Felles fråsegn frå Askvoll, Bremanger, Kinn og Stryn Arbeidarparti FRÅSEGN – BETRE BEMANNING I BARNEHAGANE Bremanger Arbeidarparti ser det som svært viktig å få på plass ei lovregulering som sikrar at bemanningsnorma i barnehagane gjeld for heile opningstida. For barnehagar med lang opningstid er bemanninga ofte langt dårlegare enn det bemanningsnorma tilseier.	31. mai 2018 vedtok Stortinget å lovfeste eit minimumskrav til grunnbemanning for barnehagar. Bemanningsnorma krev at barnehagar har minst ein tilsett per tre barn under 3 år og ein tilsett per seks barn over 3 år. Bremanger Arbeidarparti meiner at denne grunnbemanninga må gjelde for heile opningstida. Dette er nødvendig for å sikre at det er tilstrekkeleg med vaksne på avdelingane, også når tilsette har plantid eller deltek i møter i opningstida. Ei tilfredsstillande bemanning gjennom heile opningstida bidreg til å sikre eit tilbod som er til det beste for barna og er eit viktig tiltak i det førebyggjande arbeidet for eit trygt og godt barnehagemiljø. Regjeringa har i Hurdalsplattforma som mål å forbedre bemanningsnorma slik at den sikrar barna nok tilsette. Dette skal blant anna skje gjennom å stille krav til vikarbruk, krav til stadleg leiar, og ved å gjennomgå oppgåver som tek tilsette bort frå barna, samt finansieringa av norma. Bremanger Arbeidarparti meiner at ei bemanningsnorm som gjeld for heile opningstida, vil styrke kvaliteten i barnehagane og sikre at barna får den tryggleiken og omsorga dei treng	Oppvekstspolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Bremanger Arbeidarparti	152	RESSURSKREVJANDE TENESTER Bremanger Arbeidarparti meiner vi må styrke ressurskrevjande tenester i kommunane.	Dei ressurskrevjande tenestene gjeld våre sjukaste innbyggjarar, og krev mykje av kommunane i form av både ressursar og kompetanse. Her er eit stort behov for forbetring av ordninga i form av reversering av gjennomførte kutt, samt styrke innsatsen mot denne sårbare gruppa. I tillegg må grensa på 67 år takast bort, det er for oss uforståeleg tilskotsordninga forsvinn straks ein fyller 67 år.	Oppvekstspolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Kinn Arbeiderparti	153	Bedre bemanning i barnehagane: Kinn Arbeidarparti ser det som svært viktig å få på plass lovregulering som sikrer at bemanningsnorm i barnehagane gjeld for hele åpningstida.	31. mai 2018 vedtok Stortinget å lovfeste et minimumskrav til grunnbemanning for barnehager. Bemanningsnormen krever at barnehager har en ansatt per tre barn under 3 år og en ansatt per seks barn over 3 år. Kinn Arbeidarparti mener at grunnbemanninga må gjelde for hele åpningstiden. Dette er nødvendig for å sikre at det er tilstrekkelig med voksne på avdelingene, også når ansatte har plantid eller deltar i møter. Ei tilfredsstillende bemanning gjennom hele åpningstida bidrar til å sikre et tilbud som er intensjonen med bemanningsnorm. Tilstrekkelig bemanning (normen) er et viktig tiltak i det forebyggende arbeidet for et trygt og godt barnehagemiljø	Oppvekstspolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Kvam Arbeiderparti	154	Kommunane bør få dekt utgifter til fleire barnehageinntak årleg.	Når ein kjem flyttande til ein kommune med born og treng skuleplass, så er det ikkje spørsmål om å venta med inntak. Retten oppstår umiddelbart. Slik burde det ideelt sett vera også for barnehageborn sin rett til barnehageplass. Ein god start vil vera å starta med å kompensera kommunane for minimum to inntak årleg. Det vil letta moglegheitene kommunane har for å ha løpande barnehageinntak.	Oppvekstspolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Ullensvang Arbeiderparti	155	Kommunane bør få dekt utgifter til fleire barnehageinntak årleg.	Når ein kjem flyttande til ein kommune med born og treng skuleplass, så er det ikkje spørsmål om å venta med inntak. Retten oppstår umiddelbart. Slik burde det ideelt sett vera også for barnehageborn sin rett til barnehageplass. Ein god start vil vera å starta med å kompensera kommunane for minimum to inntak årleg. Det vil letta moglegheitene kommunane har for å ha løpande barnehageinntak.	Oppvekstspolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Fjaler Arbeiderparti	156	Fjaler Arbeiderparti ser det som svært viktig å få på plass ei lovregulering som sikrar at bemanningsnorma i barnehagane gjeld for heile opningstida. For barnehagar med lang opningstid er bemanninga ofte langt dårlegare enn det bemanningsnorma tilseier.	31. mai 2018 vedtok Stortinget å lovfeste eit minimumskrav til grunnbemanning for barnehagar. Bemanningsnorma krev at barnehagar har minst ein tilsett per tre barn under 3 år og ein tilsett per seks barn over 3 år. Fjaler Arbeiderparti meiner at denne grunnbemanninga må gjelde for heile opningstida. Dette er nødvendig for å sikre at det er tilstrekkeleg med vaksne på avdelingane, også når tilsette har plantid eller deltek i møter i opningstida. Ei tilfredsstillande bemanning gjennom heile opningstida bidreg til å sikre eit tilbod som er til det beste for barna og er eit viktig tiltak i det førebyggjande arbeidet for eit trygt og godt barnehagemiljø. Regjeringa har i Hurdalsplattforma som mål å forbedre bemanningsnorma slik at den sikrar barna nok tilsette. Dette skal blant anna skje gjennom å stille krav til vikarbruk, krav til stadleg leiar, og ved å gjennomgå oppgåver som tek tilsette bort frå barna, samt finansieringa av norma. Fjaler Arbeiderparti meiner at ei bemanningsnorm som gjeld for heile opningstida, vil styrke kvaliteten i barnehagane og sikre at barna får den tryggleiken og omsorga dei treng.	Oppvekstspolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Arbeiderpartiet i Bergen	157	Gratis Skolefritidsordning (SFO) til 4. klasse Forslag: Staten skal fullfinansiere gratis tilbud om halvdagsplass/kjernetid i skolefritidsordning (SFO) for alle elever fra 1. til og med 4. klasse i Norge fra skoleåret 2026-27.	SFO er en viktig arena for læring, lek og dannelsen av sosiale fellesskap i skolen. For at alle barn skal kunne ha muligheten til å delta i SFO, må tilbudet utvides til en universell velferdsordning på linje med undervisningstidene i skolen.	Oppvekstspolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Arbeiderpartiet i Bergen	158	Økt grunnbemanning i barnehagene Forslag: -Økt grunnbemanningen i barnehagene må økes. -Barnehagene skal kunne ha flere faste ansatte for å forebygge vikarbruk.	For lav bemanning er hverdagen for mange barn og ansatte i barnehagene. Konsekvensene av lav bemanning er større utrygghet for barna, og økt arbeidsbelastning med risiko for slitasje for de ansatte som er på jobb. Økt bemanning vil kunne redusere behovet for vikarer ved korttidsfravær. I Bergen kommune er sykefraværet i barnehagen høyt, med den konsekvensen at foreldre blir bedt om å hente barna tidlig, eller at avdelinger må holde stengt. Forsøk med økt bemanning har vist at behovet for vikarer reduseres.	Oppvekstspolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Stord Arbeiderparti	159	Vestland Arbeiderparti har eit stort ansvar for å sikra ei effektiv og berekraftig utvikling av infrastrukturen i regionen. For å møte dagens og framtidens utfordringar innan samferdsel, foreslår vi å opprette et eige samferdselsutval. Dette utvalet skal ha som hovudoppgåve å koordinere partiet sitt arbeid med både store og små samferdselsprosjekt i fylket.	Bakgrunn Vestland fylke har ein variert og omfattande samferdselsstruktur som krev god, langsiktig og føreseieleg planlegging og oppfølging. Med mange pågåande og planlagde prosjekt er det særskilt viktig at ressursane vert nytta på en mest mogleg effektiv måte. Vestland fylke har ikkje fått ein del av dei nasjonale vegmidlane som står i forhold til behovet vårt. Noko av forklaringa på dette er at Vestland fylke i alt for liten grad har klart å stå samla bak dei einskilde prosjekta. Fram til no har arbeidet med utviklinga av slike prosjekt vore fragmentert og i liten grad hatt karakter av langsiktig planlegging. Dette har gjort at gode, viktige og samfunnsutviklande prosjekt har tapt kampen om midlar i konkurransen mot prosjekt i andre deler av landet. Eit samferdselsutval vil kunne bidra til ei betre koordinering mellom ulike aktørar og prosjekter, samt sikre at prioriteringane er i tråd med fylkets strategiske mål. Målsetting Formålet med samferdselsutvalet vil være: ☐ Å sikre at partiet bidrar til ei heilskapleg planlegging og gjennomføring av samferdselsprosjekt i Vestland fylke. ☐ Å forbetre koordineringa mellom ulike regionar i partiet og sikre at prosjekta blir prioritert i både regional og nasjonal transportplan.	Organisasjon	Oversendes styret	
Sunnfjord Arbeiderparti	160	Høgare pensjonsavsetning i OTP-lova	Arbeidsgjevarar er pålagde å setje av minst 2% av løna til pensjonskonto ifølgje OTP-lova. Høgare lønna stillingar, ofte med tariffavtale, nyttar seg av høgare OTP-satsar (ofte mellom 4-6%). Dette skaper eit skilje i pensjonssparing mellom høg- og låglønnsyrker. Å heve minstesatsen vil minske dette gapet, sikre meir rettferdig pensjonsfordeling og større økonomisk tryggleik i alderdommen for lavtlønna arbeidstakarar.	Pensjonspolitik	Oversendes redaksjonskomiteen	Er ivarettatt i forslag til nytt partiprogram
		Hev minstekravet til pensjonsavsetning i OTP-lova frå 2% til 3% for å betre pensjonsutbetalingane til arbeidstakarar i lavtlønnsyrker. Fjern høvet til tilleggsinnskudd i pensjonssparing for inntekt mellom 7,1-12G i samsvar med tjenestepensjonslova § 4-7.	Vidare tillèt tjenestepensjonslova § 4-7 tilleggsinnskudd i pensjonssparing for inntekt mellom 7,1-12G, noko som favoriserer høgare inntektsgrupper. Dette tilleggsinnskuddet bør fjernast for å fremje sosial likheit i pensjonssparing og fordele velferdsgodene meir rettferdig.			

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Stord Arbeiderparti	161	E39 Ådland-Svegatjørn er eit avgjerande viktig prosjekt for vidare utvikling av Vestlandet. Ved neste rullering av NTP må prosjektet ut av utviklingsportefølgjen og inn som prioritert prosjekt i NTP.	I rulleringa av Nasjonal transportplan (NTP) i 2024 vart E39 Ådland-Svegatjørn teke ut av planen og over i ein utviklingsportefølgje, med prosjekt som skal arbeidast vidare med og vurderast i samband med kommande rulleringar. E39 Ådland-Svegatjørn er eitt av dei mest samfunnsøkonomisk lønsame prosjekta i landet. M.a. fordi prosjektet gjev stor reisetidsreduksjon (reisetida Bergen-Stord vert redusert frå 2 t til 45 min), avløyser tre dyre ferjesamband og i stor grad er bompengefinansiert (16 mrd kr som ikkje kan nyttast andre stader). E39 Ådland-Svegatjørn er eit avgjerande viktig prosjekt for å knyta vestlandsregionen saman og leggja til rette for omstilling og framtidig verdiskaping i det som er Norges fremste eksportregion. Saman med Rogfast vil prosjektet redusera reisetida mellom Bergen og Stavanger, dei to nest største byregionane i landet, frå fem timar i dag til to timar. Slik vil om lag ein million menneske, og nokon av landets sterkaste kompetanse- og industriregionar, verta knytt saman i samanhengande bu- og arbeidsmarknader. Rogfast er påbegynt og skal stå ferdig i 2033/34. Det vil gje ei reisetid mellom Leirvik og Stavanger sentrum på 1 t 15 min, på ferjefri og døgnopen veg. Om ikkje E39 Ådland- Svegatjørn vert ferdigstilt om lag samstundes som Rogfast, vil det skapa store endringar i vestlandsregionen. Sunnhordland og Haugalandet vert knytt endå	Samferdsel	Oversendes redaksjonskomiteen	Sees i samheng med forslag 203 og 163
Austevoll Arbeiderparti	162	Auke frekvens på ferjesambandet Krokeide – Hufthamar ved å setje inn ferje to også i helgene i perioden før neste anbudsrunde.	Trafikken på sambandet Hufthamar - Krokeide er aukande. Vekedagar går det stort sett greit då det går to ferjer i sambandet på dagtid, og dermed 45 min mellom kvar avgang. Laurdag går det berre ei ferje og det gjeld også søndag i vinterhalvåret dvs frå 1.nov til 1.april. Altfor ofte ,dvs så å seie kvar helg, har alt for mange måtte stå igjen på ferjekaien og vente i 90 min på neste avgang, då det ikkje er omkøyringshøve. Det kan bety at idrettslag ikkje rekk fram i tide til turneringar, nokon ikkje rekk fram til jobb eller til ulike arrangement som ikkje kan løysast med kollektiv transport på fastlandet. Så stort tidsrom mellom avgangar kan også medføre sjåførar tar for store sjansar i trafikken for å rekke ferja. Det må finnast ei løysing på trafikkutfordringane før neste anbudsrunde som ferja i 2025	Samferdselspolitikk	Oversendes fylkestinsgruppen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Bjørnafjorden Arbeidarparti	163	Heile Bjørnafjorden kommune skal innlemmas i same kollektivsone hos Skyss (Sone A).	Det er ikkje akseptabelt at Bjørnafjorden kommune som ein av kommunane i Miljøløftet ikkje er omfatta av same sonestruktur som dei andre kommunane i samarbeidet. Vi har ei felles oppgåve i dette samarbeidet og det er å auka kollektivreisene og gange/sykkel for å få ned personbiltrafikken for å nå vårt felles mål om nullutslepp. At Bjørnafjorden kommune fortsatt er delt opp i to takstsoner bidreg ikkje til å nå felles mål, og det opplevast som urettvis at ikkje heile kommunen vår er i same takstzone. Dei andre samanslåtte kommunane rundt Bergen er innlemma i ei sone, Sone A, og det må også gjelda heile Bjørnafjorden kommune.	Samferdselspolitikk	Oversendes fylkestinsgruppen	
Bjørnafjorden Arbeidarparti	164	Arbeida for at pris på ferje vert ytterlegare redusert og på sikt gratis.	Regjeringa har teke store steg i reduksjon av ferjetakstar og sogar gjort fleire strekingar gratis. Dette arbeidet må fortsetje. Ferja er ein del av vegen. For Bjørnafjorden kommune vil det bety enormt mykje at ferja vert gratis slik at ein kan fortsetje å bygge den nye kommunen vår, og at alle innbyggjarane i kommunen skal kunne kome seg til tenestetilbod, handel, aktivitetar osv utan at ferjeprisar skal ekskludere aktivitet innad i eigen kommune.	Samferdselspolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Bjørnafjorden Arbeidarparti	165	Vestland Arbeidarparti vil stoppa arbeidet med bru over Bjørnafjorden (E-39 Hordfast midtre trase).	Noreg har gjennom nasjonale målsettingar og internasjonale avtalar forplikta oss til å kutta utslepp av farlige klimagassar og sikra ei berekraftig utvikling der ingen artar eller naturtypar skal gå tapt. Store deler av klimagasskutta skal gjerast i transportsektoren og samferdsleutbyggingar må i åra som kjem ta større omsyn til jordvern, natur og miljø. Klimaendringane skapar auka fare for flaum og ras som må handterast med kostnadskrevjande tiltak som ein knapt har fullt oversyn over i dag. Motorvegprosjektet Hordfast må nedskalerast og ny indre trase må utgreiast. Bru over Bjørnafjorden og firefelts veg over Reksteren kan då endrast til ein to-felts veg som går frå Stord over Langenuen og på austsida av Tysnes mot gamle Fusa kommune (Bjørnafjorden aust) Ein slik trase vil kunne verte kopla til E-134, leia trafikk utanom Bergen og sikra direkte tilknytning til Ringveg øst, E-16 og jernbane. Ei slik løysing vil kunne nedskalerast til to-felts veg med midtdelar, noko som igjen vil kunne redusera dei store naturinngrepa. Ei slik løysing vil gje kommunar og næringsliv både i Midthordland, Sunnhordland, Hardanger og Bergen langt betre kommunikasjonar og korridorar aust-vest og nord-syd og dermed gje auka samfunnsnytte for langt fleire folk og samfunn	Samferdselspolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Bjørnafjorden Arbeidarparti	166	Trygge vegar og auka samfunnsnytte for fleire er oppgåve nummer 1 for samferdsle i Vestland. Liv og helse først, rassikring og prioritering og oppgradering av strekningar mellom fjordkryssingane.	Arbeidarpartiet set liv og helse først. Vegprosjekt der det er høy ulykkesfrekvens og stor rasfare skal prioriterast. Vedlikehald og ras- og tunnelsikring av fylkesvegane må aukast kraftig. Det same gjeld midlar til utbetring og vedlikehald av bruer. Oppgradering av smale fylkesvegar til standard med gul midtstripe er viktig. Det er eit stort etterslep på vegvedlikehaldet i Vestland fylke. Samtidig er ei rekke nye vegprosjekt under planlegging. Sjølv om behovet er stort er det ikkje realistisk at vi vil få statleg finansiering til alle dei ønska vegprosjekta samtidig. Det vil derfor oppstå ei rekke situasjonar der dei ulike kommunestyra og fylkestinget må prioritere kva vegprosjekt som er viktigast for oss. Vestland Arbeidarparti meiner at omsynet til liv og helse må vega tyngst når ulike prosjekt vert vurdert mot kvarandre. For å auka samfunnsnytta til Hordfastprosjektet må indre trase vurderast på nytt, slik selskapet Nye veier fleire gonger har teke til orde for. Heile indre trasé kan byggast både som 2- 4-felts veg, i motsetning til den planlagde midtre trasé med bru over Bjørnafjorden. Indre trasé vil dessutan knyte indre og ytre delar av fylket saman, jfr. Hordalandsdiagonalen. Ferjefri E39 vil gje ein samanhengande, trafiksikker veg på Vestlandet og leggja eit solid grunnlag for framtidig verdiskaping. Dette føreset at det vert prioritert å sikra ei fungerande trafikkavvikling rundt Bergen, og ikkje minst eit løft for vegstandard og rassikring mellom fjordkryssingane. Dette vil gje langt fleire kommunar og næringsliv synergi av utviklinga.	Samferdselspolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Bremanger Arbeidsparti	167	Felles fråsegn frå Bremanger, Kinn og Stryn Arbeidsparti SIKRE OPPSTART AV FYLKESVEG 614, SVELGEN – INDREHUS Bremanger Arbeidsparti meiner at det må sikrast oppstart og framskunding av Svelgen – Indrehus. Vi foreslår å starte med vegsamanbindinga via den planlagde rundkøyringa på Rise, med tunnel gjennom Kruna, køyrebru over Riseelva og innkopling på vegoppstigninga mot Ålfoten og Bortnen.	Fylkesveg 614 Svelgen – Indrehus var den høgst prioriterte fylkesvegutbygginga i gamle Sogn og Fjordane sin regionale transportplan (RTP). Vegen er ei viktig næringsåre på kysten som store bedrifter som Elkem Bremanger og Steinvik Fiskefarm med fleire er avhengige av for inn- og utfrakting av råstoff og ferdigvarer. Vegen er også avgjerande for å utvide bu- og arbeidsområdet i regionen. Med det planforslaget som ligg føre, blir strekninga korta ned frå 16 km til 7,2 km, med fire tunnelar: éin på 5,1 km og tre kortare på under 500 meter. Det er sjeldan at vegprosjekt gir så store reduksjonar i avstand og tidsbruk som Svelgen – Indrehus. Dagens veg er av så dårleg standard at den utgjør ein stor fare for tryggleik, miljø og sikkerheit for alle som ferdast der. Vestland Arbeidsparti må arbeide for fortgang i utbygginga av Svelgen – Indrehus.	Samferdselspolitikk	Oversendes fylkestinsgruppen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Etne Arbeiderparti	168	Bakka- Solheim Framlegg til vedtak: E134 Bakka-Solheim må prioriterast i Nasjonal transportplan. Delprosjektet Bakka-Mo i Etne kommune kan setjast i gang snarleg sidan det eksisterer positive prinsippvedtak om bruk av bompengar i både Etne og Vindafjord kommune. Ein bør og strekka delprosjektet til å gå utanom Etne sentrum slik at ein slepp 40 sone på vegen, og mjuke trafikantar i Etne sentrum slepp den store trafikken på E134.	Bakka- Solheim Framlegg om E134 til årsmøtet i Vestland Arbeiderparti Grunngjeving: E134 Haugesund-Oslo er den viktigaste vegen frå aust til vest i Noreg. Vegen når 3 millionar nordmenn, og den er ei viktig åre for næringslivet. Det blir transportert varer for 135 milliardar årleg på vegen. Til tross for dette har vegen svært låg standard, med ei rekke farlege strekningar, går innom fleire sentrum og har fleire 40 og 50 soner. Vegen er og skuleveg for mange born, og det er regelrett farleg for borna og vente på bussen langs E134. Regjeringa la fram forslag til rullering av Nasjonal transportplan der ein prioriterte prosjekt i større grad enn før. Dette skulle føre til ein meir realistisk plan, der alle prosjekta låg inne med full finansiering. Her var ein delstrekning av E134 Bakka-Solheim inne med planlagt oppstart innan 12 år, Bakka-Mo i Etne kommune. Diverre ville opposisjonen med SV i spissen det anleis og dei har lagt inn ei rekke prosjekt som ikkje låg inne i framlegget	Samferdselspolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	Styret viser til nasjonal transportplan
Fedje Arbeiderparti	169	* En langsiktig satsing på å sikre stabile fergesamband med nødvendig investering i infrastruktur spesielt med tanke på punktlighet. * Etablere en nasjonal standard for beredskap og tilgjengelighet på fergesamband.	Stabilitet i fergesambandene er et grunnleggende behov for å sikre velfungerende samfunn for alle som bor i øykommuner. Stabile og pålitelige fergesamband og skyssbåter er helt avgjørende for å opprettholde både arbeid, utdanning, helse og sosiale liv. I tillegg er næringslivet avhengig av stabil tilgang til markedet og leveranser. Derfor er det helt nødvendig å få på plass tiltak som kan sikre stabilitet i fergesambandene.	Samferdselspolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Høyanger Arbeiderparti	170	E39 «BOGEN – SUNNFJORD GRENSE» MÅ TILBAKE I NTP	Stortinget vedtok sommaren 2024 ny NTP for åra 2025-2036. I dette dokumentet datt strekninga «Bogen – Sunnfjord grense» ut som prioritert prosjekt i planen. Vegstandarden på strekninga «Bogen – Sunnfjord Grense» på E 39 gjennom Høyanger kommune er svært dårleg. Fleire parsellar er direkte trafikkfarlege, og heile strekninga er å sjå på som ein stor flaskehals for alle som nyttar seg av vegen. Stamvegutvalet for E 39 har over tid arbeida målretta for å få til «gul midtstripe» frå Hordaland Grense til Skei. Stamvegutvalet har samrøystes flytta tunnelen forbi Vadheim bak ny tunnel gjennom Hafstadfjellet slik at vi unngår den bratte, smale og svingete E 39 traseen gjennom Halbrendslia. Dette kortar inn tur til Førde for køyrande sør for Førde med mellom 10-15 minutt. Før eit vegprosjekt kan kome i posisjon til å få konkrete løyvingar, må styresmaktene tilføre prosjektet planleggingsmidlar via Statens vegvesen. Høyanger kommune har gjort sin del av jobben, då kommunedelplanen for strekninga er vedteken i kommunestyret i 2015. Vi har og gjort ferdig reguleringsplan for området. Høyanger AP krev at denne strekninga vert prioritert for tildeling av planleggingsmidlar i neste NTP. I påvente av ny tunnel krev Høyanger AP at Statens Vegvesen prioriterer å etablere fleire møteplassar, rette ut 2 skjeringar, samt å rydde skog i området frå avkøyringa til Guddal mot Bogentunnelen. Dette kan finansierast via potten for «mindre strekningsvise	Samferdselspolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Høyanger Arbeiderparti	171	RTP 2022-2033 – MIDLAR TIL UTBETRING AV FV 55 «LJOTEBØ BRU - ULVÅNA»	Fylkestinget i Vestland fylkeskommune vedtok ny RTP 2022-33 i 2022. Vegstandarden på strekninga «Ljotebø Bru – Ulvåna» på FV 55 i Høyanger kommune er svært dårleg. Fleire parsellar er direkte trafikkfarlege og strekninga er å sjå på som ein stor flaskehals for alle som nyttar seg av vegen. Høyanger kommune har ved fleire høve spelt inn at vegeigar Vestland Fylkeskommune må sjå på måten dei planlegg og gjennomfører utbetringar i fylkesvegnettet. Etterslepet og behovet er «uendeleg» - særleg sett opp mot dei økonomiske rammer fylket har til vegar. Høyanger Ap meiner tida er komen for å gjennomføre utbetringar etter ein anna vegnormal («dreiebok») i fylkesvegnettet enn for riks- og europavegar. Vestland fylke kan fråvike vegnormalen der det er tenleg økonomisk, og ikkje medfører fare for trafikantane. Høyanger AP registrerer med glede at fylkeskommunen jobbar målretta med ny veg frå Ljotebø bru til Ulvåna. Deira mål er at Høyanger kommune skal få oversendt traseval og anna relevant info, slik at vi kan starte ein reguleringsplanprosess i løpet av 2025. Deira målsetning er at strekninga skal få si første startløyving i 2026, og at arbeidet skal vere ferdig i 2029. Høyanger AP krev at politikarane i Vestland fylke følger opp vegadministrasjonen sitt arbeid og prioriterer denne strekninga i gjeldande RTP.	Samferdselspolitikk	Oversendes fylkestinsgruppen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Høyanger Arbeiderparti	172	MIDLAR TIL UTBETRING AV FV 5581 «OSLAND BRYGGE TIL OPPEDAL FERJEKAI»	Vegstandarden på strekninga «Osland Brygge til Oppedal ferjekai» på FV 5581 i Høyanger kommune er svært dårleg. Fleire parsellar er direkte trafikkfarlege med dårleg asfalt, vegskulder som gir etter, og låge støypekantar. Fylkesvegen er blitt utsett for mykje tungtrafikk dei siste åra, mellom anna i samband med etablering av Østerbø Kraftverk, og store investeringar hjå Osland Havbruk og Østerbø Solutions. Særleg synleg er forfallet mellom Oppedal ferjekai og Osland Brygge. Høyanger kommune har ved fleire høve spelt inn at vegeigar Vestland Fylkeskommune må sjå på måten dei planlegg og gjennomfører utbetringar i fylkesvegnettet. Etterslepet og behovet er «uendeleg» - særleg sett opp mot dei økonomiske rammer fylket har til vegar. Høyanger AP meiner tida er komen for å gjennomføre utbetringar etter ein anna vegnormal («dreiebok») i fylkesvegnettet enn for riks- og europavegar. Vestland fylke kan fråvike vegnormalen der det er tenleg økonomisk, og ikkje medfører fare for trafikantane. Høyanger AP krever at politikarane i Vestland fylke prioriterer ei planmessig strekningsvis utbetring av denne strekninga no.	Samferdselspolitikk	Oversendes fylkestinsgruppen	
Kinn Arbeiderparti	173	Kinn Arbeidarparti mener at det må sikres oppstart av Svelgen – Indrehus. Vi foreslår å starte med veisammenbinding via den planlagte rundkjøring på Rise, med tunnel gjennom Kruna, kjørebros over Riseelva og innkobling på oppstigning mot Ålfoten og Bortnen.	Fylkesvei 614 Svelgen – Indrehus var den høyest prioriterte fylkesveitbygging i gamle Sogn og Fjordane sin regionale transportplan (RTP). Dagens vei er av så dårlig standard at den utgjør en stor fare for trygghet, miljø og sikkerhet for alle som ferdes der. Elkem Bremanger og Steinvik Fiskefarm er eksempel på bedrifter som er avhengige av veien for frakting av råstoff og ferdigvarer. Veien er avgjørende for å utvide bo- og arbeidsområdet i regionen. Med det planforslaget som ligger nå, blir strekninga kortet ned fra 16 km til 7,2 km, med fire tunneler: én på 5,1 km og tre kortere på under 500 meter. Det er sjelden at veiprosjekt gir så store reduksjoner i avstand og tidsbruk som Svelgen – Indrehus. Vestland Arbeidarparti må arbeide for fortgang i utbygging av Svelgen – Indrehus.	Samferdselspolitikk	Oversendes fylkestinsgruppen	
Kinn Arbeiderparti	174	Stryn AP, Stad AP, Gloppen AP Kinn AP, Bremanger AP Finansiering av utbygging av ny lang tunnel på Rv. 15 mellom Stryn og Skjåk må sikrast prioritet i statsbudsjett. Midlar til utføring av rassikring, tunnelbygging og oppgradering av riks- og fylkesvegnettet må aukast i statsbudsjetta, minimum i samsvar med NTP 2025-2036.	Eit vegnett som gir god regularitet, trygg veg, lågast mogleg transportkostnader og best miljø er svært viktig for det ekspansive og verdiskapande næringslivet på Vestlandet. Regjeringa har vedteke konsept for ny Rv. 15 Strynefjellstunnel (konsept B1 med arm til Geiranger). Prosjektet er eit av 11 prosjekt med særskilt prioritet som Regjeringa har lagt inn i Statens vegvesen si portefølje. Reguleringsplanarbeidet er starta. Når prosjekt vert ferdig planlagt er det svært viktig at finansiering av utbygging vert følgt opp gjennom prioritering i statsbudsjetta.	Samferdselspolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Kvam Arbeiderparti	175	Opptopping for rassikring av riks- og fylkesveg må iverksetjast. Løyvingane må starta no, og dei må minst doblast i høve til 2025 - budsjettet	I Hurdalserklæringa vart opptappingsplan varsla. Førebels er løyvingane til skredsikring av fylkesvegane lågare enn dei var då erklæringa vart skriven. Det er nok lovnader og erklæringar no. Me treng pengar på bordet. Det er nok av planar som kan realiserast raskt dersom løyvingane aukar. Skal me ha truverde, må løyvingane opp. Statsbudsjettet for 2026 må difor innehalda ein markert auke i løyvingane til skredsikring.	Samferdselspolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Kvam Arbeiderparti	176	Det bør setjast av midlar til utgreiing av eit høgfartsbanenett for tog i Noreg.	Noreg har tre innanriksruter med fly som er blant dei 20 mest trafikkerte flystrekningane i Europa. Ein hovudgrunn til det er at me ikkje har eit jarnbanealternativ som kan konkurrera med tanke på rask transport. Både Oslo-Bergen, Oslo-Stavanger og Oslo-Trondheim vil kunne vera akuelle for lyntog med reisetid på 2,5-3 timar. Høgfartsbane vil kunne redusera behovet for flytrafikk vesentleg, og i tillegg redusera behovet for utvidingar av eksisterande flyplassar. Med ny teknologi i betongproduksjon vil også CO2-avtrykket ved bygging av slik bane verta vesentleg redusert. Det er på høg tid at dette får ei ny, grundig utgreiing.	Samferdselspolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	Tilsvarende forslag ble avvist i 2024
Kvam Arbeiderparti	177	Ferjesambandet Tørvikbygd Jondal bør setjast opp med to ferjer heile året. I tillegg så bør strekninga få seinkvelts- og nattavgangar. Dette bør gradvis fasast inn i åra fram mot neste anbudsutlysing i 2030.	Ferjesambandet Tørvikbygd-Jondal har opplevd stor trafikkauke dei siste åra. Auker er jamn, og alt tyder på at den vil halda fram i åra som kjem. I 2031 er ny tunnel Seljestad-Røldal klar. Dette vil gjera vegen aust-vest kortare, og ikkje minst meir attraktiv for tungtransport. I tillegg er det venta aukande behov for arbeidskraft i Odda-området grunna store investeringar i industrien. Dette vil venteleg føra til meir pendlartrafikk på ferjesambandet. I fyrste omgang må ordninga med ekstra ferje utvidast til å gjelda større delar av året. Etter kvart bør det gå to ferjer kontinuerleg. Dei same grunnane som over talar også for at sambandet også har avgangar seinare på kvelden og om natta.	Samferdselspolitikk	Oversendes fylkestingsgruppen	
Kvinnherad Arbeiderparti	178	Vegutbygging Samferdselsbudsjettet i Noreg vert auka med 20%. Dei auka midlane vert nytta til å tryggja kvardagsvegar, rassikring og tilleggsloyyving til fylkesvegar.	I Noreg i dag har vi store utfordringar knytt til manglande vedlikehald og trygging av lokal infrastruktur. I dag er samferdslebudsjettet på kring 96 milliardar kroner for Noreg som heilskap. Samstundes har vi eit Oljefond til ein verdi på kring 20 000 milliardar kroner. Det vil vera ei naudsynt og god investering å auke dei årlege tilskota med 20%, tilsvarande ca 20 milliardar kroner frå 2026. Auka investeringar innom samferdsle vil trygge infrastrukturen i lokalsamfunna våre, betra betingelsane for næringslivet og auka tryggleiken til befolkninga og bør derfor ikkje vera kontroversielt i forhold til retningslinene for bruk av midlar frå oljefondet.	Samferdselspolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	Styret viser til nasjonal transportplan
Kvinnherad Arbeiderparti	179	Ferjeandbod Ved neste ferjeandbod -utlysing bør/må andbodet utformast regionsvis slik at det inkluderer alle ferjeandløp i Hardanger og Sunnhordland i ein samla kontrakt.	Mindre tal beredskapsferjer , kortare tidsbruk av utskifting ved driftsavbrot. Avstanden kort ved rullering av mannskap. Reisande får ein betre regularitet og trygghet for at oppsette avgangar blir oppretthaldt.	Samferdselspolitikk	Oversendes fylkestingsgruppen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Masfjorden Arbeiderparti	180	Vestland Ap meiner at Masfjordsambandet må gjevast nødvendige garantiar for realisering av prosjektet, slik at ferjeavløysingsmidlar og rentekompensasjon vert ein del av den økonomiske løysinga for Vestland fylkeskommune.	Ferjeavløysingsprosjektet Masfjordsambandet er eit tilnærma fullfinansiert prosjekt med statlege midlar i 34 år, forutan rente og finanskostnader i brev frå kommunaldepartementet 2023. Prosjektet vart tatt inn i Regional Transportplan 2024 – 2027, og med planleggingsmidlar i økonomiplanen på 40 millionar for same periode. Derimot i budsjett 2025- og økonomiplanen for 2025 - 2028, var det derimot lite rom for å løfte prosjektet fram grunna stor gjeldsgrad og økonomiske utfordringar. Dersom fylkeskommunen skal kunne gjennomføre fleire av dei planlagde og sårt trengte ferjeavløysingsprosjekta som ligg i løypa, må ordninga betrast frå staten si side. Likevel, prosjekt som er fullfinansiert og ferdigregulert slik som Masfjordsambandet, må fortsatt vere på prioriteringslista for samferdselsprosjekt i Vestland fylkeskommune.	Samferdselspolitikk	Oversendes fylkestinsgruppen	
Masfjorden Arbeiderparti	181	Vestland Ap foreslår at godkjende og fullfinansierte ferjeavløysingsprosjekt kan gjevast statleg garanti og lånefinansiering, slik at realisering av prosjekta ikkje er direkte avhengig av den enkelte fylkeskommune si gjeldsgrad og økonomiske handlingsrom. Ei slik betring av ferjeavløysingsordninga, vil kunne bidra til å realisere fleire viktige ferjeavløysingsprosjekt.	Vestlandet består av mange fjordar som vegane våre er bunde saman med av ei rekkje ferjesamband. Tidspunkta for når ferjene går og ikkje, er ei stor inngripen i livet til folk, bustadutviklinga, kulturlivet og ikkje minst næringsutviklinga på desse stadane. I tillegg har det stor innverknad på korleis kommunane klarer å ivareta både beredskap og tenestetilbodet. Vestland Ap oppmodar derfor til å betre ferjeavløysingsordninga som skal avløyse ei rekkje ferjer med bru, slik at samfunna kan knytast tettare saman. Vestland fylket har 8 godkjende ferjeavløysingsprosjekt som framleis ikkje er realiserte grunna høg gjeldsgrad og manglande risikofinansiering av prosjekta.	Samferdselspolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Masfjorden Arbeiderparti	182	Arbeidarpartiet må vera ein pådrivar og garantist for at det også i framtida blir likeverdige og gode posttenester for brukarane, papirmessig og digitalt. Posten er viktig for beredskap, inkludering, deltaking og folkehelse i heile vårt langstrakte land. I eit aldersvennleg samfunn med Bo trygt hjemme-reformen som er politisk vedteken, vil Posten måtte ha ei viktig rolle. Myndigheitene må difor involvera ulike interesseorganisasjonar i det framtidige arbeidet med Posttenestene for alle. Med å utvida Postens rolle ved å gje dei fleire oppdrag, må ein sjå på leveringsplikta også ut i frå den samfunnsøkonomiske nytten, og ikkje berre reint bedriftsøkonomisk.	FRAMTIDAS POSTTENESTER. Viser til Anbefaling – innhaldet i de leveringspliktige posttjenestene 2024. Rapport nr. 2 10. januar 2024. Nasjonal kommunikasjonsmyndighet. Vi ser det som viktig at framtidige endringar i posttenestene tek omsyn til geografien vi har i Norge, og til alle brukarane av posttenestene i samfunnet. For mange er allereie dagens postlevering med blant anna digitalisering i posttenestene ei utfordring. Sjølv om digitale løysingar kan vera praktiske, er der store grupper eldre, uføre og ein del yngre som dette ikkje passar for. Digital utenforskap vil vera ein varig utfordring som ikkje vil forsvinna over tid. Mange er avhengige av papirbasert post for å få tilgang på for eksempel viktige meldingar frå helsevesenet, myndigheiter og bankar. Difor må post i papirformat sikrast for dei som ikkje kan bruka digitale løysingar. Fleire uføre og eldre er avhengige av regelmessig postlevering i kvardagen. Reduksjon i antall leveringsdagar eller avstand til postkassar og utleveringsplassar kan føra til praktiske utfordringar og isolasjon. Vi veit at mange eldre foretrekkjer papiraviser framfor digitale løysingar. Her får dei med seg det som skjer i lokalsamfunnet både av nyhende og kulturarrangement. Då har det liten verdi å komma med fleire dagar gamle aviser. Fysisk postlevering må vurderast med omsyn til behova til brukarane. Det betyr at postleveringa blir oppretthalden på dagens nivå som eit minimum.	Samferdselspolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Stad Arbeiderparti	183	Framtidas posttenester Stad Arbeidarparti meiner at det framleis må vere mogleg å få post levert heim i postkassa. Vi har forståing for at Posten må omstille verksemda og endre tenestetilbodet grunna fallande postvolum og endra kundebehov, men meiner at framlegget frå Postutvalet vil råke einskildpersonar på ein uheldig måte. Særleg vil sårbare grupper bli råka. Stad Arbeidarparti meiner at ein i staden kan gå ned til levering i postkassa ein dag i veka.	Det regjeringsoppnemnde Postutvalet tilrår at vi ikkje lenger skal få post levert heim i postkassa. Hovudregelen skal vere at postmottakaren sjølv må hente posten på eit såkalla «hentepunkt». Stad Arbeidarparti er bekymra for at dette særleg vil råke sårbare grupper, som vil kunne misse viktig informasjon. Blir forslaget gjennomført vil dette bety slutten på den grønne postkassa. Berre dei som bestiller «teneste heim» vil få postlevering. Konsekvensane av forslaget er også at Posten kan miste 3000 arbeidsplassar. Ei omlegging frå postlevering annakvar dag til ein dag i veka kan vere akseptabelt. Dette vil spare fellesskapet for store kostnader, samtidig som alle blir sikra heimlevering av post. Dersom nokon har behov for meir tilgang til posttenester, kan hentepunkt bli valt som supplement til heimlevering. Postutvalet si tilråding vil avvike den einaste landsdekkande fysiske distribusjonsnettet vi har i Norge. Dette er eit grunnleggande og irreversibelt val som vil svekke nasjonens beredskapsevne.	Samferdselspolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Stad Arbeiderparti	184	Nesten identisk med framlegg frå Ullensvang Ap... For Vestland Arbeiderparti vil liv, helse og rassikring vere viktige omsyn i prioriteringane i NTP. Ve vil arbeide for ein forpliktane nasjonal plan, over 12 år, for rassikring av fylkes- og riksvegar.	Gode, trygge og framkomelege vegar er avgjerande for at Vestland skal vere attraktivt for både busetnad og næring. På fylkesvegane må særleg rassikring og vedlikehald prioriterast. Dette krev forpliktande nasjonale planar, som igjen vert følgt opp med tilstrekkelege løyvingar. Statens Vegvesen kartla i 2023 eit behov på over 96 milliardar kroner for å rassikre dei mest rasfarlege riks- og fylkesvegstrekningane i Norge. Med dagens statlege finansieringstakt vil det ta minst 70 år å sikre dei farlegaste strekningane på riks- og fylkesvegnettet. Riks- og europavegane spelar ei avgjerande rolle for å knyte fylket vårt saman internt og med andre regionar nord, sør og aust for oss. Dette er viktige næringsvegar, samtidig som det er skule- og kvardagsvegane til befolkninga i Vestland fylke. Vestland Arbeiderparti forventar at staten prioriterer å bygge ut eit trygt, rassikkert, teneleg og effektivt overordna vegnett i fylket vårt. Å rassikre dei farlegaste strekningane må prioriterast, og gjennomførast dei neste 12 åra. Vestland er det fremste eksportfylket og står for store inntekter til statskassa. Vestland er også avgjerande for omstillinga Norge skal igjennom i åra som kjem. Vestland Arbeiderparti meiner at Vestland fylke over tid har fått ein for liten del av dei samla samferdselsmidlane. Dette må no snu.	Samferdselspolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	Viser til forslag 184
Stryn Arbeiderparti	185	Midlar til utføring av rassikring, tunnelbygging og oppgradering av riks- og fylkesvegnettet må aukast i statsbudsjetta, minimum i samsvar med NTP 2025-2036.	Eit vegnett som gir god regularitet, trygg veg, lågast mogleg transportkostnader og best miljø er svært viktig for det ekspansive og verdiskapande næringslivet på Vestlandet. Regjeringa har vedteke konsept for ny Rv. 15 Strynefjellstunnel (konsept B1 med arm til Geiranger). Prosjektet er eit av 11 prosjekt med særskilt prioritet som Regjeringa har lagt inn i Statens vegvesen si portefølje. Reguleringsplanarbeidet er starta. Når prosjekt vert ferdig planlagt er det svært viktig at finansiering av utbygging vert følgt opp gjennom prioritering i statsbudsjetta.	Samferdselspolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Tysnes Arbeiderparti	186	Vestland arbeiderparti vil ha auka tildelingar til ferjeavløysings- og ferjeinnskortingsmidlar. Orsaka er ei generell mangel på ferjemannskap, og at det i framtida vil bli færre sjøfolk som følgje av nedgang i talet på arbeidstakarar.	Også i den maritime bransjen er det rekrutteringsvanskar. Det betyr at mannskapsmangel på ferjene våre er eit langsiktig problem. Det lar seg ikkje løyse over natta, og dei generelle demografiutfordringane slår inn også i denne bransjen. Det blir færre til å utføre det arbeidet vi treng. Bransje og fagforeiningar har i fleire år varsla om mannskapsmangel, og meiner mangel på sjøfolk kan få alvorlege konsekvensar for all trafikk langs kysten. Med ei nedgang i talet på sjøfolk, må det leggjast ein plan for korleis ein skal møte denne utfordringa. Spesielt gjeld det for ferjemannskap, som er ei føresetnad for å oppretthalde busettinga langs kysten. Satsing på ferjeavløysingsprosjekt, der det er mogleg, må derfor prioriterast høgare gjennom å auke dei statlege tilskota til slik prosjekt. Regelverket må også reviderast og tilpassast, for å auke igangsetting og gjennomføring av ferjeavløysings- og ferjeinnskortingsprosjekt.	Samferdselspolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Ullensvang Arbeiderparti	187	Liv, helse og rassikring må vere viktige omsyn når ein prioriterer vegprosjekta. Me vil arbeide for ein forpliktande nasjonal plan, over 12 år, for rassikring av fylkes- og riksveggar.	Gode, og trygge og framkommelege vegar er avgjerande for at Vestland skal vere attraktivt for både bustad og næring. På fylkesvegane må særleg rassikring og vedlikehald prioriterast. Dette krev forpliktande nasjonale planar, som igjen vert følgd opp med tilstrekkelege løyvingar. Statens Vegvesen kartla i 2023 eit behov på over 96 milliardar kroner for å ras sikre dei mest rasfarlege riks- og fylkesvegstrekingane i Norge. Med dagens statlige finansieringstakt vil det ta oss minst 70 år å sikre de farligste strekningene på riks- og fylkesvegnettet. Riks- og europavegane spelar ei avgjerande rolle for å knyte fylket vårt saman internt og med andre regionar. Dette er viktige næringsvegar, samtidig som er skule- og kvardagsvegane til befolkninga i Vestland fylke. Vestland Arbeiderparti forventar at staten prioriterer å byggje ut eit trygt, ras sikkert, tenleg og effektivt overordna vegnett i fylket vårt. Å sikre dei farlegaste strekningane må prioriterast, og gjennomførast dei neste 12 åra.	Samferdselspolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	Viser til forslag 181
Vik Arbeiderparti	188	Vestland Arbeiderparti krev at Riksveg 13 frå Vinje til Sogndal vert utbetra, før oppgraderinga av E16 Lærdalstunnelen startar.	Riksveg 13 frå Vinje til Sogndal treng naudsynt vedlikehald og oppgradering for å kunne ta unna både lokal-, gjennomkøyrings- og omkøyringstrafikk. Det nærmar seg oppgradering av E16 Lærdalstunnelen og tiltaka hastar. Fleire møteplassar, breiddeutviding, skredsikring, isnett og utbetring av bæreevne treng ikkje koste skjorta, men vil auka regulariteten og trafikktryggleiken på vegen. Me forventar at dette arbeidet kjem i gang så snart som mogleg i 2025. På lenger sikt må det koma tunnel gjennom Vikafjellet! Dette er viktig både for å redusera reisetida i regionen og mellom Sogn og Bergen, men også for å sikra Vik fastlandsforbindelse når Noregs mest stengte riksveg er stengt og ferjene står. Det er berre å starta planleggingsarbeidet!	Samferdselspolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	Styret viser til at prosjektet er lang på veg igangsatt

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Vik Arbeiderparti	189	Vestland AP krev at Ras-sikringspotten vert auka monaleg. Villare og våtare klima fører til auka fare for ras og stengte vegar. Konsekvensen vert at bygder og heile kommunar vert isolert og utan tilstrekkeleg beredskap. Vestland AP krev derfor at takta i rassikring vert auka.	Vi ser no til stadigheit hyppigare vegstengingar, både på grunn av ras og fare for ras. I Vik kommune gjeld dette både riksveg og fylkesvegar, heile kommunen er til tider isolert. Vikafjellet er landets mest stengde og kolonnekøyrde riksveg, Fylkesvegen Vik – Arnafjord, er ein av dei aller mest ras-utsette vegane på Vestlandet og fylkesvegen frå Vangsnes til Fresvik kjem og høgt opp på skalaen for rasfarlege vegar. Potten til ras-sikring må difor aukast monaleg. Dei verste strekningane må prioriterast, for å sikre innbyggjarane trygg veg til kommunesenteret/jobbb/helse og ikkje minst at borna får ein trygg skuleveg.	Samferdselspolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Voss Arbeiderparti	190	Satsing på jernbane Arbeidarpartiet skal satsa på tog som transportmiddel, både gjennom prisar som er tilgjengeleg for alle, og gjennom sikker og føreseieleg framkomst. Arbeidet regjeringa har begynt på, med å stansa konkurranseutsetting og oppstyking av jernbanesektoren, bør derfor halda fram og styrkast. Store jernbaneprosjekt som er igangsett, må fylgjast opp slik at heile strekk vert ferdigstilt innan rimeleg tid, som td. strekninga Bergen - Voss.		Samferdselspolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Voss Arbeiderparti	191	Liv, helse og rassikring Gode, trygge og framkommelege vegar er avgjerande for at Vestland skal vera attraktivt for både bustad og næring. På fylkesvegane må særleg rassikring og vedlikehald prioriterast. Dette krev forpliktande nasjonale planar, som igjen vert følgt opp med tilstrekkelege løyvingar. Statens Vegvesen kartla i 2023 eit behov på over 96 milliardar kroner for å sikra dei mest rasfarlege riks- og fylkesvegstrekingane i Norge. Med dagens statlege finansieringstakt vil det ta oss minst 70 år å sikra dei farlegaste strekningane på riks- og fylkesvegnettet. Riks- og europavegane spelar ei avgjerande rolle for å knyta fylket vårt saman internt og med andre regionar. Dette er viktige næringsvegar, samtidig som dei er skule- og kvardagsvegane til befolkninga i Vestland fylke. Vestland Arbeiderparti forventar at staten prioriterer å byggja ut eit trygt, rassikkert, tenleg og effektivt overordna vegnett i fylket vårt. Å sikre dei farlegaste strekningane må prioriterast, og gjennomførast dei neste 12 åra.		Samferdselspolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Voss Arbeiderparti	192	Tilskot til trafikktryggingstiltak Kommunane i Vestland kan søkja fylkeskommunen om tilskot til trafikktryggingstiltak. Ordninga inneber at kommunane finanserer 50 prosent av omsøkte tiltak sjølv, så det er gjennomarbeidde og godt grunngjevne prosjekt det vert søkt om midlar til. Lista over innkomne søknadar er ofte lang, og avsette midlar strekk ikkje til. Vestland Arbeidarparti vil derfor arbeida for å auka budsjettposten for tilskot til trafikktryggingstiltak.		Samferdselspolitikk	Oversendes fylkestinsgruppen	
Alver Arbeiderparti	193	Forslag: Årsmøtet i Alver Arbeidarparti krev at våre fylkespolitikarar nøye vurderer om dei meiner denne skeive fordelinga av kollektivtilbodet er god nok, òg med tanke på moglegheita for kulturelle opplevingar.	Kollektivtilbud i distrikta Grunngjeving: Vestland fylkeskommune er ansvarleg for kollektivtilboda i fylket vårt. Eit godt kollektivtilbud er viktig for å redusera privatbilismen, og busstilboda må leggjast opp med tanke på innbyggjarane sine behov. Det må òg gje moglegheit for alle, inkludert dei som bur i distrikta, til å delta på kulturtilbod og uteliv i Bergen, som me alle veit i stor grad føregår på kveldstid. Denne moglegheita er svært variabel. Busstilbodet til dei forskjellige sentra i Alver er til dømes svært ulikt. Dersom ein sjekkar bussrutene til stadar som Mjåtveit, Manger, Lindås og Ostereidet, ser ein dette tydeleg. Siste buss frå Bergen til høvesvis Lindås og Manger ein kvardag er kl. 21:30 og 22:30, medan siste avgang laurdag er kl. 16:00 og 16:30. Ostereidet har siste buss kl. 21:30 på kvardagar og kl. 22:30 på laurdag. Mjåtveit kjem best ut med siste avgang kl. 00:15 måndag til torsdag og kl. 02:45 fredag og laurdag. Det er òg svært skeiv fordeling av talet på bussruter til dei forskjellige sentra.	Samferdselspolitikk	Oversendes fylkestinsgruppen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Alver Arbeiderparti	194	Forslag: Alver Arbeiderparti krev at alle i Alver og Nordhordland skal kunna reisa med båten til Bergen, at det vert mogleg å parkera på Knarvik kai utan å ha periodekort, og at dette vert iverksett snarast mogleg.	Uttale 3: Skyssbåt Knarvik – Frekhaug - Bergen Grunngjeving: Skyssbåten Knarvik – Frekhaug – Bergen er eit viktig kollektivtilbod for innbyggjarar og pendlarar i Alver og Nordhordland som skal til og frå Bergen sentrum. Reisande frå ulike delar av Alver og Nordhordlandsregionen kan køyra til Knarvik og Frekhaug, parkera på Knarvik kai og Frekhaug kai, og ta båten vidare til Bergen. At fleire innbyggjarar i Alver og Nordhordland vel å bruke båten som transportmiddel, er heilt i tråd med målsetjinga til Miljøløftet om at fleire skal reisa kollektivt. Dette bidreg òg til å redusere biltrafikken på den allereie overbelasta vegen mellom Klauvaneset og Vågsbotn. Dette kollektivtilbodet må utviklast vidare med fleire avgangar i kvardagen, og det må etablerast eit tilbod i helgane. Hausten 2024 innførte Vestland fylkeskommune innfartsparkering for reisande med periodebillett og parkeringsbevis på Knarvik kai. Det er difor ikkje lenger mogleg å parkera på kaien for reisande utan gyldig periodebillett og parkeringsbevis. Dei som ønskjer å ta båten til Bergen utan periodebillett, må parkera annan stad i Knarvik og ta buss til kaien. Dette gjer reisekvardagen meir krevjande for reisande utan periodebillett og aukar terskelen for å velje kollektivtransport. Som ein konsekvens kan fleire velja å køyra til Bergen i staden, noko som går stikk i strid med målsetjingane om auka kollektivbruk. Alver Arbeiderparti er bekymra for konsekvensane av innføringa av innfartsparkering berre for reisande med periodekort. Partiet fryktar at dette vil føra til auka belastning på den allereie overbelasta vegen	Samferdselspolitikk	Oversendes fylkestinsgruppen	Tilsvarende forslag ble avvist i 2024
Alver Arbeiderparti	195	Forslag: Alver Arbeiderparti krev at regjeringa løyver dei nødvendige midlane til Statens vegvesen, slik at Nordhordlandstunnelen kan ha byggjeart seinast i 2027.	Uttale om Nordhordlandstunnelen Grunngjeving: Nordhordlandstunnelen er avgjerande for å sikre ein trygg og god kvardag for dei som bur langs vegen, dei som bruker han som skuleveg, og dei som bruker han som transportetappe. Våren 2024 la regjeringa fram Nasjonal transportplan (NTP), der Nordhordlandstunnelen var inkludert som eit prioritert prosjekt i løpet av planperioden. Dette er Alver Arbeiderparti svært glad for. Utfordringa er likevel at perioden i NTP er utvida frå fire til åtte år. E39 Vågsbotn–Klauvaneset er ein sær sars trafikkfarleg veg. Å byggja Nordhordlandstunnelen vil auka trafikkikkerheita og redusere trafikken dramatisk gjennom eit område med mange farlege kryss og avkøyringar.	Samferdselspolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	Styret viser til nasjonal transportplan. Prosessen er i gang reguleringsarbeidet er startet opp på bakgrunn av at dette ble prioritert
Austevoll Arbeiderparti	196	Statleg finansiering av ferjedrift	Det er fleire samband i fylket som ikkje har eit tilbod som er tilpassa etterspurnad. Anbodsordninga er for lang, og er ikkje fleksibel nok til å tilfredsstilla aukane trafikk. Difor bør staten auke finansiering av ferjedrifta, og evaluere og forbetre anbodsordninga.	Samferdselspolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Ulvik Arbeiderparti	197	Rassikring	Gode, trygge og framkommelege vegar er avgjerande for at Vestland skal vera attraktivt for både bustad og næring. På fylkesvegane må særleg rassikring og vedlikehald prioriterast. Dette krev forpliktande nasjonale planar, som igjen vert følgd opp med tilstrekkelege løyvingar. Statens Vegvesen kartla i 2023 eit behov på over 96 milliardar kroner for å sikra dei mest rasfarlege riks- og fylkesvegstrekingane i Norge. Med dagens statlege finansieringstakt vil det ta oss minst 70 år å sikra dei farlegaste strekningene på riks- og fylkesvegnettet. Riks- og europavegane spelar ei avgjerande rolle for å knyta fylket vårt saman internt og med andre regionar. Dette er viktige næringsvegar, samtidig som dei er skule- og kvardagsvegane til befolkninga i Vestland fylke. Vestland Arbeidarparti forventar at staten prioriterer å byggja ut eit trygt, rassikkert, tenleg og effektivt overordna vegnett i fylket vårt. Å sikre dei farlegaste strekningane må prioriterast, og gjennomførast dei neste 12 åra.	Samferdselspolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Luster Arbeiderparti	198	Luster Arbeidarparti ber Vestland Arbeidarparti fortsetja den politiske innsatsen for opprustinga av FV55 i Luster. Første parsell for utbetring (Nes – Høyheimsvik) må få tildelt midlar snarast. Resten av strekkja til Skjolden må punktutbetrast ved dei verste flaskehalsane. Kampen for løyvingar til vidare opprusting inn til Skjolden må halda fram. FV 55 i Luster bør også vurderast ført tilbake til riksveg, på grunn av sin rolle som nasjonal turistveg og aust-vestsamband.	Fv.55 – god og sikker nok veg Fylkesveg 55 mellom Gaupne og til fylkesgrensa på Sognefjellet har eit skrikande behov for oppgradering. På første strekket mellom Nes og Høyheimsvik ventar ein kun på pengeløyving for å komme i gang med utbetringar. Men på resten av strekket frå Høyheimsvik til fylkesgrensa er det mange tronge parti som enkelt kunne vært punktutbetra for å sikra trafikkflyt og sikra framkomme for utrykkingskøyretøy, spesielt i turistsesongen Me i Luster Arbeidarparti meina at denne vegen ikkje har fått nok prioritet. For ein nasjonal turistveg med vinterstengd fjellovergang vil ikkje ÅDT spegla den faktiske trafikken me har i sommarmånadane, med opptil 2000 køyretøy pr. døger. Det har ved fleire høve siste åra vist seg at vegen har sege og rasa ut, noko som kanskje er å forventa når murane vegen ligg på nærmar seg 100 år. Den nasjonale turistvegen over Sognefjellet har vore ei flott satsing, i forhold til å sette området på kartet, tilby vakre rasteplassar og auka turismen til området vårt . Men når ein skapar auka trafikk på fylkesvegar som ikkje er bygde for dette, bør staten ta eit større ansvar for også auka vegstandard tilpassa trafikken på desse strekka.	Samferdselspolitikk	Oversendes fylkestinsgruppen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Arbeiderpartiet i Bergen	199	Kollektivpriser Forslag : - Arbeiderpartiet i Bergen mener at prisene på kollektivtrafikken må reduseres, og at særlig prisene på månedskortene må settes ned. - Arbeiderpartiet i Bergen mener prisen på enkeltbilletter i Bergen må reduseres for å gjøre det enklere for folk å ta bussen og Bybanen.	Det er mange hensyn å ta når en skal prise kollektivtilbudet. På denne ene siden skal man sikre nok inntekter til å kunne gi et forsvarlig og velfungerende kollektivtilbud og på den andre siden må man sikre at folk har råd til å benytte seg av tilbudet. Tilgjengelig forskning viser at pris kommer ganske langt ned på listen over avgjørende faktorer for om folk velger å reise kollektivt eller ikke. For veldig mange er det viktigere med god regularitet eller komfortable og forutsigbare reiser enn et billig tilbud. Samtidig vet vi at mange som før har hatt en helt ok privatøkonomi nå sliter økonomisk. Vi vet og at de største rabattene gis til dem som har råd til å kjøpe et årskort, et halvtårskort eller et månedskort. Mange av dem med dårligst økonomi har ikke anledning til dette, dermed blir prisingen av kollektivtrafikken usosial.	Samferdselspolitikk	Oversendes fylkestinsgruppen	
Arbeiderpartiet i Bergen	200	Sats på Entur Forslag: Gi Entur et større og bedre mandat. Entur er et statlig eid billettselskap som i sin tid ble skilt ut av NSB. Om vi først skal ha Entur, bør selskapet få et forbedret og utvidet mandat til å lage løsninger for tredjeparter, og kunne tvinge alle kollektivaktører til å bruke Entur, slik at prosjektet kan realiseres skikkelig.		Samferdselspolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Arbeiderpartiet i Bergen	201	Samle jernbanen! Forslag: Samlet jernbane: For å oppnå en best mulig jernbane er det nødvendig å samle den i en integrert modell, med utgangspunkt i modellen utarbeidet av Norsk Jernbaneforbund.		Samferdselspolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Årdal Arbeiderparti	202	Arbeiderpartiet skal sette av meir midlar til rassikring av fylkesvegane og legge ein forpliktande plan for å ta igjen det store vedlikehaldsetterslepet.	Vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegane er estimert av KS til 100 milliardar kroner. Vestlandsvegane har store utfordringar med ras og generell vegstandard. 9 av 10 ulykker skjer på fylkesvegane og me må få redusert ulykkene. Me må no ta eit krafttak for å ta att etterslepet.	Samferdselspolitikk	Oversendes fylkestinsgruppen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Sveio Arbeiderparti	203	E39 Ådland-Svegatjørn er eit avgjerande viktig prosjekt for vidare utvikling av Vestlandet. Ved neste rullering av NTP må prosjektet ut av utviklingsportefølgjen og inn som prioritert prosjekt i NTP.	rulleringa av Nasjonal transportplan (NTP) i 2024 vart E39 Ådland-Svegatjørn teke ut av planen og over i ein utviklingsportefølgje, med prosjekt som skal arbeidast vidare med og vurderast i samband med kommande rulleringar. E39 Ådland-Svegatjørn er eitt av dei mest samfunnsøkonomisk lønsame prosjekta i landet. M.a. fordi prosjektet gjev stor reisetidsreduksjon (reisetida Bergen-Stord vert redusert frå 2 t til 45 min), avløyser tre dyre ferjesamband og i stor grad er bompengefinansiert (16 mrd kr som ikkje kan nyttast andre stader). E39 Ådland-Svegatjørn er eit avgjerande viktig prosjekt for å knyta vestlandsregionen saman og leggja til rette for omstilling og framtidig verdiskaping i det som er Norges fremste eksportregion. Saman med Rogfast vil prosjektet redusera reisetida mellom Bergen og Stavanger, dei to nest største byregionane i landet, frå fem timar i dag til to timar. Slik vil om lag ein million menneske, og nokon av landets sterkaste kompetanse- og industriregionar, verta knytt saman i samanhengande bu- og arbeidsmarknader. Rogfast er påbegynt og skal stå ferdig i 2033/34. Det vil gje ei reisetid mellom Leirvik og Stavanger sentrum på 1 t 15 min, på ferjefri og døgnopen veg. Om ikkje E39 Ådland-Svegatjørn vert ferdigstilt om lag samstundes som Rogfast, vil det skapa store endringar i vestlandsregionen. Sunnhordland og Haugalandet vert knytt endå sterkare til Stavanger/Sandnes-regionen, som vil styrkast på kostnad av Bergen. Vestlandsregionen vert delt i to, noko som vil vera svært uheldig for den vidare utviklinga til regionen som heilskap.	Samferdselspolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	Styret viser til at dette prosjektet er ferdig regulert. Sees i oppmot forslag 161

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Øygarden Arbeiderparti	204	Sambandet Klokkekarvik - Hjeltestad Øygarden Arbeiderparti foreslår at det vert: - Innføre ei prioriteringsordning for fastbuande på Bjelkarøy og Lerøy - Oppretthalde sommaravgang (kveldsferja kl. 21.00 i helgene) gjennom heile året - Vurdert moglegheita for fleire avgangar for å betre kapasiteten	Ferjesambandet mellom Klokkekarvik og Hjeltestad er ein heilt nødvendig del av infrastrukturen for fastbuande på øyane Bjelkarøy og Lerøy. Det er også ei viktig transportåre for hytteeigarar, tilreisande og andre som ynskjer å komme seg til Bergenssida, i staden for å køyre via Straume. Folketalsveksten på øyane dei siste åra er særskild positiv for lokalsamfunnet, men utfordringane med kapasitet på ferja trugar denne utviklinga. Spesielt i arbeidstida opplever fastbuande store problem med å komme seg til jobb eller skule. Dette påverkar ikkje berre kvardagen til innbyggjarane, men også berekrafta og veksten til lokalsamfunna på øyane. For å sikre at fastbuande blir prioritert bør det vurderast at fastbuande får prioritert plass på ferja. Vidare er det viktig å oppretthalde sommaravgangane, inkludert kveldsferja kl. 21.00 i helgene, gjennom heile året. Denne avgangen er viktig for både fastbuande og hytteeigarar som er avhengige av fleksibilitet i helgene.	Samferdselspolitikk	Oversendes fylkestinsgruppen	
Austrheim Arbeiderparti	205	Staten må etablera gode insentivordningar for at transportsektoren både til lands og til sjøs skal sjå seg i stand til å velja miljøvenlege energiformer.		Samferdselspolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Kvam Arbeiderparti	206	Det bør takast initiativ til eit breitt skatteforlik i Stortinget, med utgangspunkt i Torvikutvalet sitt utgreiing «Et helhetlig skattesystem».	Både nivået og profilen til skattesystemet vårt skapar stor usemje mellom dei politiske partia. Særleg gjeld dette formuesskatten. Sterk politisk polarisering er uheldig i seg sjølv. Innanfor skattepolitikken er det spesielt skadeleg. I 2022 kom Torvik-utvalet med framlegg til «Et helhetlig skattesystem». Dette vart lagt i skuffa og vart ikkje emne for tverrpolitisk behandling. Det er svært uheldig for både folk og næringsliv at det er uro kring skattesystemet. Særleg uheldig er det at ein risikerer store omskifte ved skifte av regjeringsmakt. Skattenivået bør i så stor grad som råd vera føreseieleg. No ser me at dei borgarlege partia kappast om kor store kutt dei vil gjera i formuesskatten. Somme vil fjerna den heilt. Det er her verdt å ha i mente at det ikkje er noko land innanfor OECD-området som heilt har fjerna skatt både på formue, arv og eigedom. Viss Noreg gjer det, er det ei oppskrift på raskt veksande ulikskap, verre enn i noko anna vestleg land. Torvik-utvalet føreslo innføring av skatt på arv og innføring av statleg eigedomsskatt, men kutt i formuesskatten. Arbeidarpartiet bør sikra at rammevilkåra innanfor skatt er føreseielege og så stabile som mogleg, uavhengig av kven som styrer landet. Me bør difor igjen ta initiativ til eit breitt tverrpolitisk skatteforlik, slik partiet vårt gjorde på 90-taket,	Skatte og avgiftspolitik	Oversendes redaksjonskomiteen	
Masfjorden Arbeiderparti	207	Arbeidarpartiet vil auke skattefrådraget på personinntekta for åleinebuande. Dette for å reduserer aukande forskjellar mellom åleine- og fleirinntektshushald.	Betre skattepolitikk for åleinebuande: SSB sine tal for 2024 viser at det er 2,6 mill. husstandar i Noreg. Av desse er over 1 mill. (40%) åleinehushald, og talet er aukande. Skattepolitikken og samfunnet tradisjonelt, har i stor grad vore innretta for og favorisert hushald med 2 utarbeidande som deler på utgiftene til hus og heim. Ein konsekvens av dette er dessverre at forskjellane i samfunnet aukar mellom single og sambuande i hushald. Arbeidarpartiet ynskjer å redusere aukande forskjellar, og eit konkret og retta tiltak for å støtte opp om dette, er å betre singel-politikken. Eit auka frådrag på personskatteinntektene for åleinehushald kan bidra til dette.	Skatte og avgiftspolitik	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Sunnfjord Arbeiderparti	208	Tollfritak og avgifter på netthandel Tollfritak må fjernast og avgifter må innførast mot Temu, Shein, Wish med fleire. Vi må bremse importen frå desse og gjere det vanskelegare og dyrare for aktørar som Temu å selje farlege og råbillege varer til norske forbrukarar. Vi bør sjå til andre land som har tatt grep for å stanse import frå aktørar som Temu; mellom anna Frankrike, Sør-Afrika og USA.	I dag har Temu både tollfritak og straffefritak for produkta sine. Temu er blant selskapa som tollfritt kan sende varer til norske forbrukarar så lenge verdien er under 3000 kr. Det gir ein urettferdig fordel til Temu som norske butikkar ikkje har. Temu marknadsfører og sel produkt med kort levetid som raskt endar opp som avfall. Gong på gong er det påvist at Temu sel varer med ulovleg høge verdier av miljøgifter som er farleg for både menneske og natur. Kvar dag fraktar omlag 100 fly varer for Temu og Shein frå Kina til Europa og USA. I tillegg blir det frakta varer på lasteskip. Summen gir enorme klimagassutslepp; frå transport og frå produksjon. Temu driv hemmelegald om arbeidsforhold. Temu driv aggressive marknadsføring for å selje mest mogleg. Forbrukermyndigheter i EU klagar Temu for å marknadsføre varer med falske rabattar, salspress gjennom spelfunksjoner i appen og falske opplysningar om avgrensa forsyningar og kjøpsfristar. Dei blir også anklaga for manglande og villeiande informasjon om produkta og falske kundenmeldelsar. EU undersøker no om Temu bryt regelverket for netthandel: Digital Service Act regulerer misvisande netttinnhald og villeiande reklame. Noreg er forseinka med innføringa av denne forordninga for digitale tenester. Vi må finne løysingar for å redusere bruk -og kast-kulturen, fremje gjenbruk og styrke lokale arbeidsplassar.	Skatte og avgiftspolitik	Oversendes redaksjonskomiteen	
Tysnes Arbeiderparti	209	Det nye inntektssystemet for kommunane slår svært uheldig ut for ein del små kystkommunar i Vestland, blant anna Austevoll og Tysnes. Vestland arbeidarparti ønskjer ei snarleg evaluering av det nye inntektssystemet, og ei overgangsordning som sikrar ei forsvarleg omstilling for dei kommunane som blir ramma hardest av omlegginga.	Det nye inntektssystemet for kommunane som vart innført frå 1. januar 2025, må evaluerast for å sjå om innretninga tek høgde for små oppdrettskommunar sin spesielle skatteprofil. Med det nye inntektssystemet har ein rekkje kommunar langs heile kysten fått ei endring i skatteprofil, som gjev store utslag med inntektsbortfall over natta. Vestland arbeidarparti meiner at kommuneøkonomien må vere føreseieleg. Dersom omleggingar av dei statlege overføringane skapar store endringar, må det bli gitt tid og rom for kommunane til å gjere dei naudsynte omstillingane. Ein grundig evaluering av ordninga må setjast i verk snarast, for å sjå på om det har oppstått uønskete konsekvensar av det nye inntektssystemet.	Skatte og avgiftspolitik	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Vestland AUF	210	Unge må få bedre råd! Vestland Arbeiderparti vil: - Øke frikortgrensa til 130 000 kr - Gjøre lappen gratis for alle som fullfører yrkesfag - Innføre et nasjonalt ungdomskort på kollektivtransport - Innføre gratis idrettstilbud for alle unge - Øke stipendene på videregående skole - Innføre gratis pensumbøker på norske universiteter	I dyrtid er det alltid sosialdemokratiets jobb å ivareta vanlige folks personlige økonomi etter beste evne. Dyrtid rammer dem med minst aller hardest, og da er det vårt ansvar å sikre at fellesskapet hjelper til. Sosialdemokratiet tror på universelle velferdsløsninger og tiltak som gjør det lettere for unge å fullføre skolen, komme seg i jobb og gjør det lettere å velge grønt. Nå er tiden inne for å vise at det er sosialdemokratiet som er best egnet for å ta vare på lommeboka til folk flest. Å avlaste familiers økonomi handler ikke bare om å utvide velferden, men også om å gjøre konkrete grep som løfter unges økonomi, og avlaster foreldres økonomiske bekymringer.	Skatte og avgiftspolitik	Oversendes redaksjonskomiteen	
Voss Arbeiderparti	211	Innføring av besøksbidrag Vestland Arbeidarparti er positiv til at det vert opna for at kommunar kan innføra ei ordning med besøksbidrag som kan bidra til å finansiera fellesgode i kommunar med mykje turistar. Det er likevel viktig at ei slik ordning er treffsikker, og at ordninga er mest mogleg rettferdig. Eit besøksbidrag som einssidig er knytt til overnatting vil vera uheldig, og ikkje vera ei treffsikker ordning for å oppnå det ein ynskjer, nemleg at dei som belastar lokal infrastruktur skal bidra mest. Dette betyr at cruiseturistar og dagbesøkande bør inkludera i ordninga. Ved utforming av ordninga bør det dessutan vurderast om besøksbidraget skal differensierast etter sesong for å stimulere til oppbygging av heilårsturisme. Vestland Arbeidarparti vil også stø utprøving av dynamisk betaling av besøksbidrag i særleg utsette område, som UNESCO sine verdsarvkommunar.		Skatte og avgiftspolitik	Oversendes redaksjonskomiteen	
Arbeiderpartiet i Bergen	212	Skatt Forslag: - Gjenninnføre arveavgiften, med et økonomisk bærekraftig bunnfradrag, og se på muligheten for en gradvis innbetaling. - Øke skattefradraget for fagforeningskontingent ytterligere - Økt skatt på sekundærbolig med progressiv økning ut i fra hvor mange boliger man eier - Redusert skatt på fritidsbolig, men progressivt økt skatt hvis man eier flere fritidsboliger - Øke bunnfradraget i formueskatten.	Beskatning av inntekt og pensjon hensyntar fordeling og god ressursbruk på en rimelig måte, spesielt ved at lavere inntekter får en redusert beskatning. Likeledes er innføring av grunnrenteskatt innen fiskeoppdrett og kraftproduksjon gode tiltak. Det gjelder også avgifter på helse- og miljøskadelige aktiviteter. Utformingen av skattesystemet må utformes bedre. AIB mener at skatteutvalgets (NOU 2022: 20) bør følges opp til fordel for dem med lav inntekt. Arbeiderpartiet bør foreslå å redusere aksjerabatten, en økning av bunnfradraget og reduksjon i skattesatsen for formuer, samtidig som det vurderes en kompenserende gjeninnføring av arveavgift på større formuer. Formueskatten er en omfordelende skatt som bidrar til økonomisk omfordeling i landet. Faktum er at mesteparten av formueskatten betales av landets aller rikeste, personer med aksjeformuer i milliardklassen. Arbeiderpartiet ønsker å skjerme pensjonister med nedbetalte hus, eiere av små bedrifter og oppstartsselskaper ved å øke bunnfradraget.	Skatte og avgiftspolitik	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Arbeiderpartiet i Bergen	213	Skattefunnsordningen må strammes inn Forslag: Skattefunnsordningen må strammes inn og krav til forskning, og krav om involvering av forskningsinstitusjoner må stilles.	Dagens system åpner for ukritisk overføring av verdier fra det offentlige til private bedrifter. Ressurser som skulle gått til forskning blir brukt til interne utviklingsprosjekter i bedriftene, og i noen grad til ting som hverken kan regnes som forskning eller utvikling.	Skatte og avgiftspolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Stord Arbeiderparti	214	Det må innføres verknadsfulle tiltak for å dempe kostnads- og gebyrveksten innan vatn- og avlaupsområdet. I første omgang bør ein 1) fjerna heile meirverdiavgifta på VA-området, og 2) gje kommunane rentefrie lån til å gjennomføre investeringar som følgjer av statlege krav.	Utbygging og vedlikehald innan vatn- og avlaupsområdet vert finansiert ut frå sjølvkostprinsippet. Dvs. gjennom gebyr betalt av innbyggjarane i den einskilde kommune. Sjølv om det er gode argument for denne ordninga, har den også sine utfordringar. Investeringsbehovet framover innan vatn og avlaup er enormt både på grunn av stort vedlikehaldsetterslep og statlege (EU) krav om reinsing. I tillegg er kommunane sine føresetnader for å løysa desse oppgåvene svært ulike. Det betyr stor kostnadsvekst for kommunane og dermed innbyggjarane, og svært ulike kostnader mellom kommunane. Stord kommune er t.d. i dag den einaste kommunen i Sunnhordland som er pålagt sekundærreinsing av avløp. Topografiske forhold og busetting gjer også utbygging dyrt i vår kommune. Følgjeleg står innbyggjarane på Stord framfor ein gebyrauke på ca. 50 % dei kommande fire åra. Ein slik kostnadsvekst merkast av alle, men er mest krevjande for dei som har minst. Og den er særskilt krevjande i dyrtid som me opplever no. Det er såleis påkravd at staten stiller opp med ordningar som kan bidra til å få ned kostnadene. Vedteken reduksjon av MVA vil hjelpe, men er ikkje nok. MVA bør gjernast heilt og staten bør tilby rentefrie lån til investeringar som følgjer av statlege krav.	Skatte- og avgiftspolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Etne Arbeiderparti	215	Utvida rett til vidaregåande opplæring Framlegg til vedtak: Vaksne elevar over 19 år i Etne kommune må få same rettar som elevar mellom 16 – 19 år til å fullføre vidaregåande opplæring, dette må også gjelde for elevar som ønskjer å nytte retten til to sluttkompetansar, inkludert kjøp av skuleplass i Rogaland. Dersom fullføringsretten skal være reell og i samsvar med Opplæringslova, må Vestland fylkeskommune og Rogaland fylkeskommune samarbeide om kjøp av skuleplass også for desse elevgruppene.	Utvida rett til vidaregåande opplæring. Grunngjeving: Retten til vidaregåande opplæring vert utvida til oppnådd studie-eller yrkeskompetanse i ny lov vedteken 2023, og sett i verk frå 1.aug 2024. Dette er ei endring frå gammal lov, som gav rett til opplæring i 3 år. Retten er i den nye lova hjemla i § 5- 1. Retten for vidaregåande opplæring for vaksne står i ny lov § 18 – 3. Opplæringslova gir rett til to sluttkompetansar. I dag vel mange arbeidstakarar å ta fleire fagbrev, og nyttar denne retten. Vestland fylkeskommune kjøper ikkje skuleplass i Rogaland til denne gruppa søkjarar. Stortingsmeldinga Fullføringsreforma vart vedteke i 2021. Oppfølginga av fullføringsreforma skal bidra til at ungdom og vaksne vert kvalifisert til å møte krava i vidare utdanning og arbeidsliv, og at dei kan oppdatere sin kompetanse gjennom heile livet. Kvar 5. elev fullfører ikkje vidaregåande opplæring. Dette har mange årsaker, mellom anna vert det vurdert at vidaregåande opplæring i for liten grad er tilpassa den mangfaldige elevgruppa. Ei anna årsak er at vidaregåande opplæring ikkje er godt nok tilpassa vaksne. Det er sett i verk ei rekkje ulike tiltak gjennom fullføringsreforma. Ein svært viktig del av fullføringsreforma for elevar frå Etne kommune vil være kjøp av skuleplass i Rogaland, både med tanke på tilbod og reisetid. Vaksne personar, som anten ikkje har fullført	Skolepolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Vestland AUF	216	En mer praktisk skole - med mindre test og press! Sosialdemokratiet har ved siden av å gi alle arbeid hatt som sitt viktigste oppdrag å gi alle like muligheter i livet gjennom lik rett til utdanning. Over flere tiår har skolesystemet blitt utviklet mye til det bedre, men noe også til det verre. Nå skal vi utvikle fellesskolen videre og til det bedre. Vi skal skape en skole som ser hver enkelt elev og sørge for at alle uavhengig av bakgrunn, interesser og evner får være en del av et sterkt læringsfellesskap der alle møtes, lærer sammen og får muligheten til å lykkes. Arbeiderpartiets skolepolitikk og fellesskolens mål er først og fremst at alle elever skal ha muligheten til å lykkes. De siste årenes erfaringer, spesielt med avlysning av eksamener under pandemien og utfordringene knyttet til lærerstreiker, understreker behovet for å revurdere vår vurderingspraksis. Vi ser en unik mulighet til å forbedre måten kunnskaper evalueres på i skolen. Det tradisjonelle eksamenssystemet møter ikke lenger dagens utdanningsbehov og reflekterer ikke nødvendigvis elevens reelle kompetanse. Det er på tide å innføre mer rettferdige og effektive vurderingsformer. Selv om lav motivasjon og mestringsfølelse er et generelt		Skolepolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Øygarden Arbeiderparti	217	Fråfall mellom unge må motverkast Mange unge, og særskilt unge menn, slit med å fullføre utdanning og å få seg jobb. Øygarden Arbeiderparti foreslår difor at det må utarbeidast fleire alternative undervisningstiltak for unge som ikkje meistarar den meir tradisjonelle skulekvardagen. Tiltaka må verte ein integrert del av skuleverket. Dette vert sett i samanheng med det heilskaplege opplæringstilbodet. Det byrjar ofte i barnehagen!	Det er ei stor samfunnsutfordring at så mange unge fell ut av utdanningsløpa, og ikkje kjem seg inn i arbeidslivet. 16 prosent av alle mellom 20 og 29 år sto utanfor både arbeid og utdanning ved utgangen av 2023. Det utgjorde meir enn 110.000 personar. Det er mange grunnar til at ungdom slit i utdannings- og arbeidslivet, og mange tiltak trengs for at fleire skal lukkas. Eit viktig tiltak er å sikre at ikkje måten opplæringstilbodet er utforma på i seg sjølv bidreg til utanforskapet. Fleire alternative undervisningstiltak er her eit viktig tiltak, som sikrar at fleire vert fanga opp. Å identifisere kven som treng alternative undervisningstiltak og kor tid er ei viktig oppgåve i seg sjølv. Det vert ofte mislukka med hastige tiltak siste året på vidaregåande, eller andre for seint igongsetne handlingar. Barnehage- og skulesektoren må difor samarbeide tettare om denne utfordringa.	Skolepolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Ulvik Arbeiderparti	218	Fjerning av fråvær av elevar i ungdomsråd	Framlegg: Opplæringsforskrifta og/eller rundskrivet til kunnskapsdepartementet må endrast slik at det går klart fram at arbeid i ungdomsråd ikkje skal førast som fråvær – korkje i grunnskulen eller i vidaregåande skule. Grunn: Ungdomsråda er ein svært viktig politisk arena. I dag er det ulik praksis rundt om i landet kor vidt arbeid i ungdomsråd vert ført som fråvær. Dette er ikkje akseptabelt. Vert slikt arbeid ført som fråvær, vil det kunne gå ut over rekrutteringa til ungdomsråda. Dette svekkar lokaldemokratiet, og kan føra til lågare politisk engasjement i den aktuelle aldersgruppa.	Skolepolitikk	Avvises, viser til at dette er vedtatt	
Austevoll Arbeiderparti	219	Opprette ei forskrift om reisetid for elevar i vidaregåande skule	Det må lagast ei sentral forskrift om kva maksimal reisetid samanlagt til og frå vidaregåande opplæring, som vert rekna som forsvarleg, før fylkeskommunen pliktar å hjelpe til med losji. Standar på losji må presiserast, og kostanden må ikkje overskride bortebuarstipendet. Visar til opplæringslova §7 -2 siste ledd: "fylkeskommunen skal hjelpe til med å skaffe losji for elevar i vidaregåande skule som bur slik til eller som har så lang veg at dei ikkje kan nytte dagleg skyss til skulen. Om nødvendig skal fylkeskommunen bygge elevheim."	Skolepolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	

Kommuneparti:	Forslags nr.	Forslag:	Grunngjeving:	Politikk område	Forslag til behandling	Andre kommentarer
Askøy Arbeiderparti	220	Vestland Arbeiderparti vil: - Innføre et felles regelverk for mobilfri skole på alle grunnskoler og videregående skoler i Norge. Regelverket må basere seg på innspill fra elever og ansatte i skolen.	Mobilfrie skoler Etter anbefalinger fra statlige myndigheter, innfører stadig flere skoler mobilforbud. Tall fra regjeringen viser at 96% av alle grunnskoler i Norge har innført restriksjoner på mobiltelefon i skolen. Vi ser flere eksempler på at skoler som fjerner mobiltelefonen har lavere mobbing og et generelt bedre skolemiljø. I dag er det opp til den enkelte skole om hvordan disse restriksjonene skal se ut. Dette gjør at det er store variasjoner fra skole til skole, noe som kan være uheldig. Vestland Arbeiderparti mener at det er tydelig at mobilfrie skoler har hatt en positiv effekt. Vestland Arbeiderparti mener derfor at det bør etableres et felles regelverk som gjelder for alle grunnskoler og videregående skoler.	Skolepolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Askøy Arbeiderparti	221	Vestland Arbeiderparti vil: - Øke stipendene til elever i videregående opplæring, slik at de dekker de faktiske kostnadene	Øke grunnstipendet Arbeiderpartiet har alltid vært en pådriver for at alle barn skal ha de samme mulighetene i skolen, uavhengig av økonomisk bakgrunn. Dessverre ser vi at de ulike stipendene som utbetales til elever på videregående, ikke dekker alt av utgifter til undervisningen, slik intensjonen er. Vestland Arbeiderparti mener derfor at stipendene må økes slik at de dekker de faktiske kostnadene for de ulike studielinjene.	Skolepolitikk	Oversendes redaksjonskomiteen	
Askøy Arbeiderparti	222	Vestland Arbeiderparti vil: - Innføre et fritidskort som sikrer alle barn tilgang på fritidsaktiviteter, uavhengig av størrelsen på foreldrenes lommebøker.	Fritidskort Over 100 000 barn vokser opp i fattigdom i Norge i dag. Dette er barn som ikke har mulighet til å delta på fritidsaktiviteter på grunn av foreldrenes økonomi. om andre barn, på grunn av foreldrenes økonomi. Vi i Arbeiderpartiet bygger vår politikk på at alle skal ha de samme mulighetene. Vestland Arbeiderparti mener derfor at man må innføre et fritidskort som sikrer alle barn lik tilgang på fritidsaktiviteter.	Skolepolitikk	Avvises, dette strider mot vedtatt politikk nasjonalt.	